

Årsmelding 2024

Ulstein kommune



Utsikt frå turområdet ved Osberget ned mot Ulstein verft.

Foto: Janne Marit Myklebust

Innleiing ved kommunedirektøren

Ulstein kommune har over tid hatt ei sterk utvikling. Mykje er oppnådd, og det er mykje vi med rette kan vere stolte av. Gjennom eit samla fellesskap har vi realisert viktige investeringar, inngått verdfulle partnerskap og løfta kommunen som heilskap. Ved fleire høve har vi gått føre med pilotprosjekt og innovasjon som har ført til nye løysingar – ikkje berre til nytte for oss sjølve, men òg for andre.

Dette hadde ikkje vore mogleg utan samspel. Gjennom samarbeid med næringsliv, frivillige, andre kommunar, og lag og organisasjonar har vi bygd ein kommune med sterk attraktivitet og robust identitet.

Det er summen av alt – innsatsen frå enkeltmenneske, fellesskapsånd og vilje til å satse – som gjer oss sterke og i stand til å forme eit godt og velfungerande lokalsamfunn.

Vi har eit solid fundament for vidare vekst, men dette er ferskvare som vi må arbeide med kvar einaste dag for å sikre at våre felles verdiar og innsatsfaktorar vert nytta på best mogleg måte. Det betyr at vi må vere ærlege om utfordringane vi står i – og handle deretter.

Vi, som mange andre kommunar, har økonomiske utfordringar. Rekneskapen for 2024 viser eit meirforbruk som gjer at vi må redusere ytterlegare driftsfondet – våre oppsparte midlar – for å balansere rekneskapen. Dette kan ikkje fortsette. Driftsfondet er ved utgangen av 2024 på 14,7 millionar kroner.

Fondet er i 2024 redusert med 24,8 millionar kroner. Av dette er omlag 3,0 millionar knytt til mellombels finansiering på sjølvkostområda vatn, avløp og feiing – midlar som vil bli tilbakeført over tid gjennom gebyrinntekter. Vidare har vi dekt underskot i eigedomsselskapet og gitt tilskot til ny sportshall. Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit negativt netto driftsresultat på 24,7 millionar kroner, 17,9 millionar kroner dårlegare enn revidert budsjett.

Utviklinga viser klart at vi må prioritere og omstille oss endå kraftigare framover for å sikre ein berekraftig kommuneøkonomi, berekraftige tenester med god kvalitet og ikkje minst robuste tenester som står seg inn i framtida.

Økonomiske føresetnader er i endring

I førre årsrapport peikte vi på at Møre og Romsdal var eit fylke der kommunane i snitt hadde låg inntekt og høg gjeld. Bildet er ikkje annleis i 2024, og for Ulstein er situasjonen forverra. Vi er på eit kritisk nivå på disposisjonsfondet vårt.

Vi må ta innover oss som kommune at våre økonomiske føresetnader er endra. På same måte som mange heimar merkar det på lommeboka, gjer også kommunen det. I fleire år har vi måtte bruke av sparekontoen for å finansiere ambisjonsnivået, dei faste driftskostnadene våre og auka renter og avdrag. I fleire år har dei faktiske utgiftene i årsrekneskapen vist seg å vere høgare enn det budsjettet kommunestyret vedtok for same år. Ein pengebruk der utgiftene er høgare enn inntektene, er ikkje forsvarleg over tid. Dette viser seg for 2024-rekneskapen.

I 2024 fekk vi også inntektssvikt då skatteinntektene vart vesentleg lågare enn budsjettet. Same år vart også inntektssystemet for kommunane endra, noko som vil gi oss endra rammer. Det var derfor positivt

at regjeringa kom med nysaldering av budsjettet med «friske midlar» som reduserte meirforbruket vårt i 2024 og det var gledeleg at ein fylgde opp og auka overføringane med varige endringar frå 2025 tilsvarande.

Forventningar til oss som kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal la i sitt forventningsbrev for 2024 vekt på at kommunane må forstå den tida vi lever i, og møte utfordringane med klokskap, ansvar og langsiktig perspektiv. Verda er i endring, med krig i Europa, klima- og naturkrise, økonomisk usikkerheit og ei demografisk utvikling som utfordrar det kommunale handlingsrommet. I denne konteksten er det stilt høge forventningar til både politisk og administrativ leiing i kommunane. Vi må i fellesskap ha ei klar forståing av korleis globale og nasjonale kriser påverkar vårt lokale samfunnsoppdrag.

Forventningane handlar ikkje berre om etterleving av lover og pålegg, men om å vere ein aktiv partnar i samfunnsutviklinga. Statsforvaltaren peikar på at berekraft må liggje til grunn for all kommunal verksemd og planlegging, og at vi som kommune er medvitne vår rolle til å underbyggje FN sine berekraftsmål.

Å sikre heilskapleg og langsiktig planlegging gjennom plansystemet, og klar kopling til økonomiplanen og handlingsdelen er viktig for å gå frå ord til handling. Med den store kompleksiteten og ressursknappheita som gjer seg gjeldande kan dette vere krevjande.

Arbeidsgivarpolitikk for framtida

Vi er kjend med at kommunesektoren vil få knappheit på kompetanse og arbeidskraft i åra framover. Aldringa i befolkninga, særleg det aukande talet på eldre over 80 år, vil i åra som kjem gi eit stort press på helse- og omsorgstenestene, samstundes som det blir færre i yrkesaktiv alder. Desse trekka utfordrar berekrafta i tenestene og krev nytenking. Det er ikkje mogleg å rekruttere seg ut av utfordringane – det må skje ei omfattande fornying i måten oppgåvene vert løyste på.

Vår arbeidsgivarorganisasjon, KS, legg vekt på at framtidas tenestetilbod må byggjast på ein nyskapande arbeidsgivarpolitikk. Det inneber at kommunane må arbeide målretta for å auke heiltidsandelen, redusere sjukefråværet, bruke teknologi meir systematisk, gi fleire moglegheit til å kome i arbeid og legge til rette for at fleire står lenger i jobb. Samtidig må vi finne nye måtar å organisere arbeidet på og fordele oppgåver meir fleksibelt mellom yrkesgrupper. Arbeidsgivarpolitikken må seest i samheng med folkehelse, utdanning, bustadutvikling og frivillig innsats – og inngå som ein integrert del av den kommunale planlegginga.

For at Ulstein skal vere ein attraktiv arbeidsgivar i ein stram arbeidsmarknad, må kommunen tilby meir enn konkurransedyktig løn. Det er kjent at faktorar som fagmiljø, god leiing, utviklingsmoglegheiter og meningsfulle oppgåver er viktige for å rekruttere og halde på dyktige medarbeidarar. Det krev at kommunane tek eigarskap til arbeidsgivarrolla og utviklar ein tydeleg og strategisk arbeidsgivarpolitikk, forankra politisk, operasjonalisert i heile organisasjonen og der vi ser moglegheiter i organisering av tenestene våre.

Vi må ha som eit felles mål å sikre kapasitet og kompetanse til å levere gode, likeverdige og berekraftige tenester til innbyggjarane med dei økonomiske musklane vi har.

Effektive – men vi må omstille oss

Kommunestyret har bestilt eit breitt og samanhengande arbeid som skal bidra til betre økonomisk styring og sikre ei berekraftig utvikling.

I dette ligg det å sikre eit meir treffsikkert og påliteleg styringsgrunnlag for budsjettet, slik at politiske prioriteringar og økonomiske rammer vert betre samordna. Vi skal vurdere ulike alternativ for å styrke kommuneøkonomien, både gjennom auka inntekter, reduserte kostnader, justeringar i tenestenivå og organisatoriske tilpassingar. I tillegg kjem strategiske vurderingar på kommunen sitt gjeldsnivå, styringsindikatorar og mogleg bruk av eigedomsskatt som ei inntektskjelde.

Vi søker stadig som organisasjon etter nye og meir effektive måtar å arbeide på. Forenklingar, fjerning av unødvendige prosessar og målretta kostnadsreduksjonar som gir positiv effekt både økonomisk og organisatorisk har og må ha fokus. Våre tilsette har vist stor evne til å arbeide smart og tilpasse seg endringar. Dette er ein kompetanse vi skal vidareutvikle og byggje vidare på.

SMART-prosjektet frå 2023 og det heilskaplege fokuset på tiltak som bidreg til ein betre balanse har vorte jobba mykje med, og arbeidet fyl med oss inn i 2025. Gjennom prosjektet er det signalisert at det er naudsynt å vurdere kritisk alle tenester og tenestenivået vårt og ha aktiv tilnærming til justering og omfordeling av ressursar i organisasjonen.

Omstillingsprosjektet i oppvekst og kultur der vi vurderer framtidig ressursbruk, struktur og kapasitet i barnehagar og skular i Ulstein kommune, vil vere ein viktig faktor når vi ser på totaliteten i omstillingsarbeidet og om prosjektet vil lukkast.

Vidare arbeider vi med fleire tiltak med ulike tidsperspektiv som krev koordinering, leiing og langsiktig oppfølging for å sikre berekraftig drift og utvikling.

Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) vart lagt ned og innlemma som ordinær avdeling under kommunedirektøren med verknad frå 1. januar 2025.

Ulstein kommune har over tid vist evne til å levere effektive tenester. Med ein produktivitetsindeks i helse og omsorg på 1,39 (2023) leverer vi om lag 20 prosent fleire tenester enn landssnittet – med lågare ressursbruk. Med dette som bakteppe kan vi vel hevde at strategien og målsetjinga med 300-metersbyen har gitt oss ein klar “konkurransfordel”. Etablering av 20 nye omsorgsbustader og nytt kontorareal til heimetenestene og tenestene for rus og psykiatri, som vert klar for innflytting i 2026, sikrar ei styrking av “konkurransfordelen” og “masterplanen” med 300-metersbyen. Ein fordel som ikkje må skuslast bort.

Trass i effektiv drift innan dette store og viktige ansvarsområdet viser utviklinga og prognoser at vi må omstille oss for å møte behova framover her også. Ei av dei mest tydelege endringane er knytt til demografi og vekst i tenestebhov for yngre mottakarar. Frå å ha stabil og kontrollerbar vekst vert vi no klart utfordra framover.

Veksten har allereie starta – vi er ikkje på veg inn i ei endring, vi står midt i ho.

Dette betyr vi får auka tenestebhov og større krav til ressursbruk innan ansvarsområdet. Dette betyr igjen at behov for auka ressursar her medfører at vi må omfordele, prioritere, planleggje og utvikle tenestene våre i heilskap med berekraft som overordna mål.

Strategien med omstilling ligg fast og er vidareført i økonomiplan for 2025–2028 med ein klar profil på å styrke helse- og omsorgssektoren.

Solid grunn – og blikket framover

Året som har gått viser at vi sjølv med krevjande farvatn står støtt – saman. Mykje er oppnådd, og som omtalt er det mykje vi med rette kan vere stolte av. Godt samarbeid, høg fagleg innsats og vårt felles ønske om eit levande og velfungerande lokalsamfunn er eit viktig målbilde for oss alle.

Samtidig veit vi at fundamentet vårt ikkje er statisk – det må fornyast og forvaltaast kvar einaste dag. Skal vi lukkast vidare, må vi halde fram med å bruke ressursane klokt, samarbeide tett, og vere ærlege om utfordringane vi står i. Vi må tørre å stille spørsmål, tenkje nytt og handle når det trengst.

Gjennom openheit, tillit og vilje til utvikling og omstilling legg vi grunnlaget for eit lokalsamfunn der både folk og verksemder kan vekse – og der fellesskapet framleis er vår største styrke.

Ordføraren har ordet

Det er trange tider for kommuneøkonomien – har du høyrte det før? Eg har reflektert mykje over dette det siste året. For sanninga er at Ulstein har vore i omstilling heilt sidan 2000-talet. Og vi har gjort eit godt stykke arbeid, men har vi forstått alvoret? I 2024 tappa vi fondet med 24 millionar kroner. Vi har 15 millionar kroner igjen i sparegrisen. Dette strekk ikkje til eit nytt driftsår om vi held fram i same tempo. Vi må lykkast med omstillinga vi har vedtatt gjennomført. Vi må halde fram den breie forståinga for at no er det alvor, men eg er ikkje fornøgd med omstilling før vi også kan hauste forbetring i arbeidet.

Vi haustar fruktene av langsiktige val

Eit godt døme på ei vellykka og målretta utvikling er det vi kallar 300-metersbyen. Sjølv har eg, med glimt i auget, lagt ned veto om å kalle det 400-metersbyen med hekk i svingane. Men la oss ikkje undervurdere effekten av strategien vi har halde fast ved – politisk og administrativt – sidan 90-talet.

For tenk over det: Sentrum har ikkje berre blitt ein stad vi oppsøker for handel, sosiale møtepunkt og trivsel – det har også blitt ein omsorgsbustad eller eit omsorgshjarte om du vil, av dei sjeldne, og som mange andre kommunar misunner Ulstein for. Dette er ikkje tilfeldig. Ulstein haustar no fruktene av langsiktige val og gjennomtenkte planar. I dag er vi blant dei aller mest kostnadseffektive kommunane i landet innan helse og omsorg, trass budsjettoverskridingar. Det er ikkje fordi vi gjer mindre, men fordi vi har strukturert oss godt og tenkt langsiktig i godt samarbeid med private og kommunale behov.

Vi snakkar ofte om "snittet", men kva betyr det egentleg? Og kven blir vi samanlikna med? Kommunar med 600 eller 60 000 innbyggjarar? Med 14 eller 1 000 kvadratkilometer? Det gir eit uklart bilde. Sanninga er at ingen kommunar er heilt like. Likevel er Ulstein blant dei mest effektive kommunane i landet innan helse og omsorg. Det skuldast ikkje flaks. Det skuldast gode planar og felles mål, politisk mot og evne til å satse, særleg på heimebaserte tenester. Vi har valt å bruke meir enn snittet på dei lågaste trinna i omsorgsstigen – og det har gjort at vi kan bruke mindre enn snittet på dei dyraste tiltaka. Dette er villa politikk, og det tener oss bra.

Grunna dette har vi hatt rom til å bruke meir på oppvekst enn det inntektene våre strengt tatt skulle tilseie. Vi har prioritert det breie og trygge samtidig som vi har investert i framtida. Det gjer at Ulstein i dag er ein god stad å bu, arbeide og – ikkje minst – vekse opp i.

Vi skal ikkje vere redde for å vere små – vi skal eige det

Når vi ser tilbake på 2024 ser vi også at det er tid for å sette nye mål. Kvar skal Ulstein vere i 2050? Korleis skal vi stå imot straumen, utvikle oss vidare som ein robust kommune – som tenkjer smart, brukar pengane godt og vinn tilbake investeringane gjennom god drift?

Eg meiner vi må tørre å tenke nytt. Vi må løfte blikket og sjå heile bildet, ikkje berre delane kvar for seg. Vi må vere ein kommune som ikkje berre leverer godt innan helse og omsorg, men i alle sektorar. Vi skal ikkje vere for redde for å vere små – vi skal eige det. Vi skal bruke smådriftsfordelane til å sikre framtida for både dei eldre og dei unge.

Og vi må vinne tilbake ungdomane våre. Ulstein og regionen vår er unik. Ja, vi har vakker natur, men det har mange. Ja, vi har spennande arbeidsplassar, men det har andre også. Det som gjer Søre Sunnmøre spesielt er nærleiken. Mellom opplevingar, mellom folk, mellom heim og arbeid. Kommunane her utfyller kvarandre. Difor må vi tore å samarbeide meir. Vi må legge ned spørsmålet om plasseringar og heller spørje: Kva gir best tenester, tryggleik og opplevingar for innbyggjarane våre?

Gjennom samarbeid og framsnacking blir vi meir attraktive både for oss sjølve og for dei utanfrå. Det er heilt avgjerande at Søre Sunnmøre blir opplevd som ein attraktiv region, for det er då vi klarer å levere best mogleg tenester og tiltrekke oss sårt trengt arbeidskapasitet.

Vi skal heie på kvarandre

Innan skule må vi vere modige. Vi må seie at Ulsteinskulen skal vere blant dei beste i landet. Vi må utvikle skulen vidare – ikkje berre som ein plass for læring, men som ein arena for meistring i ei verd som endrar seg raskt, og som stadig blir opplevd som meir utrygg. Vi må ruste ungane våre for framtida – og det krev at vi tenkjer nytt, modig og langsiktig.

Når det gjeld samarbeid med nabokommunane må vi ha same ønske. Vi treng robuste fagmiljø, høg kvalitet, og vi må vere mindre sårbare. Min draum er ein reell diskusjon om ei framtidig kommunesamanslåing. Men fram til det skjer skal vi heie på kvarandre. Vi skal vere stolte når det går godt i nabokommunane våre, for då går det også godt i vår kommune. Vi skal applaudere kvar innbyggjar som vel å busette seg her ute på vakre Søre Sunnmøre.

Vi har som politisk miljø lært mykje av 2024. Vi har lagt fram eit stramt budsjett for 2025 – fordi det er heilt nødvendig. Det skal sikre berekraftig drift og gi oss rom til å utvikle kommunen og regionen vidare i tida som kjem.

For det handlar ikkje berre om å overleve – det handlar om å leve godt. Og det handlar om å ha visjonar for det som kjem.

Stian Skorgen Scheide
ordførar

Overblikk


1. Organisasjonskart

Lenke: [Digitalt organisasjonskart](#)

Organisasjonskart 2024

(NB: Høddvoll barnehage er lagt til i dette organisasjonskartet, men vart først kommunal 1. januar 2025)

Årsmelding 2024



[Lenke til digitalt organisasjonskart](#)

Arbeidsmiljøpris til samansveisa gjeng

Blidare gjeng enn dei tilsette i Petterbakken 4 skal du leite lenge etter.



Tilsette frå Petterbakken 4 på scena under personalfesten for å ta imot arbeidsmiljøprisen. Frå venstre: Margaret Nygjerde, Helene Slåttelid, Kongit Haile, Ruth Nilsen, Cecilie Notanes Brandal, Angelika Bohinen og Evy-Hanne Pettersen Sandvik. Foto: Janne-Marit Myklebust

Dei tilsette i bufellesskapet Petterbakken stakk av med den gjeve arbeidsmiljøprisen for 2024 i Ulstein kommune, då det vart halde personalfest 7. februar.

– Veldig kjekt! seier ein svært nøgd leiar, Evy-Hanne Pettersen Sandvik.

Prisen er på 10 000 kroner og vert gitt til tilsette som tek vare på kvarandre og brukarane.

Andre ting som vert vektlagt:

- Trygt og godt arbeidsmiljø med humor og samarbeid
- Lågt sjukefråvær, godt HMS-arbeid med gode resultat
- Trivsel og god tilrettelegging



Petterbakken 4: Bak frå venstre: Angelika Bohinen, Cecilie Notanes Brandal, Evy-Hanne Pettersen Sandvik (med blomster), Helene Slåttelid, Margaret Nygjerde (med diplom), Kongit Haile og Ruth Nilsen. Foto: privat

Omsorg for kvarandre

I nominasjonsteksta står mellom anna:

– I Petterbakken 4 er vi flinke til å sjå kvarandre, og ta vare på kvarandre og dei som bur her. Vi har støtte og omtanke for kvarandre, hjelper kvarandre og har godt samarbeid. Vi har eit trygt og godt arbeidsmiljø og god humor!

Arbeidet vert også lagt merke til av dei pårørande. Dei tilsette har fått statuett og ros for arbeidet dei gjer.

– Vi har gode hjelpemiddel i jobben og opplever lite skade. Vi er ei lita eining, og vi bryr oss om kvarandre og brukarane. Vi har lite sjukefråvær og legg til rette for opplevingar for dei som bur her. Pensjonistane vil ikkje gi seg!

Alle nominerte:

- Teknisk etat – uteseksjonen
- Ulstein ungdomsskule
- Petterbakken 4
- Trivselsgruppa på rådhuset
- Personalet ved Hasund skule
- Ulstein skule
- Holsekerdalen 20
- Haddal skule
- Sundgotmarka barnehage

Lars Rune vart sett pris på – dobbelt opp!

Årets nyskapar 2024 vart overraska på jobb med diplom, kake, konfetti og jubel! I tillegg fekk han utmerkinga Årets miljøskapar 2024.



Lars Rune Skeide vart overraska med diplom, blomster og konfetti på jobb av ordførar Stian Skorgen Scheide. Foto: Janne-Marit Myklebust

Årets nyskapar i Ulstein kommune 2024 er Lars Rune Skeide.

Han tek også med seg tittelen Årets miljøskapar inn i 2025 - ein pris han fekk under Ulstein kommune sin personalfest på Sjøborg fredag 7. februar.

Skeide jobbar som hjelpemiddelteknikar og ambulerande servicemedarbeidar i helse og omsorg, og vert skildra som ein løysingsorientert ja-mann av kollegaene sine.

I grunngevinga for prisane står det:

Lars Rune finn stadig nye løysingar på utfordringane han møter. Han er fleksibel og ikkje redd for å prøve noko nytt eller å gi litt ekstra. Han er der når nokon treng han. Dette forenkler livet til både brukarar og tilsette.

Kollegaene som nominerte Skeide seier også at han strekker seg lenger enn det dei kan forvente, og at han er rask med å reparere og fikse hjelpemiddel som gjer kvardagen enklare for både tilsette og brukarar.

Prisen for Årets nyskapar er 2 000 kroner og eit valfritt kurs. Det same for Årets miljøskapar.



Lars Rune Skeide på scena saman med konferansier og songar Maria Holand Tøsse under personalfesten til Ulstein kommune, 7. februar. Foto: Janne-Marit Myklebust

Kriteria

Kvart år deler Ulstein kommune ut pris til årets nyskapar og årets nyskaping. Det er dei tilsette i kommunen som kan nominere kollegaene sine, etter visse vilkår:

Følgjande kriteria ligg til grunn for nominasjon og utveljing (eit eller fleire):

- det skal vere noko som har blitt realisert eller prøvd realisert i nominasjonsåret
- det skal vere noko som opplevast som nytt
- det skal vere nyttig for brukarar, innbyggjarar og/eller tilsette
- det er med på å styrke berekrafta
- det skal gjerne redusere kostnader og frigjere kapasitet
- prosjekt som har hatt fokus på brukarbehov
- prosjekt som har fått til samskaping i praksis

Det er formannskapet som innovasjonsnemnd som kårer vinnaren.

Sorggrupper for barn er Årets nyskaping

– Arbeidet helsestasjonen gjer er viktig, og eitt av mange gode tiltak for å sikre god psykisk helse hos barn og unge.



Prisvinnarane på scena under personalfesten til Ulstein kommune, 7. februar. leiar for helsestasjonen, Kristin Meli til venstre saman med helsesjukepleiar Mari Haugen Lunde. Ordførar Stian Skorgen Scheide til høgre, saman med Bennie Bantilan Hansen frå formannskapet. Dei to delte ut prisen. Foto: Janne-Marit Myklebust

Helsesjukepleiar Mari Haugen Lunde tok imot prisen. Ho er ei av helsesjukepleiarane som står bak initiativet om sorggrupper for barn og unge.

– Eg er kjempeglad, fortel ho nøgd, etter å ha tatt imot prisen.

Årets nyskaping får 10 000 kroner.

– Fantastisk, stemmer leiande helsesjukepleiar Kristin Meli i. Ho var sjølv toppfinalist i kategorien Årets nyskapar – der Lars Rune Skeide trekte det lengste strået denne gongen.

– Men eg er altså så strålende nøgd, seier Kristin, som er stolt over arbeidet dei tilsette har gjort for å få sorggruppene i sving.

For alle på søre

Dette er eit interkommunalt tilbod for alle kommunene på Søre Sunnmøre, initiert av Ulstein helsestasjon. Helsestasjonen starta opp med tilbodet etter at Ålesund la ned sorggrupper for barn som har mista foreldre eller søsken. Alle fagpersonar i justjerna har delteke på kurs i regi av Statens senter for krisepsykologi. Prest og psykologar er med som rettleiarar for kurshaldarane.

Det er formannskapet som innovasjonsnemnd som kårar vinnaren. Dei var samrøystes i vedtaket om å gi prisen til arbeidet med sorggruppene.

– **Sorggrupper for barn** er eitt av mange gode tiltak for å sikre god psykisk helse hos barn og unge. Sorg kan sette seg fysisk i kroppen og skape store utfordringar seinare i livet med ubehandla traume. Arbeidet helsestasjonen gjer er viktig, uttalar dei i grunngjevinga.

Innstilling til vedtak

Kommunedirektøren si tilråding

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2024 slik den ligg føre.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner rekneskapen for 2024 med eit negativt netto driftsresultat på 24 668 668 i kommunekassa og eit negativt netto driftsresultat på 26 599 771,- i den konsoliderte årsrekneskapen.

Personal og organisasjon

Våre tilsette

Ved utgangen av året er det registrert 774 tilsette fordelt på 637,38 årsverk.

Tabellane under er henta frå Visma. Som i andre norske kommunar er det stor overvekt av kvinner i vår bransje. Aldersfordelinga er godt balansert.

År		2022	2022	2023	
Org.enhet Gruppe1		Antall Årsverk	Antall Ansatte	Antall Årsverk	An
10000	Kommunedirektør	1,50	2	1,50	
11000	Org og utv	21,82	24	25,70	
20000	Oppvekst	277,90	318	310,88	
30000	Omsorg	249,09	313	265,89	
50000	Teknisk	24,28	53	23,53	
60000	Politisk	1,20	2	2,20	

Aldersgruppering 10 år	År	2023	2023	2024
	Kjønn	Antall Ansatte	Prosent	Antall Ansatte
<25 år	<u>Kvinner</u>	52	6,74%	50
	<u>Menn</u>	18	2,33%	11
	Total	70	9,08%	61
25-34 år	<u>Kvinner</u>	127	16,47%	129
	<u>Menn</u>	28	3,63%	29
	Total	155	20,10%	158
35-44 år	<u>Kvinner</u>	143	18,55%	150
	<u>Menn</u>	50	6,49%	48
	Total	193	25,03%	198
45-54 år	<u>Kvinner</u>	149	19,33%	146
	<u>Menn</u>	37	4,80%	37
	Total	186	24,12%	183
55-64 år	<u>Kvinner</u>	112	14,53%	116
	<u>Menn</u>	32	4,15%	35
	Total	144	18,68%	151
>64 år	<u>Kvinner</u>	21	2,72%	22
	<u>Menn</u>	2	0,26%	1
	Total	23	2,98%	23
Total		771	100,00%	774

Sjukefråvær (manuell)

Samla sjukefråvær i Ulstein kommune i 2024 var 8,58 prosent. Dette er fordelt på 1,45 prosent eigenmelding og 7,14 prosent legemeldt sjukefråvær. Under viser vi utviklinga av samla sjukefråvær over år. I siste tabell, viser vi utviklinga av sjukefråværet gjennom året dei to siste åra.

Sjukefråvær vert også rapportert under kvar eining i årsrapporten.



Lærlingar

Vi organiserer og administrerer ordninga med lærlingar gjennom felles opplæringskontor. Dette opplever vi som ei god og tenleg ordning. Generelt kan vi seie at det krev større innsats enn tidlegare både å rekruttere lærlingar og å følge opp lærlingane fram til ferdig fagbrev. Det vert jobba aktivt for å få fleire til å nytte ordninga med å ta fagbrev gjennom jobb. Ulstein kommune har ikkje fått så mange lærlingar innan helsefag og institusjons-kokk som vi har plass til og behov for i denne perioden.

I januar 2024 hadde vi totalt 14 lærlingar i Ulstein kommune. Gjennom året har i alt 21 lærlingar vore innom Ulstein kommune i kortare eller lengre periodar. I løpet av 2024 har vi hatt opptak av fire nye lærlingar (ein fagbrev på jobb).

Fem av våre lærlingar gjennomførte fagprøva i 2024.

Lærlingar per 31. desember 2024

- Totalt: 8
- Helsearbeidarfaget: 4 (2 fagbrev på jobb)
- Barne- og ungdomsarbeidarfaget: 4

Tillitsvalde og verneombod

Hovudtillitsvalde hadde i 2024 til saman 195 prosents frikjøp fordelt på desse organisasjonane; Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Delta og Norsk sjukepleiarforbund. Dei aller fleste av våre tilsette er fagorganisert. I 2024 forhandla vi med 15 ulike fagorganisasjonar i lokale lønnsforhandlingar.

Det vart arrangert samling for alle verneomboda i kommunen. Tema var fysisk arbeidsmiljø, avvikssystem og rolla som verneombod. Hovudverneombodet har 40 prosents frikjøp for å skjøtte dette vervet.

Samhandling mellom leiinga, tillitsvalde og verneombod skjer både gjennom faste møte og formell eller uformell dialog ved behov. Ulstein kommune har dyktige og engasjerte tillitsvalde og verneombod som både kan støtte og utfordre arbeidsgivar. I tillegg til faste samhandlingsmøte og drøftingsmøte, deltek hovudtillitsvalde frå dei største organisasjonane på leiarsamlingane internt.

Likestilling

Kjønnsfordeling

I kommunedirektøren si leiargruppe er kjønnsfordelinga slik: tre menn og fire kvinner.

I gruppa leiarar med økonomi- og personalansvar er kjønnsfordelinga slik: åtte menn og 21 kvinner

Prosentvis fordeling av kvinner og menn i organisasjonen

År		2023	2024
Måltall		Prosent	Prosent
Org.enhet Gruppe1		Kvinner	Menn
10000	Kommunedirektør	50,00%	50,00%
11000	Org og utv	88,89%	11,11%
20000	Oppvekst	82,79%	17,21%
30000	Omsorg	86,15%	13,85%
50000	Teknisk	14,29%	85,71%
60000	Politisk	50,00%	50,00%

Ulike tiltak og prosjekt for å rekruttere fleire menn til å jobbe i helse og omsorg, skule og barnehage har ikkje lukkast med å endre det store bildet. Det er framleis stor overvekt av kvinner i desse bransjane. Med alternative arbeidstidsordningar som gir mykje samla fritid, har vi rekruttert fleire menn innan delar av omsorgsetaten.

Inkludering

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 skal kommunen som arbeidsgivar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søke å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Arbeidet skal blant anna omfatte områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingshøve, tilrettelegging og høve til å kombinere arbeid og familieliv.

Etter likestilling- og diskrimineringslova § 26 a har kommunen plikt til å utgreie den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda og kva vi gjer for å oppfylle aktivitetsplikta etter § 26. Kvart andre år har vi plikt til å kartlegge lønnsforholda fordelt på kjønn og bruken av ufrivillig deltid. Vi arbeider saman med fagorganisasjonane og hovudverneombodet i arbeidet med personalreglement, leiaropplæring, tilsettingsrutinar og lønnsarbeid for å styrke arbeidet vårt med å fremme likestilling og hindre diskriminering.

Heiltid og deltid

Arbeidet med å styrke heiltidskulturen i Ulstein kommune er godt forankra i leiinga og i store delar av organisasjonen. Dette er ikkje lenger eit prosjekt, men eit kontinuerleg arbeid som vert jobba med i godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Det er motiverande å sjå den positive utviklinga vi har hatt dei siste åra. I 2016 var det 34,5 prosent av kvinnene som hadde 100 prosents stilling i Ulstein kommune. I 2024 var talet 56,7 prosent. Gjennomsnittleg stillingsstorleik er no 85,2 prosent for kvinner og 71,4 prosent for menn. I helse- og omsorgsetaten er gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner 78,6 prosent mot 78,9 prosent for menn.

Det må også nemnast at vi har mange små stillingar i brannvesenet (brannkonstablar i 1,68 prosents stilling) som påverkar statistikken i negativ retning.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 - 24,9% Alle	13	13	10,8	12,7	10,1	12	11,5	12,3	13,5	13,8
Kvinner	10,7	9,5	8,6	8,3	5,8	8,6	7,7	8,8	9,1	9,4
Menn	22	25,7	19,3	27,7	24,6	23,3	25	24,5	27,6	28,3
25-49,9% Alle	7,6	8	7,4	8,6	6,9	7,3	6,8	7,2	7,6	6,4
Kvinner	7,4	8	7,5	8,9	7,1	7,5	6,5	7,3	7,7	5,8
Menn	8,5	8,1	7,1	7,7	6,3	6,7	7,9	7,1	6,5	8,5
50-74,9% Alle	20,2	16,9	16,5	15,9	16,1	14,2	14,8	12,9	11,2	9,4
Kvinner	22,7	18,2	17,6	17,3	18,4	15,5	16,6	13,9	11,3	10,1
Menn	10,2	12,2	12,1	11	8,5	9,8	8,5	9,2	11,1	7,1
75-99,9% Alle	21,1	24,4	21,8	20	17,6	16,9	17,8	14,9	15	15,7
Kvinner	24,2	29,9	25,5	23,7	23,7	19,4	19,9	16,4	16,6	18,1
Menn	8,5	4,7	7,1	7,1	7	8,6	10,4	9,8	9,7	7,5
100% Alle	38,1	37,7	43,5	42,8	49,3	49,6	49,1	52,8	52,9	54,8
Kvinner	34,9	34,5	40,7	41,7	48	49,1	49,3	53,7	55,3	56,7
Menn	50,8	49,3	54,3	46,5	53,5	51,5	48,2	49,5	45,2	48,6

Kjønn og lønn

Ulstein kommune hentar lønnsstatistikken sin frå statistikkpakken til KS.

Kommunen har eit tett samarbeid med tillitsvalde i samband med stillingsutlysingar, tilsettingar og lønnsforhandling. I 2024 vart det gjennomført lokale lønnsforhandlingar for alle tilsette.

Av tabellen under ser vi at grunnlønna til kvinner, justert for alder, stillingsgruppe stillingskode og utdanning er god. Kvinner har noko svakare månadsforteneste enn menn. Dette knyter seg til tillegg og overtidarbeid.

Justert for	Årstall					
	2022		2023		2024	
	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns
Ujustert	93,2	99,0	93,4	99,6	92,8	99,1
Alder	93,2	99,0	93,4	99,6	92,8	99,1
Stillingsgruppe	94,2	100,2	94,1	100,6	93,0	99,3
Stillingskode	101,9	103,2	101,8	103,6	100,3	101,4
Utdanning	93,2	100,6	94,7	102,4	92,7	100,4

Internkontoll og avvik

Risikobasert internkontroll

Internkontrollen i Ulstein skal vere risikobasert. Ein risikobasert internkontroll vil gi oss grunnlag for korleis vi legg opp internkontrollen og kva tiltak og kontrollaktivitetar som bør gjennomførast.

Våren 2024 blei det gjennomført ei generell overordna risikovurdering av dei ulike etatane. Totalt blei det gjennomført omlag 40 risikovurderingar i den elektroniske risikomodulen. Dei fleste var knytt til HMS innan ulike einingar i omsorgsetaten, i tillegg til at det har blitt gjennomført risikovurderingar på overordna nivå innan personvern og informasjonssikkerheit.

Avvik

Nedanfor går det fram ei oversikt over innmeldte avvik i 2024. Kommunen hadde 1177 innmeldte avvik. 596 var knytt til vald og trugslar, 167 knytt til HMS, 239 knytt til tenestekvalitet og 151 til medisinhandtering. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 23 dagar. Sakshandsamingstida startar frå saka vert meldt til den vert lukka.

Årsmelding 2024

1182 Det samla talet saker	1177 Avvik	5 Forbetringsforslag	75 Pågande saker
1078 Lukka saker	29 Avvist	20 Saker over behandlingsfrist	23 Gjennomsnittleg behandlingstid

Avviksområder

Det samla talet saker

Førre år



Aktive val	Det samla talet saker
Tenestekvalitet	239
Helse, miljø og tryggleik	167
Vald og trugslar	596
Medisinhandtering	151
Personvern og informasjonstryggleik	24

Førebyggjande arbeid

Hausten 2023 starta arbeidet med å informere om og gi opplæring av avvikssystemet ut i organisasjonen. Arbeidet var i stor grad retta mot oppvekstsektoren. I 2024 har dette arbeidet halde fram, og gjennom året har Sundgotmarka barnehage, Hasund skule, PPT, IMU, teknisk etat, helsestasjon og servicetorg og dokumentsenter fått innføring og opplæring i avvik og avviksmodulen.

Du kan lese meir om internkontroll og kvalitetsarbeidet som vart gjennomført i 2024 i [«Statusrapport kvalitetsarbeid 2024 – Ulstein kommune»](#)

Etikk og verdigrunnlag

Ulstein kommune skal vere ein organisasjon prega av openheit, tillit og respekt – både internt og i møtet med innbyggjarar, næringsliv og samarbeidspartnarar. Etikk er ein grunnstein i dette arbeidet. Det handlar om korleis vi forvaltar makt og ansvar, og korleis vi møter kvarandre som menneske.

Kommunen sitt verdigrunnlag – **Nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald** – gir retning for haldningar, avgjerder og handlingar. Desse verdiane er ikkje berre ideal, men konkrete rettesnorar for korleis vi tenkjer og opptre i kvardagen – i leiing, tenesteyting, forvaltning og kommunikasjon.

Retningslinjer og kultur

Ulstein kommune har eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. Desse byggjer på lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og skal medverke til større forståing, openheit og innsyn. Retningslinjene er ein del av arbeidet med å unngå spekulasjonar, mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold.

Retningslinjene vert gjort kjent for alle ved tilsetting og ved opplæring av folkevalde. Kommunen legg til rette for dialog om ytringsfridom, lojalitet og etiske dilemma i ulike delar av organisasjonen. Ytringsfridomen står sterkt i Ulstein – og det blir sett på som positivt at tilsette deltek i offentleg debatt.

Etisk leiarskap

Kommunestyret, kommunedirektør og andre leiarar har eit særleg ansvar for å vise veg gjennom etisk leiarskap. Haldningar og verdiar forplantar seg gjennom heile organisasjonen – frå politiske avgjerder til dagleg praksis. Leiarskap basert på integritet og medvit er ein føresetnad for etisk refleksjon og godt skjønn i kvardagen.

Kommunen legg til rette for opplæring av folkevalde i samarbeid med KS, der etikk og habilitet står sentralt. Også administrativ leiing deltek, og etiske dilemma vert løfta og drøfta i fellesskap.

Habilitet, respekt og ansvar

Folkevalde og tilsette har ansvar for å forvalte fellesskapet sine ressursar på ein måte som skapar tillit og respekt. Det krev innsikt i eigne roller og lojalitet til politiske vedtak. Brukarar og innbyggjarar skal møtast med likeverd, respekt og forståeleg informasjon – også når tenester krev vanskelege val.

Det er avgjerande å unngå situasjonar som kan oppfattast som interessekonflikt, også utover det som er regulert i forvaltningslova. Personlege interesser må ikkje påverke sakshandsaming eller vedtak, og tilsette og folkevalde skal opptre nøkternt og med respekt for rolla dei har – også i bruk av ressursar, representasjon og sosiale media.

Etikk som grunnmur

Etisk medvit er ikkje ei sjekkliste – det er ein kultur som må dyrkast over tid. Etiske retningslinjer, open organisasjonskultur og god internkontroll bidreg til å styrke kvalitet og tillit. I eit samfunn i endring er etikk eit anker – og ei kompassnål.

Gjennom verdigrunnlaget og dei etiske retningslinjene forpliktar Ulstein kommune seg til å vere ei organisasjon der det er samsvar mellom verdiar og praksis – og der alle som verkar på vegner av kommunen, kjenner ansvar for fellesskap, rettferd og respekt.

Personvern og informasjonssikkerheit

Ulstein kommune har eit grunnleggjande ansvar for å verne om personvernet til innbyggjarar, tilsette og samarbeidspartnarar. Vi behandlar personopplysningar på ein lovleg, trygg og føreseieleg måte – i tråd med gjeldande regelverk og med respekt for individet.

Kommunedirektøren har det overordna ansvaret for kommunen si behandling av personopplysningar. Det operative ansvaret er delegert til leiarar i dei ulike einingane, som skal sikre at behandling skjer forsvarleg og i samsvar med kommunens rutinar, lover og interne retningslinjer.

Behandlinga av personopplysningar i kommunen er regulert av ei rekkje lover og forskrifter, mellom anna personvernforordninga (GDPR). Kommunen skal alltid kunne vise til heimel for behandling og kunne dokumentere korleis personopplysningar vert handtert.

I nokre samanhengar krevst samtykke frå den det gjeld. Då skal det vere klart kva opplysningane skal brukast til, og du skal kunne trekke samtykket tilbake når som helst.

Personvern er ein sentral del av den tilliten som Ulstein kommune er avhengig av i møte med innbyggjarar og brukarar. Vi arbeider kontinuerleg med å dokumentere og oppdatere oversiktene over kva personopplysningar vi behandlar, og korleis dette skjer.

Via kommunen si heimeside er det mogleg å be om innsyn i eigne personopplysningar, og vi legg vekt på at dette skal vere enkelt og forståeleg. Vi har klare rutinar for informasjon, retting, sletting og eventuell klagebehandling.

God informasjonssikkerheit er ein føresetnad for å verne personopplysningar. Kommunen har interne system og rutinar for å hindre uautorisert tilgang, misbruk eller tap av data. Det vert arbeidd systematisk med kompetanseheving, tekniske løysingar og risikovurderingar.

Gjennom klare prinsipp, god praksis og openheit ønskjer Ulstein kommune å vere ein trygg aktør når det gjeld vern av personopplysningar. Respekt for personvern er ein naturleg del av å yte gode tenester med høg kvalitet.

Den økonomiske utviklinga i kommunekassa

Resultat

Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit negativt netto driftsresultat på 24,7 millionar kroner, 17,9 millionar kroner dårlegare enn revidert budsjett. Netto avsetnad til bundne driftsfond på 0,1 millionar kroner gjer at disposisjonsfondet vert redusert med 24,8 millionar kroner. I underkant av 3,0 millionar kroner av denne reduksjonen kjem av at det ikkje er sjølvkostfond til å dekke underskot innan sjølvkostområdet. Kommunen vil kunne føre dette tilbake igjen til disposisjonsfondet viss sjølvkostområdet går med eit tilsvarande overskot i løpet av dei neste fem åra. I tillegg er 3,5 millionar kroner av disposisjonsfondet brukt til til å gi Hasundgot IL eit tilskot for å kunne realisere Hasundgot sportshall, og 0,3 millionar kroner er overført frå disposisjonsfondet til Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) til å dekke lønn til miljøvaktmeister. Ved utgangen av 2024 er disposisjonsfondet redusert til 14,7 millionar kroner i kommunekassa.


Skatt og rammetilskot

For skatt og rammetilskot er dei eit samla negativt avvik på 3,0 millionar kroner, trass i at kommunen fekk overført 7,2 millionar kroner i auka rammetilskot rett før jul.

I budsjettvedtaket for 2024 vart det lagt til grunn ei skatteinntekt per innbyggjar på 92,0 prosent av landssnittet i KS sin prognosemodell. Den faktiske skatteinntekta per innbyggjar vart på 93,7 prosent av landssnittet. Når Ulstein likevel kjem ut med eit negativt avvik på skatt, skuldast dette den nasjonale mindreskatteveksten for norske kommunar i 2024. Den faktiske skatteinntekten til norske kommunar vart vel 7 milliardar kroner mindre enn anslaget i revidert nasjonalbudsjett. Rett nok fekk kommunane auka rammetilskotet med 4,3 milliardar med grunngjeving i at det var ei krevjande tid for kommunane, men det var likevel ikkje nok til å kompensere fullt ut for mindreskatteveksten. At det er ein krevjande tid for kommunane vert understøtta av at det ut frå dei førebels KOSTRA-tala ser ut som om vi må heilt tilbake til 1987 for å finne tilsvarende svake resultat for norske kommunar.

Sidan oljenedturen starta i 2014 har det vore ein trend at kommunen stadig har tapt terreng mot resten av landet med omsyn til skatteinntekt per innbyggjar. Som figuren under viser, vart denne trenden heldigvis broten i 2024:

Brutto skatteinngang per innbyggjar, prosent av landssnittet for Ulstein 2014-2024




For ein kommune på storleik med Ulstein vil ein nedgang på 1 prosent i forhold til resten av landet utgjere om lag 1,36 millionar kroner i netto inntektstap. Det betyr at kommunen ville ha hatt om lag 34 millionar kroner meir å rutte med om skatteinntektene hadde vore på nivå med skatteinntektene i 2014.

Eigedomsskatt

Inntektene frå eigedomsskatten vart som budsjettert i 2024. Inntektene vart likevel redusert med 1,1 millionar kroner samanlikna med fjoråret sidan eigedomsskattesatsen vart redusert frå 1,75 ‰ til 1,5 ‰. Samanlikna med resten av landet er inntektene frå eigedomsskatten per innbyggjar låge:

Årsmelding 2024



323 av landets 357 kommunar har eigedomsskatteinntekter i 2024. Inntektene frå eigedomsskatten inngår ikkje i inntektsutjamninga og kommunane får derfor behalde inntekta i sin heilskap.

Andre generelle driftsinntekter

Statlege tilskot knytt til kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottaket og integrering av busette flyktningar har auka kraftig med bakgrunn i flyktningssituasjonen. Desse inntektene som utgjorde 77,2 millionar kroner i 2024 vart 1,7 millionar kroner større enn budsjettert og er hovudforklaringa på det positive avviket knytt til andre generelle driftsinntekter.

Netto finansutgifter

Netto finansutgifter viser eit samla budsjettoverskot på 2,0 millionar kroner. Hovudårsaka til dette er at avkastninga på midlar til aktiv forvaltning vart 1,8 millionar kroner betre enn budsjettert avkastning på 2,5 millionar kroner, sjå tabellen under:

	Kostpris	Portefølje	Avkastning 2024	Portefølje
ODIN Norge B	2 131 048	3 483 303	722 528	4 205 831
ODIN Global B	4 500 000	6 850 216	1 307 787	8 158 003
ODIN Norsk Obligasjon B	1 500 000	1 633 257	102 075	1 735 332
ODIN Kreditt B	1 500 000	1 740 856	183 154	1 924 010
ODIN Likviditet A	32 227 500	38 498 392	2 016 300	40 514 692
Totalt	41 858 548	52 206 024	4 331 844	56 537 868

22. juni 2020 vart det overført 44 227 500 til ODIN Forvaltning for aktiv forvaltning. Tabellen under viser at det er oppnådd ei ekstra avkastning på vel 5,9 millionar kroner samanlikna med avkastninga kommunen ville ha hatt etter rentevilkåra i bankavtalen:

Årsmelding 2024

Dato	22.06.2020	31.12.2024	Avkastning
ODIN	44 227 500	56 537 868	27,83 %
Bankinnskot Sparebank1	85 722	97 864	14,16 %
Tilleggsrente plasseringskonto		214	0,25 %
Alternativ avkastning ved plassering i bank	85 722	98 078	14,41 %

ODIN-portefølje 31.12.2024	56 537 868
Saldo ved plassering av 44 227 500 i bank	50 602 625
Meiravkastning	5 935 243

Minsteavdraget vart 0,2 millionar kroner mindre enn budsjettert. Rentekostnadene viser eit negativt avvik på 0,5 millionar kroner, men det vert delvis motsvar av eit positivt avvik på renteinntektene. Sidan nesten 60 prosent av konsernet si gjeld ligg i eigedomsselskapet, vert det rapportert meir utførleg om lånegjelda i konsernkapitla.

Fond

Ved inngangen til 2024 hadde Ulstein kommune om lag 49,0 millionar kroner i fond som kan nyttast til driftstiltak og 13,5 millionar kroner i fond som kan nyttast til investeringsstiltak. Ved utgangen av 2024 er dette redusert til 24,3 millionar kroner i driftsfond, mens investeringsfonda er auka til 35,0 millionar kroner. Bundne fond er fond som ikkje kan disponerast fritt av kommunen, men som er bundne til gitte føremål. Tabellen under viser fondsutviklinga dei siste seks åra:

År	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Disposisjonsfond	39 455 736	29 601 651	37 852 388	50 665 407	39 470 745	14 689 572
Bundne driftsfond	11 590 015	20 129 181	19 558 027	13 814 568	9 519 932	9 632 437
Sum driftsfond	51 045 751	49 730 832	57 410 415	64 479 975	48 990 677	24 322 009
Kapitalfond	41 759 401	32 181 826	20 668 778	10 204 029	6 549 280	25 864 445
Bundne investeringsfond	1 878 526	844 407	3 173 210	1 292 955	6 905 965	9 179 919
Sum investeringsfond	43 637 927	33 026 233	23 841 988	11 496 984	13 455 245	35 044 364

Disposisjonsfondet er redusert med heile 24,8 millionar kroner i 2024, og er no nede på eit kritisk nivå. Dei største bundne driftsfonda er:

Morsmåltrening i barnehage	1 165 569
Tapsfond vidareutlån frå Husbanken	1 156 669
Dekompmidlar	813 820
Re-kompmidlar	746 257
Konsesjonsavgift Ulsteindalen	706 856
Næringsfond	586 897
Psykisk helseteneste barn og unge	386 241
Stipend vidareutdanning IMU	353 604
KOSIP PPT	325 542
Folkehelseprogram ungdom	303 430

I 2023 fekk sjølvkostområdet eit underskot på 8,7 millionar kroner som gjorde at alle sjølvkostfonda var tømte ved inngangen til 2024. Sidan det ikkje er lov med negative sjølvkostfond, er underskotet innan sjølvkostområdet i 2024 på 3,0 millionar kroner belasta disposisjonsfondet som ei mellombels

finansiering. Medrekna tidlegare år har disposisjonsfondet blitt redusert med 7,7 millionar kroner som følge av underskot innan sjølvkostområdet. Dette vert henta inn igjen når sjølvkostområdet går med overskot.

Auken i kapitalfondet på 19,3 millionar kroner skuldast i all hovudsak tilbakebetaling av eigenkapitaltilskot frå KLP fordi Storebrand tok over som pensjonsleverandør for folkevaldordninga og fellesordninga for kommunar. Kommunestyret har bestemt at tilbakebetalt beløp ikkje skal verte nytta til andre investeringsføremål enn innbetaling av eigenkapitaltilskot i fall ein ny anbodskonkurranse skulle gi som resultat at kommunen skal tre inn igjen i KLP.

Pensjon


Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er rekna utifrå langsiktige føresetnader om avkasting, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene vert rekna ut på ein annan måte enn pensjonspremien som vert betalt til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to beløpa. Forskjellen vert kalla premieavvik og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. For 2024 utgjorde premieavviket 12,1 millionar kroner. Premieavviket vert tilbakeført (amortisert) igjen neste år med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 for premieavvik oppstått i frå 2011 til 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått i frå 2002 til 2010. Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt relativt liten innverknad på netto driftsresultat i 2024 ved at brutto rekneskapsførte pensjonsutgifter er 428 527 kroner mindre enn faktisk betalte pensjonspremiar. Sjå tabellen under:

Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapen		2024	2023
A	Berekna netto pensjonskostnad	39 205 101	38 454 644
B	Forfalt pensjonspremie (eks. adm.kostnader)	51 301 594	84 290 002
C	Årets premieavvik (A-B)	-12 096 493	-45 835 358
D	Amortisering av tidlegare års premieavvik	11 667 966	6 166 764
E	Administrasjonskostnad	2 761 720	1 913 734
F	Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (B+C+D+E)	53 634 787	46 535 142
G	Pensjonstrekk tilsette	8 383 624	7 633 058
	Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)*	45 251 163	38 902 084

* eks tilskot til sikringsordninga

Det akkumulerte premieavviket (medrekna arbeidsgivaravgift) utgjør 72,8 millionar kroner ved årets slutt. Dei komande sju åra vil dette gi slike kostnader:

Amortisert pensjonskostnad 2025-31 (medrekna arbeidsgjevaravgift)



Ulstein kommune er medeigar i sjukepleiarordninga i KLP, og har betalt 260 308 kroner i eigenkapitaltilskot for 2024.

Vesentlege avvik etter § 14-7 i kommunelova

Etter § 14-7 i kommunelova skal årsmeldinga gjere greie for vesentlege avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen. Tabellen under viser avvika per kommunalområde sortert på KOSTRA-art etter § 5-4 andre ledd i rekneskapsforskrifta:

Årsmelding 2024

Inntekter, utgifter og avsetningar etter KOSTRA-art sortert på kommunalområde	Politisk og administrasjon	Oppvekst og kultur	Helse og omsorg	Teknisk etat	Skatt og rammetilskot	Totalt
Andre overføringer og tilskot frå staten	-560 000	555 739				-4 261
Overføringer og tilskot frå andre	1 969 358	18 353 915	-4 353 419	2 975 925		18 945 779
Brukarbetalingar		-236 661	3 621 613			3 384 952
Sals- og leigeinntekter	-45 221	2 980 289	565 335	-43 723		3 456 680
Avvik driftsinntekter	1 364 137	21 653 282	-166 471	2 932 202	0	25 783 150
Lønsutgifter	662 949	-17 837 874	-12 703 629	-1 315 568		-31 194 122
Sosiale utgifter	823 237	-1 520 270	-2 883 100	885 461		-2 694 672
Kjøp av varer og tenester	-47 115	-1 866 688	-5 520 210	-1 695 515	-56 319	-9 185 847
Overføringer og tilskot til andre	20 428	-1 944 866	414 484	85 433	-14 062	-1 438 583
Avskrivningar				-36 187		-36 187
Avvik driftsutgifter	1 459 499	-23 169 698	-20 692 455	-2 076 376	-70 381	-44 549 411
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	13					13
Renteinntekter	11 832	5 633			163 732	181 197
Renteutgifter	-20 538	-1 891	-5 153	836 203	-262 863	545 758
Avvik netto finansutgifter	-8 693	3 742	-5 153	836 203	-99 131	726 968
Avsetningar til bundne driftsfond	498 641	-2 109 957	-51 126	-250 033		-1 912 475
Bruk av bundne driftsfond	117 952	900 253	1 154 402	64 079		2 236 686
Avvik netto avsetning til fond	616 593	-1 209 704	1 103 276	-185 954	0	324 211
Avsetningar til disposisjonsfond						0
Bruk av disposisjonsfond				-452 377		-452 377
Avvik netto avsetning til disposisjonsfond	0	0	0	-452 377	0	-452 377
Totalt avvik per kommunalområde	3 431 536	-2 722 378	-19 760 803	1 053 698	-169 512	-18 167 459

Tabellen viser eit samla positivt avvik på 25,8 millionar kroner for driftsinntektene, mens det er eit negativt avvik på 44,5 millionar kroner for driftsutgiftene. For overføringer og tilskot frå andre kjem 11,4 millionar kroner av større refusjonsinntekter frå kommunar enn budsjetttert. Det største positive avviket kjem av større sal av tenester frå flyktingtenesta til Sande kommune enn rekna med med eit positivt avvik på 4,3 millionar kroner. Det er også vesentlege positive avvik knytt til PPT og brann, som for det meste kjem av det tidlegare omtalte premieavviket og at betalte pensjonspremiar vert lagt til grunn ved fakturering av interkommunale samarbeid. Refusjonsinntekta frå staten er 1,2 millionar kroner større enn budsjetttert, trass i at inntekta frå refusjonsordninga for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester vart 8,3 millionar kroner mindre enn budsjetttert. Dei største meirinntektene knytt til refusjon frå staten kjem av vaksenopplæring ved kompetansesenteret med 3,5 millionar kroner. Av det positive avviket for overføringer og tilskot til andre på 18,9 millionar kroner kjem 13,0 millionar kroner av ikkje budsjetterte prosjektinntekter, og oppvekst og kultur sto for 9,6 millionar kroner av dette.

For brukarbetalingar er dei største positive avvika knytt til inntekter frå institusjonsopphald og kjøkken (3,4 millionar kroner). Det positive avviket for sals- og leigeinntekter kjem hovudsakleg frå Sjøborg kino og kulturhus.

På utgiftssida er det eit negativt avvik på 16,9 millionar kroner for kostnader som er ført på prosjekt. Desse kostnadene vert i stor grad finansiert av meirinntektene som er omtalt over. Det er likevel til dels betydelege negative avvik knytt til vikarbruk, særleg innan oppvekst og kultur med 12,5 millionar kroner. Det er også eit betydeleg negativt avvik knytt til overtid med 6,1 millionar kroner, og helse og omsorg står for 3,3 millionar kroner av dette. Det største positive avviket innan lønnsområdet kjem av at det vart utbetalt 3,5 millionar kroner mindre i introduksjonsstønad enn budsjetttert.

For kjøp av varer og tenester kjem 4,8 millionar kroner av meirforbruket av prosjektførte kostnader. Det resterande negative avviket på 4,4 millionar kroner kjem for det meste innan helse og omsorg og skuldast kjøp av bu- og omsorgstenester frå privat leverandør, kjøp av BPA-tenester, krisesenter i Ålesund og driftstilskot til legar og fysioterapeutar. For oppvekst og kultur er dei største avvika knytt til betaling for barnehageplass i andre kommunar for barn busett i Ulstein kommune og diverse avvik

innanfor kultur og idrett. Negative avvik knytt til kjøp av varer og tenester innanfor vatn og avløp er hovudårsaka til det negative avviket for teknisk etat.

For overføringar og tilskot til andre er det eit større negativt avvik ved Sjøborg kulturhus som vert dekt av meirinntekter frå sals- og leigeinntekter. For meir detaljerte kommentarar om dei økonomiske avvika vert det vist til omtalen på dei ulike kommunalområda og avdelingane.

Investeringar

Samla investeringsutgifter i kommunekassa var i 2024 på 55,34 mill. Dette er eit mindreforbruk på 55,79 mill. Investeringar i varige driftsmiddel i 2024 for kommunekassa var 37,92 mill. Dette er eit mindreforbruk på 32,82 mill. Mindreforbruket skuldast i hovudsak lågare framdrift i prosjekta.

For investeringsinntektene er det eit negativt avvik på 50,29 mill. Dette skuldast hovudsak mindreforbruk av lån og mindre sal av varige driftsmiddel enn budsjettert.

For fleire kommentarar knytt til investeringsrekneskapen, sjå omtale under kvart kommunalområde.

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Investeringar i varige driftsmidlar		22 201	33 675	70 742	37 922	70 742	32 820	46,4 %
Tilskot til andre sine investeringar		0	0	1 333	390	1 333	943	70,8 %
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5	4 218	0	260	7 798	260	-7 538	-2895,8 %
Utlån av egne midlar		0	0	9 000	2 550	9 000	6 450	71,7 %
Avdrag på lån	8	4 129	0	29 796	6 679	29 796	23 117	77,6 %
Sum investeringsutgifter		30 549	33 675	111 132	55 339	111 132	55 792	50,2 %
Kompensasjon for meirverdiavgift		-1 481	-3 165	-7 247	-2 352	-7 247	-4 895	-67,5 %
Tilskot frå andre		-4 527	-900	-6 307	-7 984	-6 307	1 677	26,6 %
Sal av varige driftsmiddel	4	-5 319	0	-29 019	-5 573	-29 019	-23 446	-80,8 %
Sal av finansielle anleggsmiddel	5	0	0	-18 876	-31 523	-18 876	12 647	67,0 %
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		-6 221	0	0	-2 848	0	2 848	
Bruk av lån		-15 603	-29 610	-66 251	-27 134	-66 251	-39 116	-59,0 %
Sum investeringsinntekter		-33 150	-33 675	-127 700	-77 415	-127 700	-50 285	-39,4 %
Vidareutlån		14 270	16 000	21 746	14 994	21 746	6 752	31,1 %
Bruk av lån til vidareutlån		-14 270	-16 000	-21 746	-14 994	-21 746	-6 752	-31,1 %
Avdrag på lån til vidareutlån		3 164	0	0	2 834	0	-2 834	
Mottatte avdrag på vidareutlån		-2 521	0	0	-2 347	0	2 347	
Netto utgifter vidareutlån		643	0	0	487	0	-487	
Overføring frå drift		0	0	0	0	0	0	
Avsettingar til bundne investeringsfond	12	6 308	0	0	2 848	0	-2 848	
Bruk av bundne investeringsfond	12	-695	0	0	-574	0	574	
Avsetningar til ubunde investeringsfond	12	1 500	0	22 073	20 985	22 073	1 089	4,9 %
Bruk av ubunde investeringsfond	12	-5 155	0	-5 505	-1 669	-5 505	-3 836	-69,7 %
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0	0	0	
Sum overføring frå drift og netto avsettingar		1 958	0	16 568	21 589	16 568	-5 021	-30,3 %
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0	0	

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidler

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Politisk og administrasjon								
Soknet - Nytt kyrkjebygg - reguleringsplan		0	0	2 060	0	2 060	100,0 %	2 060
Soknet - Etterisolering himling		0	0	52	0	52	100,0 %	52
Investeringsmidlar omstilling		0	0	608	0	608	100,0 %	608
Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune		0	0	1 006	196	810	80,5 %	1 006
Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje (våpenhus og toalett)		0	0	2 950	0	2 950	100,0 %	2 950
Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard		0	0	925	0	925	100,0 %	925
Nytt HR/økonomisystem		64	0	9	9	0	0,0 %	9
Oppgradering dagens rådhus		0	3 950	3 950	937	3 013	76,3 %	3 950
Soknet - Oppgradering Ulstein kyrkje 2026-2028		0	0	875	0	875	100,0 %	875
Justering Sjøside - Uteområde og kaifront BT2		0	0	0	5 558	-5 558		0
Sum Politisk og administrasjon		64	3 950	12 436	6 699	5 736	46,1 %	12 436
Oppvekst og kultur								
Utvikling av skuleområde - forprosjekt		0	0	763	225	538	70,5 %	763
Turveg Bugardsmyrane til Osberget		13	875	875	857	18	2,0 %	875
IKT-utstyr skulane 2024		0	625	625	642	-17	-2,7 %	625
Forprosjekt utbygging Almejordet bhg		0	625	625	0	625	100,0 %	625
Oppgradering Hasundgot stadion		0	0	609	609	0	0,0 %	609
Høddvoll stadion		0	0	0	4 649	-4 649		0
Sum Oppvekst og kultur		13	2 125	3 496	6 982	-3 486	-99,7 %	3 496
Helse og omsorg								
Pasientvarsling Alvehaugen		5 063	0	1 304	1 306	-2	-0,2 %	1 304
Bilar omsorg - utskifting frå leasing til kjøp		3 925	0	975	369	606	62,1 %	975
Inventar/utstyr kjøkken Ulstein sjukeheim		557	0	0	0	0		0
Velferdsteknologi 2024-		0	1 000	0	0	0		0
Bil miljøvaktmeister		0	0	400	392	8	2,0 %	400
Sum Helse og omsorg		9 545	1 000	2 678	2 067	611	22,8 %	2 678
Teknisk etat								
Soknet - Ny Gravplass - grunnerverv/arkeologi		0	0	9 634	0	9 634	100,0 %	9 634
Sikring av gravplassar på Osnes og Ulstein		0	750	750	0	750	100,0 %	750
Investering vatn		2 191	5 000	5 261	973	4 288	81,5 %	5 261
Investering avløp		2 860	3 000	1 580	137	1 443	91,3 %	1 580
Eiksund - Johanmarka		0	0	6	6	0	0,0 %	6
Vikebakkvegen - veglys/gangfelt/asfalt		0	0	72	0	72	100,0 %	72
Legehaugane		101	0	0	0	0		0
Skeide - tilrettelegging tomteutbygging		315	0	4 731	254	4 477	94,6 %	4 731
Sanitærbygg Osnessanden		0	0	1 420	1 623	-203	-14,3 %	1 420
Tomteklargjering Saunesmarka		1 058	0	53	53	0	0,0 %	53
Kjøp og oppgradering av fiskerihamn		0	0	1 900	38	1 862	98,0 %	1 900
Gangveg/turveg indre Haddal		87	0	1 875	51	1 824	97,3 %	1 875
Kjøp av ny feiarbil		95	0	0	0	0		0
Trykkauking Kolbeinhaugane		162	0	0	0	0		0

Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Digitalisering av byggesaksarkiv		1 088	0	665	691	-26	-3,9 %	665
Andel Skeide vatn		13	0	0	0	0		0
Andel Skeide avløp		2	0	0	0	0		0
Hovedvassledning V20 Haddal		1 999	0	0	0	0		0
Sanering Osbergvegen		1 870	0	780	1 193	-413	-52,9 %	780
Materiell, verktøy og utstyr ny brannstasjon		39	0	0	0	0		0
Automatisk måling av veglys		76	0	549	1	547	99,7 %	549
Oppmålingsutstyr		286	0	0	0	0		0
Grunnkjøp og grunnsal 2023		340	0	13	13	0	0,0 %	13
Oppmålingsbil		0	350	428	516	-87	-20,4 %	428
Brøyteutstyr		0	625	625	174	451	72,2 %	625
Tomtekjøp Saunesmarka		0	9 000	9 800	9 791	9	0,1 %	9 800
Trafikktryggingstiltak		0	1 750	1 750	245	1 505	86,0 %	1 750
Ny lastebil		0	500	3 308	118	3 190	96,4 %	3 308
Oppgradering kommunale vegar		0	5 000	5 000	4 441	559	11,2 %	5 000
Innkjøp batteridrevet redningsverktøy		0	625	625	551	74	11,9 %	625
Tomtekjøp sportshall Hasundgot		0	0	1 115	1 115	1	0,0 %	1 115
Trafikksikre skulevegar og nærmiljø		0	0	186	186	0	0,0 %	186
Sum Teknisk etat		12 580	26 600	52 127	22 168	29 958	57,5 %	52 127
Skatt og rammetilskot med meir								
Div.finanstransaksjoner investering		0	0	5	5	0	0,0 %	5
Sum Skatt og rammetilskot med meir		0	0	5	5	0	0,0 %	5
Investeringar i varige driftsmidlar		22 201	33 675	70 742	37 922	32 820	46,4 %	70 742

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Justering Sjøside - Uteområde og kaifront BT2		0	0	0	65	-65		0
Ventilasjonsanlegg Sundgotmarka		0	0	600	0	600	100,0 %	600
Sikring av boss plass Fløstranda		0	0	409	0	409	100,0 %	409
Trafikksikre skulevegar og nærmiljø		0	0	269	269	0	0,0 %	269
Frikjøp parkeringsplassar		0	0	55	55	0	0,0 %	55
Tilskot til andre sine investeringar		0	0	1 333	390	943	70,8 %	1 333

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Div.finanstransaksjoner investering		4 218	0	260	7 798	-7 538	-2895,8 %	260
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		4 218	0	260	7 798	-7 538	-2895,8 %	260

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Forskottering og garanti sportshall Hasundgot IL		0	0	9 000	2 550	6 450	71,7 %	9 000
Utlån av egne midlar		0	0	9 000	2 550	6 450	71,7 %	9 000
Sum del 1-4		26 419	33 675	81 335	48 660	32 675	40,2 %	81 335

Kommunen sine tenesteområde

Politisk og administrasjon

Om oss

- Monica Cecilie Torp
kommunalsjef organisasjon og utvikling
- Kari Riise
personalleiar
- Steinar Nummedal
økonomileiar

Sentraladministrasjonen er tredelt og består av kommunedirektørkontoret og stabsfunksjonane til kommunedirektøren. Sentraladministrasjonen utfører støtte- og fellestenester til resten av organisasjonen. Fag- og tenesteområda etaten er ansvarleg for er personal, økonomi, arkiv, innbyggartorg, personvern, jus, kommunikasjon, val, beredskap, sikkerheit og digitalisering. Tenesteområdet har også ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring, kvalitets- og internkontroll, innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet.

Etaten inkluderer i tillegg hovudtillitsvalde og hovudverneombod (2,8 årsverk fordelt på fem tilsette).

Område	Årsverk	Tilsette
Sentraladministrasjonen	23,3	25
Hovudtillitsvalde	2,8	5
Folkevalde	1,2	2

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2021	2022	2023	2024
Sjukefråvær	3,73	4,30	12,06	6,20

Med små einingar gir langtidssjukefråvær store utslag.

Overordna mål

Våre mål for 2024

I [Økonomiplanen for 2024–2027](#) sa vi at dette var våre overordna mål:

- Vi skal vere ein berekraftig kommune.
- Vi skal vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad.
- Vi skal vere ein kvalitetsbevisst organisasjon og tenesteleverandør.
- Vi skal vere ein nyskapande organisasjon.
- Vi skal involvere og engasjere.

Oppsummering av året

Sentraladministrasjonen sitt hovudmål er å spele dei andre etatane og einingane gode. Det går mykje i daglege driftsoppgåver. Samtidig støttar vi etatane i å utvikle tenestene sine slik at vi kan nå måla våre.

Ein berekraftig kommune

Økonomisk berekraft tilseier at vi må ha trygg og god økonomistyring. Gjennom 2024 har vi jobba med digitale verktøy for å betre rutinar og strukturar. Dette gir og har gitt oss betre innsikt for å sjå kva grep vi kan gjere for å ta ned forbruket vårt og prioritere dei økonomiske ressursane våre rett.

Samarbeid er også eit viktig verkemiddel for å klare å bli ein berekraftig kommune. Vi har gjennom året samarbeida med Ulstein næringsforeining med prosjekt som *Berekraftige bygg*. Saman har vi også fått tilskot til sentrumskoordinator og vi har delteke [iKS sitt fylkesnettverk for Læring for næring](#).

Trusselbildet i samfunnet har endra seg drastisk dei siste åra. Dette ser vi igjen i beredskapsarbeidet vi har lagt ned i 2024. Vi har hatt fleire øvingar, risikovurderingar og førebuing til ulike scenario.

Ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad

Vi jobbar kontinuerleg med å vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad. Ei av dei store utfordringane i framtida blir å tiltrekkje seg kompetanse og halde på kompetanse. Heiltidskultur og leiarutvikling var viktige verkemiddel også i 2024.

I tett samhandling med tillitsvalte, verneombod, bedriftshelsetenesta og Nav, har vi jobba for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø. Sjukefråværet i Ulstein kommune var lågare enn snittet for norske kommunar.

I 2024 gjennomførte vi medarbeidarundersøking. Denne viser at Ulstein kommune er ein god stad å jobbe. Som i andre norske kommunar, skårar vi lågast på indikatoren relevant kompetanseutvikling og best på prososial motivasjon.

Å ha gode fysiske arbeidsforhold er også eit element i å vere ein attraktiv arbeidsgivar. For rådhuset har det etter mange år no kome på plass solskjerming i samsvar med vedtak frå kommunestyret.

Ein kvalitetsbevisst organisasjon og tenesteleverandør

Vi valte i 2023 å sette inn ekstra ressursar på internkontrollarbeidet. Vi ser i 2024 at det har hatt [positiv effekt på organisasjonen](#). Til dømes har vi fått auka kvalitet på beredskapsarbeidet. Vi har fått eit nytt og meir tilgjengeleg rutinebibliotek. Betre styring har også gitt reduksjon i lisenskostnader. Den største gevisten er at vi avdekkar risiko som gjer at vi har redusert sannsynet for feil.

Ein nyskapande organisasjon

I 2023 vart det gjennomført ei evaluering om korleis kommunane på Søre Sunnmøre jobbar med digital transformasjon. I 2024 har arbeidsgruppa jobba med å hente innsikt frå andre. Resultatet er ein ny og tydelegare eigarstrategi for IT-samarbeidet Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) og kva ansvar som ligg i kommunane.

Ulstein kommunen har i fleire år kåra årets nyskapar og årets nyskaping. Også i år fekk vi inn mange nominasjonar frå heile organisasjonen. Årets vinnarar av [årets nyskapar](#) var hjelpemiddelteknikar Lars Rune Skeide og [årets nyskaping](#) vart sorggrupper for barn ved helsestasjonen.

Vi ser heile tida etter korleis vi kan nytte teknologi eller nye arbeidsmåtar for å betre og utvikle tenestene våre. I 2024 har vi blant anna innført [digitalt følgkort](#) og [digital booking](#) av tekniske tenester. Vi har også innført [digital handtering av politiske møte](#) med mål om å frigjere ressursar for politisk sekretær.

Saman med [digi Møre og Romsdal](#) har vi også gjennomført eit digitalt kompetanseløft for 30 leiarar og rådgivarar fordelt på alle sektorane. Denne kompetansen skal hjelpe oss å bli enda betre til korleis dra nytte av digitalisering i tenestene våre.

Involvere og engasjere

Vi skal gi innbyggjarane gode møte med kommunen. I 2024 fekk vi tilskot til å etablere eit nærttenestesenter. Dette blir ein del av [kommunen sitt innbygggartorg](#) som vi flytta frå Ulstein rådhus til Ulstein bibliotek i desember.

Vi skal vere opne og tilgjengelege. I 2024 begynte vi med [fulltekstpublisering](#) av saksdokument. Saman med [ny innsynsløysing](#), har vi gjort det mykje enklare for innbyggjarane å kunne søke etter og finne informasjon i saks- og arkivsystemet/postlistene våre. Andre tiltak vi har gjort er også betre strøyming av kommunestyremøta.

Utvikling og utfordringar

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
100-Folkevalde	4 791	4 199	4 732	3 731	-468	-12,5 %
110-Kommunedirektør	24 429	28 170	28 211	29 086	917	3,2 %
111-Økonomiavdeling	-43 876	-17 385	6 074	-15 669	1 716	10,9 %
112-Løn-og personalavdeling	10 563	9 222	8 609	10 387	1 164	11,2 %
113-Arkiv og dokumentcenter	4 092	3 907	3 979	4 249	343	8,1 %
119-Overføring til andre	7 308	8 834	8 594	8 594	-240	-2,8 %
Sum	7 307	36 947	60 198	40 378	3 431	8,5 %

Kommentar til status økonomi

100 Folkevalde: Meirforbruket endte lågare enn tidlegare forventa. Resultatet på 468 191 kroner skuldast i stor grad møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til folkevalde. Budsjettet har hatt lågare rammer enn det politiske reglementet for godtgjersle tilseier.

110 Kommunedirektør: Det har vore eit mindreforbruk på 916 768 kroner.

111 Økonomiavdeling: Det positive avviket kjem av stram økonomistyring på ansvaret for økonomiavdelinga, med eit positivt avvik knytt til løn på vel 600 000 fordi det ikkje vart sett inn vikar ved permisjonar/sjukdom. I tillegg vart det eit positivt avvik på om lag 830 000 på ansvaret for pensjon og lønnsoppgjær fordi det vart sett av for mykje til å dekke kostnadene med årets lønnsoppgjær.

112 Løn- og personalavdeling: Mindreforbruket på 1 715 504 kroner skuldast svært stram økonomistyring og vakant stilling. I tillegg har vi rekruttert færre lærlingar enn planlagt og ønskt. Det har vore eit meirbruk på ansvar Frikjøp HTV grunna auka lønnsutgifter til hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Dette er i samsvar med sentralt avtaleverk.

113 Arkiv og dokumentcenter: Mindreforbruk grunna tilskot til nærtastesenter og digihjelp.

119 Overføring til andre: Eit meirforbruk på 240 035 kroner

Oppsummering tiltak

Generelt har området hatt stram økonomisk styring gjennom året. Det har vore sett i verk tiltak for å få ned forbruket gjennom året. Einingane i sentraladministrasjonen har også delt på ressursar og oppgåvedeling for å utsette tilsetjing der det har vore mogleg.

Årsmelding 2024

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	-15 771	30 411	11 535	10 075
Refusjon lønn	-1 742	0	-1 150	-1 150
Sum Lønn	-17 513	30 411	10 385	8 925
Drift	10 137	11 272	11 513	12 021
Kjøp av produksjon	13 091	15 048	15 078	14 592
Overføringer	9 523	9 082	9 104	9 084
Finansutgifter	533	610	610	132
Sum Utgifter	33 283	36 012	36 306	35 829
Brukerbetaling	-386	-553	-553	-508
Refusjoner	-5 369	-4 465	-4 553	-6 522
Overføringer	-1 545	-560	-560	0
Finansinntekter	-1 163	-647	-647	-776
Sum Inntekter	-8 464	-6 225	-6 313	-7 806
Netto resultat	7 307	60 198	40 378	36 947

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	1 006	196	810	1 006	196	810
Investeringsmidlar omstilling	608	0	608	608	0	608
Oppgradering dagens rådhus	8 013	937	7 076	3 950	937	3 013
Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard	925	0	925	925	0	925
Soknet - Etterisolering himling	52	0	52	52	0	52
Soknet - Nytt kyrkjebygg - reguleringsplan	2 060	814	1 246	2 060	0	2 060
Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje (våpenhus og toalett)	2 950	5	2 945	2 950	0	2 950
Soknet - Oppgradering Ulstein kyrkje 2026-2028	6 875	0	6 875	875	0	875
Sum andre prosjekt	0	5 738	55 271	9	5 633	-5 623
Sum	22 489	7 689	75 809	12 436	6 765	5 671

Statustekst investeringar

Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune

Digitalisering og effektivisering er ein del av pakken med omstrukturering og omstilling. Arbeidet er gong, men vil ha ulikt løp framover. Midlane vert overført til 2025.

Investeringsmidlar omstilling

Midlane er tenkt til rapportar m.v i samband med større omstillingsarbeid. Arbeidet er i prosess og midlane vert overført til 2025

Oppgradering dagens rådhus

Prosjektet har fått på plass solskjerming og gjennomført ulike kartleggingar i siste halvår av 2024. Vi må igjennom ytterligere kartleggingar på tilstand og arbeidsmiljø før ein kan konkludere vidare på kva tiltak ein bør prioritere. Iløpet av første halvår 2025 kan ein konkludere vidare prosess for prosjektet.

Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard

Dette prosjektet er gong og det er engasjert konsulentfirma som teiknar ut eit forslag til til nytt urnefelt mm. Det vart lagt fram dei første planane i april 2025. Midlane vert overført til 2025

Soknet - Etterisolering himling

Mindre prosjekt der midlane ikkje har vore nytta. I samband med tertialrapporten 1 2025 vil ein gå kritisk igjennom alle investeringsprosjekt om midlar skal vidareførast.

Soknet - Nytt kyrkjebygg - reguleringsplan

Dette prosjektet har ikkje blitt arbeid med siste år. I samband med tertialrapporten 1 2025 vil ein gå kritisk igjennom alle investeringsprosjekt om midlar skal vidareførast.

Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje (våpenhus og toalett)

I 2024 har soknet bedt kommunen om assistanse til å lage eit prosjekt for ombygging av våpenhuset, der toaletta frå kjellaretasjen skal flyttast opp i våpenhuset på same plan som kyrkjerommet er. Kjellaren skal byggast om til eigna lagringsrom. Ein vonar at dette kan bli realisert i 2026.

Soknet - Oppgradering Ulstein kyrkje 2026-2028

Dette gjeld diverse prosjektet der midlane vert overført. I samband med tertialrapporten 1 2025 vil ein gå kritisk igjennom alle investeringsprosjekt om midlar skal vidareførast.

Folkevalde

Om oss

I tenesteområdet er det to tilsette: ordførar Stian Skorgen Scheide og varaordførar (20 prosent) Lisa Mari Breivik Anderson.

Budsjettet inneheld løn, møtegodtgjersle og kostnader knytt til gjennomføring av politiske møte.

Sjukefråvær

For få tilsette til å legge fram statistikk på sjukefråvær.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 791	4 199	4 732	3 731	-468	-12,5 %

Kommentar til status økonomi

Meirforbruket er mindre enn prognosen tilsa i august. Resultatet for 2024 endte med eit meirforbruk på 468 191 kroner. Dette skuldast i stor grad møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til folkevalde. Budsjettet har hatt lågare rammer enn det politiske reglementet for godtgjersle tilseier.

Oppsummering tiltak

Det har vore sett i verk fleire tiltak for å få ned kostnadsnivået:

- Redusert reiseaktivitet
- Reduksjon av annonsering i papiravis
- Mindre møtemat på politiske møte
- Reforhandling av avtale for leige av møterom

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	3 725	3 791	2 736	3 229
Sum Lønn	3 725	3 791	2 736	3 229
Drift	896	880	935	789
Kjøp av produksjon	12	0	0	8
Overføringer	312	120	197	309
Sum Utgifter	1 220	999	1 132	1 107
Brukerbetaling	-3	0	0	0
Refusjoner	-151	-59	-136	-136
Sum Inntekter	-154	-59	-136	-136
Netto resultat	4 791	4 732	3 731	4 199

Kommunedirektør

Om oss

Området kommunedirektør inkluderer

- kommunedirektøren og koordinator for *lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet* (SLT).
- Organisasjon og utvikling

Totalt har området 7,5 årsverk fordelt på 8 tilsette.

Området utfører støtte- og fellestenester til resten av organisasjonen innanfor personvern, jus, kommunikasjon, beredskap, sikkerheit og digitalisering. Området har også ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring, kvalitets- og internkontroll, tenesteutvikling, innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet.

Sjukefråvær

Kommunedirektøren sin stab har få tilsette og vert difor rapportert samla i sentraladministrasjonen og tenesteområde politisk og administrasjon. Sjukefråværet er lågt og krev ikkje ekstra tiltak.

Oppsummering av året

Dei viktigaste områda organisasjon og utvikling som tilhører kommunedirektørens område, har jobba med i 2024 er:

- **Internkontroll:**

I kommunestyremøtet og sak 06/25 ligg heile [årsrapporten om internkontroll- og kvalitetsarbeidet](#) vårt. I 2025 har vi jobba spesielt med:

- Risiko og sårbarheitsanalyser og personvern vurderingar av digitale løysingar
- Opplæring og motivasjon til å melde avvik og forbetringar
- Utarbeide behandlingsprotokollar
- Kompetanseheving hos tilsette og hos einingar innanfor kvalitetsarbeid
- Innføring av nytt dokumentbibliotek

- **Beredskap:**

Kommunen har plikt til å ivareta tryggleik og sikkerheit for sine innbyggjarar. Gjennom 2024 har vi jobba med spesielt med:

- Oppdatering av rutinar, informasjon og strukturar
- Utvikling av beredskapssamarbeid
- Øvingar med kommunane på Søre og resten av fylket
- Innføring av nytt krisestøtteverktøy
- Tilsyn av offentlege tilfluktsrom

- **Digitalisering**

Vi skal bruke teknologi og digitalisering for å betre og utvikle tenestene våre. I 2024 har vi blant anna:

- Leda og delteke i arbeidsgruppa for korleis drive IT-drift og -tenesteutvikling.
- Vedteke ny eigarstrategi for Søre Sunnmøre IKT
- Utarbeida utkast til ny felles digitaliseringsstrategi for Søre Sunnmøre
- Digitalt kompetanseløft saman med digi Møre og Romsdal
- Innført digitalt ledsagarbevis og digital booking saman med tenesteområda

- **Nye administrasjonslokale:** Vi har utarbeidd kravspesifikasjon for mindre oppgradering av rådhuset i samsvar med vedtak frå kommunestyret. Så langt har solskjerming kome på plass.
- **Næringsutvikling:** Vi har delteke i [utviklingsnettverket Læring for næring](#). Saman med Ulstein næringsforum har vi jobba med ny struktur for Skaparhuset og tilsetting av sentrumskoordinator.
- **Regelverk:** Vi har revidert [delegeringsreglementet](#) vårt og fått [ny alkoholpolitisk handlingsplan](#).
- **Prosjektarbeid:** Ei viktig rolle organisasjon og utvikling har, er å delta med kompetanse og kapasitet inn i prosjektarbeid. I 2024 ha vi hatt prosessleiar- og prosjektleiar inn i utgreiing om Ulstein eigedomsselskap (UEKF) skal vere eit kommunalt foretak. Vi har prosjektleiar inn i [TØRN-prosjektet](#) hos helse og omsorg.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	24 429	28 170	28 211	29 086	917	3,2 %

Kommentar til status økonomi

Det har vore eit mindreforbruk på 916 768 kroner i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	7 186	7 947	8 667	8 835
Refusjon lønn	-40	0	-112	-112
Sum Lønn	7 146	7 947	8 555	8 723
Drift	7 449	8 078	8 411	9 128
Kjøp av produksjon	11 319	12 756	12 756	12 350
Overføringer	2 798	1 411	1 363	1 611
Finansutgifter	476	0	0	45
Sum Utgifter	22 042	22 244	22 530	23 135
Brukerbetaling	-198	-115	-115	-229
Refusjoner	-2 565	-1 865	-1 884	-3 251
Overføringer	-1 545	0	0	0
Finansinntekter	-450	0	0	-207
Sum inntekter	-4 758	-1 981	-1 999	-3 688
Netto resultat	24 429	28 211	29 086	28 170

Økonomiavdeling

Om oss

Leiar: Steinar Nummedal

Økonomiavdelinga er ei stabs- og støtteining som har fagansvar for rekneskap og økonomistyring for i alt 4 rekneskap. I tillegg til kommunen sin rekneskap kjem rekneskapen til Ulstein Eigedomsselskap, SSIKT og Ulstein sokn. Avdelinga har og ansvar for utarbeiding av budsjett og økonomiplan, finansforvaltning og fakturering og innkrevjing av kommunale krav.

Sjukefråvær

Økonomiavdelinga har få tilsette og vert difor rapportert samla i sentraladministrasjonen.

Oppsummering av året

Økonomiavdelinga har i 2024 hatt eit sterkt fokus på å ta i bruk Framsikt som verktøy for budsjettering og rapportering. Mot slutten av året vart det jobba ein del med å få på plass ny rapporteringsstruktur og førebu innlemminga av eigedomsselskapet i kommunekassa frå nyttår av. Det er ei klar målsetting for 2025 å frigjere tid til leiarstøtte og dialog med leiarane gjennom effektivisering og bruk av kunstig intelligens, med sikte på forbetring av økonomistyringa i heile organisasjonen.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-43 876	-17 385	6 074	-15 669	1 716	10,9 %

Kommentar til status økonomi

Det positive avviket kjem av stram økonomistyring på ansvaret for økonomiavdelinga, med eit positivt avvik knytt til løn på vel 600 000 fordi det ikkje vart sett inn vikar ved permisjonar/sjukdom. I tillegg vart det eit positivt avvik på om lag 830 000 for på ansvaret for pensjon og lønnsoppgjer fordi det vart sett av for mykje til å dekke kostnadene med årets lønnsoppgjer.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	-42 778	6 505	-14 588	-16 021
Refusjon lønn	-559	0	-673	-673
Sum Lønn	-43 337	6 505	-15 262	-16 695
Drift	176	322	346	186
Kjøp av produksjon	158	216	216	165
Overføringer	60	55	70	72
Finansutgifter	0	0	0	7
Sum Utgifter	394	593	631	430
Brukerbetaling	-65	-260	-260	-46
Refusjoner	-862	-764	-779	-1 074
Finansinntekter	-5	0	0	0
Sum Inntekter	-932	-1 024	-1 039	-1 120
Netto resultat	-43 876	6 074	-15 669	-17 385

Løn-og personalavdeling

Om oss

Leiar Kari Riise

Lønn og personalavdelinga er ei stabs- og støtteining som har ansvaret for lønnsarbeid og HR-funksjonar i Ulstein kommune i tillegg til lønn og personalarbeid i UEKF, SSIKT og Ulstein sokn. Eininga har 5 årsverk. I tillegg er 2,82% årsverk frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombod lagt til denne eininga. Lønn og personalavdelinga har følgjande hovudfunksjonar:

- Arbeidsgivarpolitikk og leiarstøtte
- Organisasjons- og kompetanseutvikling
- Partssamarbeid og forhandlingar
- HMS og sjukefråværsarbeid

- Lønnsarbeid, refusjonar, pensjon, forsikring og rapportering
- Rekruttering og tilsetjing
- Ressursstyring, lærlingar

Sjukefråvær

Personalavdelinga har få tilsette og vert difor rapportert samla i sentraladministrasjonen. Sjukefråværet i personalavdelinga er lågt og krev ikkje ekstra tiltak.

Oppsummering av året

Ved personalavdelinga merkar vi godt at organisasjonen også dette året har vore i vekst, endring og utvikling. Rekruttering av nye leiarar og auke i talet på tilsette har auka arbeidsmengda. Implementering og auka bruk av digitale verkty har ført til betre arbeidsflyt og har redusert risikoen for feil. I 2024 har vi flytta enno fleire arbeidsoppgåver frå manuelle til digitale meldingar på web.

I løpet av 2024 har vi gjennomført:

- Personalfest for alle tilsette
- Leiarsamlingar for alle leiarane i kommunen
- Rekruttering av ny kommunedirektør
- 10-faktorundersøking (medarbeidarundersøking) i heile organisasjonen som vil bli følgt opp i 2025
- Oppdatert lønnspolitisk plan
- Oppdatering av arbeidsavtalar og mal for arbeidsavtalar i Ulstein kommune jf. lovendring frå 01.07.2024
- Handtering av 1837 personalmeldingar i Visma som gjeld stillingsendring, rekruttering, lønnsendring.

Personalavdelinga har delteke i fleire prosjekt og utgreiingar i løpet av 2024:

- Implementering og oppstart av ny leverandør av tenestepensjon.
- Vurdere nye administrasjonslokale. Dette prosjektet er no sett på vent.
- Arbeidsgivarstrategi i ei ny tid. Eit kompetansenettverk i regi av KS.
- Prosjektet "Inn i jobb". Eit kompetansenettverk i regi av KS
- Oppdatert varslingsrutine
- Oppdatert telefonreglement

Årets lokale lønnsforhandlingar var ressurskrevjande og omfatta alle tilsette i kommunen. Forhandlingane vart gjennomført utan brot.

Verksemdoverdraging av den private barnehagen Høddvollbarnehagen til Ulstein kommune frå nyttår var førebudd slik at alle tilsette der starte som kommunalt tilsette frå nyttår 2025.

Overgang frå kommunalt føretak til rein kommunal drift av eigedomsforvaltninga i kommunen, kravde også omfattande førebuing og arbeid på tampen av året.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	10 563	9 222	8 609	10 387	1 164	11,2 %

Kommentar til status økonomi

Løn-og personalavdelinga har eit samla mindreforbruk. Dette kjem av svært stram økonomistyring og vakant stilling. I tillegg har vi rekruttert færre lærlingar enn planlagt og ønskt.

Under ansvar for Frikjøp HTV har vi eit meirforbruk som kjem av auka frikjøp og auka lønnsutgifter til valde hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Dette er i samsvar med sentralt avtaleverk.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	11 483	8 863	10 964	10 261
Refusjon lønn	-267	0	-323	-323
Sum Lønn	11 216	8 863	10 641	9 938
Drift	988	1 021	1 321	987
Kjøp av produksjon	0	300	0	0
Overføringer	15	66	25	25
Sum Utgifter	1 003	1 388	1 347	1 012
Brukerbetaling	-84	-65	-65	-76
Refusjoner	-1 572	-1 577	-1 536	-1 651
Sum Inntekter	-1 656	-1 642	-1 601	-1 728
Netto resultat	10 563	8 609	10 387	9 222

Arkiv og dokumentsenter

Om oss

Leiar: Helga Bøe

Servicetorg og dokumentsenter er ei stabs- og støtteining som ligg under organisasjon og utvikling.

Våre hovudfunksjonar er:

- dokumentasjonsforvaltning
- politisk sekretariat
- servicetorg

Sjukefråvær

Vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

Oppsummering av året

Avdelinga har hatt utskifting av leiar, ny leiar var på plass frå august. Det er jobba vidare med det gode arbeid knytt til å bygge kompetanse og god fordeling av ansvar for å unngå sårbarheit. Vi har også hatt ein dialog med andre avdelingar for å forbetre måten vi handterer og løyser dei ulike aktivitetane som krev intern samhandling.

Avdelinga er involvert i systemutvikling og endringar der digitalisering spelar ei viktig rolle. Frå hausten utvida vi fulltekstpublisering til også å gjeld arkivdel sak, i tillegg til dei vi har frå før byggjesak plan og møte. Det har gjort at spørsmål om innsyn av dokument har gått ned. Innsynsløysing vår er også ny og skal vere meir kundevenleg, betre utforming og fleire søkjemoglegheitar.

Vi jobbar godt i arkivsamarbeid med 5 andre kommunar. Vi starta på hausten med forarbeid til eit stort fellesprosjekt som gjeld automatisering av arkivoppgåver og arkivsamarbeid. Alle oppdatering og endringar i sak- og arkivsystemet gjer vi saman og prøvar å vere mest mogleg like i oppsettet vårt.

Eininga har teke over ansvaret for politisk sekretariat. Her har vi funne ei god arbeidsfordeling og med fleire som kan systema som vert brukt.

Vi fekk tilskot til å vere pilot for oppstart av eit nærttenestesenter, prosjektperioden er 2024-2026. Vi har valt å kalle det innbyggartorg, det er lokalisert i Ulstein bibliotek. Hausten brukte vi til planlegging og utforming av innbyggartorg. I desember starta vi med å halde ope ein halv dag.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 092	3 907	3 979	4 249	343	8,1 %

Kommentar til status økonomi

Eininga fekk tilført prosjektmidler til digihjelp og nærttenestesenter, og gjekk difor i positiv balanse.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	4 499	3 296	3 748	3 666
Refusjon lønn	-876	0	-42	-42
Sum Lønn	3 623	3 296	3 706	3 625
Drift	613	940	470	845
Kjøp av produksjon	6	-150	180	9
Overføringer	63	103	122	122
Finansutgifter	0	0	0	0
Sum Utgifter	683	893	772	976
Brukerbetaling	0	-12	-12	-10
Refusjoner	-214	-198	-216	-408
Finansinntekter	0	0	0	-276
Sum Inntekter	-214	-210	-228	-694
Netto resultat	4 092	3 979	4 249	3 907

Overføring til andre

Om oss

I avdelinga ligg budsjettet til kommunerevisjonen, kontrollutvalet, landbrukskontoret og Ulstein sokn. Det er ikkje tilsette i avdelinga.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	7 308	8 834	8 594	8 594	-240	-2,8 %

Kommentar til status økonomi

Det negative avviket skuldast større utgifter til revisjon og møtegodtgjersle i kontrollutvalet enn budsjettet.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	115	9	9	105
Sum Lønn	115	9	9	105
Drift	15	31	31	87
Kjøp av produksjon	1 595	1 926	1 926	2 058
Overføringer	6 276	7 327	7 327	6 945
Finansutgifter	57	610	610	80
Sum Utgifter	7 943	9 894	9 894	9 170
Brukerbetaling	-35	-101	-101	-146
Refusjoner	-6	-2	-1	-1
Overføringer	0	-560	-560	0
Finansinntekter	-708	-647	-647	-293
Sum Inntekter	-750	-1 310	-1 309	-441
Netto resultat	7 308	8 594	8 594	8 834

Oppvekst og kultur

Om oss

- Karen Strand
kommunalsjef

Sjukefråvær

Sjukefråværet har vore 8,94 % i 2024. Dette er ein auke frå 8,20 året før.

Det er fokus på å redusere sjukefråværet i Ulstein kommune. I oktober var arbeid med sjukefråvær tema på ei felles leiarssamling for alle leiarane i Ulstein kommune. Som oppfølging av dette har leiarane i oppvekst og kultur i samarbeid med Avonova sett opp følgjande målsetting:

- å sette fokus på aktuelle problemstillingar for betre å førebygge og handtere sjukefråværet
- bevisstgjerings med omsyn til korleis vi kan skape og vedlikehalde ein arbeidsplass der vi tek vare på kvarandre
- å klargjere kva førebygging og handtering betyr i praksis på arbeidsplassen din

Oppdraget er overordna sett heimla i AML §1-målsetting om å sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø

Overordna mål

I Levekårsplanen for 2020–2032 har Ulstein kommune som overordna mål å fremje tilhøyrslø, læring, livsmeistring og deltaking i fellesskapet. Dette er grunnlaget for all innsats og arbeid innan oppvekst og kultur.

Mål for oppvekst og kultur

Gode oppvekstvilkår for barn og unge: Oppvekst og kultur i Ulstein kommune vil arbeide for at alle barn og unge skal leve under tilhøve som fremjar identitet, læring og livsmeistring gjennom deltaking og inkludering i fellesskapet.

Vi legg stor vekt på å skape gode og trygge barnehagar, skular og nærmiljø som er viktige faktorar for eit godt oppvekstmiljø. Barndommen har eigenverdi og må verte sett på som noko meir enn berre ei førebuing til vaksenlivet.

Eit levande og variert kulturliv: Vi vil arbeide for å skape eit levande og variert kulturliv med eit attraktivt kulturtilbod. Kultur skaper identitet, trivsel og bulyst, og er eit viktig element for vekst og utvikling i heile kommunen. Gode natur- og kulturopplevingar vil bidra til god psykisk og fysisk helse.

Korleis vi jobbar for å nå måla

Vi legg til rette for læringsglede og skaparglede, og inkluderer barn og unge som aktive deltakarar i utviklinga av ulsteinsamfunnet. Varierte lågterskel fritidstilbod for barn, unge og familiar er viktige. Det er viktig for oss å oppdage utfordringar tidleg, og samarbeide med andre instansar i «laget rundt barna».

For å skape eit levande og variert kulturliv, legg vi til rette for at alle innbyggjarane kan vere aktive deltakarar i kultur- og fritidstilbod.

Vi ønskjer å fremje god samhandling og interaksjon både internt og eksternt, og arbeider for eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkludert. Brukarmedverknad i tenestene er viktig for oss, og vi ønskjer å skape rom for alle.

Vi trur på eit samfunn der det er lov å gjere feil, og der vi lærer av dei. Vi er opne og mottakelege for nye initiativ, idear og utfordrande planar og tankar. Oppvekst- og kulturetaten sine mål skal vere sentrale i møtet med innbyggjarane i Ulstein kommune og i arbeidet med tenesteutvikling. I framtida ser vi at det er viktig å ha meir målbare målsettingar, i tillegg til dei viktige generelle målsettingane.

Gjennom godt samarbeid på tvers av einingar i kommunen har vi sett på korleis vi saman kan arbeide for inkludering av barn og unge. Eit godt døme på dette er BTI-satsinga (betre tverrfagleg innsats), der vi har arbeidd med kompetanseheving for tilsette og utarbeidd ei [nettside](#) som både føresette, barn og tilsette kan nytte seg av.

Organisasjonen må vere i stadig utvikling i takt med samfunnet generelt og lokalsamfunnet vårt. Vi ser at det er krevjande å drive utvikling samstundes som vi sikrar god drift. Utviklingsarbeidet må dokumenterast og implementerast i den daglege drifta. Aktiv bruk av avvik og evaluering vil vere viktig for å sikre god kvalitativ tenesteutvikling.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2024

Overordna tema for oppvekst og kultur har i 2024 vore inkluderande praksis. I august samla vi alle tilsette til ein felles fagdag med dette som tema.

Alexander Mauseidvåg, leiar Nav ytre Søre Sunnmøre, heldt ein presentasjon om utanforskap i regionen vår, og Lars Erling Hovlid Bjåstad delte erfaringar frå arbeidet med inkludering i Ulstein kommune. Jesper Törnquist frå Hødd IL diskuterte betydninga av fotballen med inkludering som perspektiv, etterfølgt av ein presentasjon om utviklingsarbeidet "Inkluderande praksis" ved oppvekstkontoret.

Kristin Oudmayer, direktør for Barns rettar og berekraft i UNICEF Noreg, heldt føredraget "Du er viktigare enn du trur". Ho har omfattande erfaring med barn sine rettar, mobbing, oppvekst og psykisk helse, og har skrive fleire bøker om desse temaene. Før ho begynte i UNICEF Noreg, jobba ho i psykiatrien med oppfølging av barn som pårørnde.

Barnehage og skule

Dei tilsette i barnehage og skule har også nytta Udir sin kompetansepakke om inkluderande praksis, som har gitt fagleg påfyll og støtte til å utvikle kompetanse om mangfald og inkludering. Kompetansepakken inneheld fire moduler med fagtekstar, podkastar og filmar som blir brukt i profesjonelle læringsfellesskap. Modulane dekker tema som inkluderande fellesskap, kultur for mangfald, og korleis vi kan tilretteleggje for inkludering i praksis.

PPT har vore ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet. PPT har i samarbeid med Statped hatt pilotar ute i skule og barnehage der dei har hatt kompetanseheving med opplæring og bruk av refleksjonsverktøyet "Inkluderande praksis". Dette er eit verktøy som kartlegg barnehagar og skular sin inkluderande praksis. Dette verktøyet hjelper til med å styrke samarbeidet mellom PPT og barnehage/skule, og støttar endringsarbeidet mot ein meir inkluderande praksis.

Høgskulen i Volda er også ein viktig samarbeidspartnar. Dei bidrar med aksjonslæring, dialogseminar og nettverksarbeid som støttar opp under felles utviklingsarbeid. Voldamodellen, som er utvikla ved Høgskulen i Volda, fokuserer på å skape eit stabilt og gjensidig utviklande samarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonane, PPT, barnehagesektoren og skulesektoren.

Arbeidet inkluderer leiarsamlingar, fagdagar, aksjonar og endringsarbeid, nettverkssamlingar og styrarnettverk. Desse aktivitetane er balanserte mellom faglege innlegg, refleksjon, dialog og erfaringsdeling.

Ein god balanse mellom spesifikke og sektorvise tiltak er avgjerande. Samordning av kompetansetiltak byggjer ein sterkare og meir kompetent barnehage- og skulesektor, og gjer det enklare å velje målretta tiltak som heng saman med rammeplan og læreplan.

Kultur

Kulturarrangementa i Sjøborg hadde i 2024 om lag 11 500 besøkande, eit besøkstal som er opp mot det beste vi har hatt nokon gong. Programmet på Sjøborg er ein god miks mellom lokale aktørar og nasjonale artistar, teater, stand-up, kor, korps, konsertar og show.

Sjøborg kino hadde i 2024 omlag 18 400 besøkande, noko som var ein nedgang på nær 5000 frå 2023. Nedgangen i besøk skuldast liten tilgang på gode publikumsfilmar. I tillegg til ordinære framsyningar har

det vore spesialvisningar for barn og ungdom ("Alle med i Ulstein"), ulike dagkinovisningar, bedriftsvisningar og visningar for skuleelevar.

Bell ungdomsklubb har ope i snitt to kveldar per veke. i tillegg til ein ettermiddag i veka med middag-/leksetilbod. Vi har hatt klassefestar, ungdomsklubb/MOT-klubb og ulike arbeidsverkstader.

Ung Arena har fleire faste tilbod for ulike aldersgrupper, som gaming og open hall. Under «paraplyen» Ung Arena finn vi også ferietilbod og jobbtilbod for ungdom, barnedisco med meir. Ulstein frivilligsentral UNG, styrkar arbeidet mellom barn og unge i Ulstein. Frivilligsentralane i Ulstein hadde også ansvaret for gjennomføringa av seniorfest på Aktivitetshuset med omlag 100 påmelde gjestar.

Biblioteket har gjennom året arrangert høgtlesing for barn laurdagar i samarbeid med Ulstein mållag. Det vart halde barnebokbad i samarbeid med Hareid, Herøy og Sande bibliotek. Gjennom avtalen med Litteraturhuset i Møre og Romsdal har ein hatt tre arrangement av høg litterær kvalitet.

Kulturskulen har, utover ordinær undervising, i 2024 gjennomført 62 elevkonsertar, danseframsyning, dramaframsyning, og kunstutstillingar. På storproduksjonane våre på Sjøborg har vi opplevd eit oppsving i besøkstal. Gjennom det regionale prosjektet kulturmosaikk har lærarane delteke på fagdagar i Volda saman med dei andre 13 kulturskulane på Sunnmøre, Volda vgs., Ålesund vgs. og Høgskulen i Volda. Tematikken her var tverrfagleg- og tverrkunstnarleg samarbeid. Vidare i prosjektet har vi vore tungt inne i fordjupingstilbod i visuell kunst, Sunnmøre ungdomssymfoniorkester, Ytre strøk, og musikkproduksjon (kunsten å lage plingplong). I personalet har lærarane arbeidd med fagleg oppdatering og digitalisering. Dette har vore opplæring i musikknotasjonsprogrammet Muscore og opptak som metode i instrumentalundervising. Rektor har stått for undervisinga.

Inkludering og mangfald Ulstein (IMU)

IMU jobbar for å skape god kvardagsintegrering for både små og store som vert busett i kommunen. For å lykkast er vi avhengig av omfattande og godt samarbeid med fleire av dei andre tenestene i kommunen, slik som skular, barnehagar, Nav og UEKF, i tillegg til frivillige lag og organisasjonar.

Arbeid med å få busette flyktningar inn i ordinært arbeid, er eit avgjerande fokus for IMU. Dette er av stor betydning både for den einskilde og for lokalsamfunnet generelt. IMU har erfart stor velvilje til å ta imot flyktningar både i arbeidspraksis og ordinært arbeid hos næringslivet og det offentlege. For å jobbe systematisk med overgang til arbeid, har IMU etablert utviklingsprosjektet "Bru til arbeid". Her vert det jobba med å utvikle korte og spissa kvalifiseringsløp retta mot bransjar med rekrutteringsbehov. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har løyvd pengar til prosjektet i tre år. I 2024 gjennomførte vi kvalifiseringsløp i barne- og ungdomsarbeidarfaget og innan maritim næring. For begge løpa var overgang til arbeid betydeleg høgare enn etter ordinært introduksjonsprogram.

IMU har også dette året selt tenester i integreringsfeltet til Sande kommune.

IMU yter fleire tenester som ikkje er retta mot flyktningar. Førskuleteamet gir spesialpedagogisk hjelp i barnehagefeltet. Spesialpedagogane har base ved IMU, men jobbar i alle barnehagane i kommunen. Talet på vedtak om både spesialpedagogisk hjelp og logopedhjelp har vore høgt i 2024. Det har tidvis vore krevjande å få på plass tenestetilbod raskt nok, ettersom tidsfristen frå sakkunnig vurdering er ferdig til tiltaket skal vere på plass, er kort.

Utvikling og utfordringar

Oppvekst og kultur er opptekne av å levere gode tenester til innbyggjarane i Ulstein kommune. Utfordringa framover er knytt til endring i demografi og ressursbruk. Ulstein kommune har lågare inntekter enn lands-snittet og høgare utgifter til renter og avdrag, noko som gjer at kommunen har mindre disponibelt til tenesteproduksjon. Dette gjer at vi må tenkje nytt innan oppvekst og kulturområdet på måten vi organiserer oss på og korleis vi vel å bruke ressursane.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
200-Oppvekst fellestenester	6 099	4 707	13 085	6 753	2 046	30,3 %
210-Barnehage fellestenester	75 881	80 108	77 485	79 349	-759	-1,0 %
211-Sundgotmarka barnehage	10 361	11 210	9 731	10 606	-604	-5,7 %
212-Almejordet barnehage	10 727	11 591	9 446	10 309	-1 282	-12,4 %
220-Haddal skule	12 617	14 483	11 667	12 817	-1 666	-13,0 %
221-Hasund skule	25 780	28 889	22 514	25 808	-3 081	-11,9 %
222-Ulstein skule	11 905	11 911	12 463	12 154	243	2,0 %
223-Ulsteinvik barneskule	57 282	61 719	48 408	56 009	-5 709	-10,2 %
224-Ulstein ungdomsskule	51 868	55 931	48 279	51 754	-4 177	-8,1 %
228-Grunnskule	6 701	7 396	9 069	8 440	1 043	12,4 %
229-Kulturskule	8 895	8 618	7 526	8 091	-527	-6,5 %
240-PPT	4 195	4 509	3 572	4 921	412	8,4 %
250-Kultur	5 766	5 483	5 073	5 625	142	2,5 %
252-Idrett	22 445	24 197	21 315	22 663	-1 534	-6,8 %
253-Sjøborg Kulturhus og kino	866	1 625	370	426	-1 199	-281,7 %
254-Biblioteket	2 231	2 083	1 743	1 873	-209	-11,2 %
290-IMU	32 251	28 396	41 073	42 538	14 142	33,2 %
Sum	345 869	362 857	342 821	360 135	-2 722	-0,8 %

Kommentar til status økonomi

Oppvekst og kultur har eit netto meirforbruk på 2,7 millionar kroner som utgjer 0,8 % prosent av netto budsjetttramme i 2024.

Det er eit stort negativt avvik på lønn på 19,4 millionar kroner. Avviket er størst på skulane og inkluderer lønn til faste tilsette og vikarar.

Grunnen til at netto meirforbruk ikkje er større samla sett, er eit positivt avvik på eininga Inkludering og mangfald på 14,1 millionar kroner. Ein del av dette positive avviket er knytt til periodisering. Mange tilskot er meint å dekke framtidig tenestebhov, slik at kommunen må yte tenester i 2025 for tilskot vi fekk i 2024. Når talet på busette går ned, vil dette gi ein negativ effekt som vi skal vere merksame på i 2026.

I løpet av 2024 har det vore meirutgifter knytt til spesialpedagogisk hjelp i kommunale og private barnehagar. Det har vore stor auke i vedtakstimar knytt til tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i både kommunale og private barnehagar.

Sjøborg kulturhus og kino fekk i 2024 eit negativt resultat på omlag 1,2 millionar kroner. Det meste av avviket skuldast den store nedgangen i besøk på vel 5000 besøkande samanlikna med året før.

Oppsummering tiltak

Følgjande tiltak:

- Grunnskulane får tildelt stillingsheimelar som dei skal halde seg til. Til skuleåret 2025–2026 er det teke inn ni stillingar i skulane.
- Tilsetjing av vikar og faste stillingar skal godkjennast av kommunalsjef eller kommunedirektør.
- Det er fokus på økonomistyring.
- Det er sett i gang arbeid for å vurdere korleis oppvekstsektoren i Ulstein best kan organiserast for å oppnå høg kvalitet, god ressursutnytting, nok kompetanse, godt læringsmiljø og utvikling i tråd med kommunale mål, samtidig som vi skal oppnå ei innsparing jamfør økonomi- og budsjettplan. Dette for å møte kravet om innsparing ifølgje vedtak 150/24, møtedato 12.12.24.
- Justere budsjett slik at det er samanheng med stillingsheimelar og faktisk lønnsutgifter.
- Justere budsjett for SFO for å kompensere for utgifter knytt til gratis kjernetid 12 timar i veka.
- Ta ned opningstidene for kino med ein dag i veka for å halde budsjettet for lønn.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	261 918	231 272	264 692	284 095
Refusjon lønn	-13 752	0	-16 867	-16 867
Sum Lønn	248 166	231 272	247 825	267 229
Drift	29 817	19 371	25 803	31 109
Kjøp av produksjon	134 781	142 398	143 639	140 154
Overføringer	11 753	8 103	13 209	15 153
Finansutgifter	3 785	0	0	2 112
Sum Utgifter	180 136	169 872	182 651	188 528
Brukerbetaling	-27 724	-20 743	-22 719	-25 463
Refusjoner	-46 714	-33 939	-40 496	-58 029
Overføringer	-4 647	-3 641	-3 641	-5 018
Finansinntekter	-3 348	0	-3 485	-4 391
Sum Inntekter	-82 433	-58 324	-70 341	-92 900
Netto resultat	345 869	342 821	360 135	362 857

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Forprosjekt utbygging Almejordet bhg	625	0	625	625	0	625
Forskottering og garanti sportshall Hasundgot IL	9 000	2 550	6 450	9 000	2 550	6 450
Høddvoll stadion	0	4 649	-4 649	0	4 649	-4 649
IKT-utstyr skulane 2024	5 188	642	4 545	625	642	-17
Oppgradering Hasundgot stadion	609	609	0	609	609	0
Turveg Bugardsmyrane til Osberget	875	870	5	875	857	18
Utvikling av skuleområde - forprosjekt	763	225	538	763	225	538
Sum andre prosjekt	0	9 031	-8 431	600	0	600
Sum	17 059	18 576	-917	13 096	9 532	3 564

Statustekst investeringar

Forprosjekt utbygging Almejordet bhg

Prosjektet er ikkje sett i gang. Ein må vurdere om det er behov for dette etter at ein har landa framtidig struktur i barnehage og skule.

Forskottering og garanti sportshall Hasundgot IL

Prosjektet er i gang, vidareførast i 2025.

Høddvoll stadion

Overtaking av Høddvoll friidrettsstadion vart gjennomført i 2024.

IKT-utstyr skulane 2024

Eit lite meirforbruk på denne investeringa.

Oppgradering Hasundgot stadion

Prosjektet er ferdigstilt innanfor rammene.

Turveg Bugardsmyrane til Osberget

Prosjektet er ferdig og fullført innan for ramma.

Utvikling av skuleområde - forprosjekt

Det er brukt midlar i forprosjektet til planlegging av utbetring av uteområdet. Planen er ferdig og arbeidet med forprosjektet er avslutta.

Resterande sum vert nytta til sjølve utbetringa av uteområdet.

Oppvekst fellestenester

Om oss

Administrasjon oppvekst

Administrasjon oppvekst består av kommunalsjef for oppvekst og kultur, skulefagleg rådgjevar, barnehagefagleg rådgjevar og konsulent for oppvekst.

Stortinget har gitt kommunane og fylkeskommunane ansvar for den lokale organiseringa og gjennomføringa av opplæringa i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. Ansvar til barnehage og skuleeigar er knytt til lov, forskrift og andre statlege styringsdokument, og dels lokale føringar og mål.

Administrasjonen arbeider for støtte einingane som høyrer til under oppvekst og kultur i arbeidet dei gjer.

Årsverk

Administrasjon oppvekst og kultur har fire årsverk.

Sjukefråvær

Sjukefråvær

Sjukefråværet er lågt.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	6 099	4 707	13 085	6 753	2 046	30,3 %

Kommentar til status økonomi

Det er god balanse mellom budsjett og rekneskap.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	4 594	11 464	4 900	4 100
Refusjon lønn	1	0	-30	-30
Sum Lønn	4 594	11 464	4 870	4 070
Drift	910	-565	1 196	1 171
Kjøp av produksjon	568	2 377	377	217
Overføringer	274	435	415	169
Finansutgifter	1 737	0	0	123
Sum Utgifter	3 489	2 247	1 987	1 680
Brukerbetaling	0	-500	0	0
Refusjoner	-637	-125	-105	-774
Finansinntekter	-1 347	0	0	-269
Sum Inntekter	-1 984	-625	-105	-1 043
Netto resultat	6 099	13 085	6 753	4 707

Barnehage fellestenester

Om oss

Barnehage fellestenester omhandler tilskot til private barnehagar og spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn i førskulealder.

Sjukefråvær

Sjukefråvær for tilsette knytt til barnehage fellestenester er inkludert i rapporten frå Inkludering og mangfald.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	75 881	80 108	77 485	79 349	-759	-1,0 %

Kommentar til status økonomi

I løpet av 2024 har det vore meirutgifter knytt til spesialpedagogisk hjelp i kommunale og private barnehagar. Det har vore stor auke i vedtakstimar knytt til tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i både kommunale og private barnehagar.

Oppsummering tiltak

Lønnsbudsjettet til spesialpedagogisk hjelp i barnehage bør justerast for å vere meir rett i høve behov.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	6 377	2 730	4 719	8 121
Refusjon lønn	-190	0	-1 525	-1 525
Sum Lønn	6 187	2 730	3 194	6 596
Drift	86	0	0	248
Kjøp av produksjon	70 807	75 085	77 085	75 098
Overføringer	200	605	34	504
Finansutgifter	1 021	0	0	265
Sum Utgifter	72 113	75 690	77 119	76 115
Refusjoner	-1 667	-935	-964	-2 603
Finansinntekter	-753	0	0	0
Sum Inntekter	-2 419	-935	-964	-2 603
Netto resultat	75 881	77 485	79 349	80 108

Sundgotmarka barnehage

Om oss

Leiar: Nora Wingsternes

Barnetal: 63

Tilsette: 18

Sjukefråvær

Barnehagen har hatt eit lågt sjukefråvær i 2024 på 5,7 %.

Det er arbeidd systematisk med sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte i barnehagen sidan 2022. Det er tema i HMS gruppa som har hatt faste møter gjennom året, på personal- og ped.leiarmøter. I arbeidet har ein nytta seg av verktøyet barnehageHMS, eit verktøy for bedre jobbhelsetilstand. Den tek føre seg 13 områder som har innverknad på arbeidsmiljø. Vi har særskilt arbeidd med desse områda:

- barnehagekultur
- ergonomi
- høge emosjonelle krav
- nærvær i barnehagen
- organisering
- helsefremjande arbeidsplass
- kompetanse og meistring
- fleksibilitet og føreseielege dagar
- tilrettelegging

Oppsummering av året

Visjonen:

Vi gir alle barn ein meningsfull og inkluderande kvardag

Vi har arbeidd med kompetansepakkar frå Utdanningsdirektoratet om leik og inkluderande praksis.

Aktivitet 2024

- Kompetanseheving på området inkluderande praksis og leik for personalet
- Fokus på myndiggjerande leiing for heile personalgruppa
- Fokus på arbeidsmiljø
- Innført nye arena for kompetanseutvikling
- Naturen som læringsarena

I tillegg til samarbeidstid er det i år oppretta fagmøter for alle tilsette. I fagmøta vert det arbeidd med kompetanseheving knytt til rolla den tilsette har i barnehagen.

I samarbeidsmøta har alle pedagogane hatt ansvar for å arbeide med inkluderande praksis og myndiggjering på si avdeling for å nå ut til alle tilsette.

HMS gruppa hatt hatt eigne møter der vi har arbeidd med barnehagekultur, sjukefråvær og drift.

Nytt i barnehagen er at vi deler informasjon og kommuniserer via Teams. Slik får tilsette innblikk i barnegruppene, samt får samarbeide og dele kompetanse med fleire kollegar enn eiga eining. Delingskultur er viktig for å kjenne på meistring og støtte.

Kompetansepakken om inkluderande praksis er inndelt i 4 modular. Vi har dette året arbeidd med modulane om tidleg innsats og gode overgangar. I omgrepet tidleg innsats ligg det å førebygge, fange opp og følge opp. Vi har særleg lagt vekt på forebygging, at vi har god organisering i barnegruppene for å førebygge uhelse eller mobbing i seinare alder.

I arbeidet med gode overgangar har vi arbeidd organisatorisk med å sikre gode overgangar internt når barn byttar avdeling. Personalet rullerar slik at barna har ei "trygg base" med seg til ny avdeling. Samt at vi har hatt to faste dagar med samarbeidsgrupper på tvers av avdelingar, såleis får alle på same alder verte kjent med kvarandre og dei tilsette får bygge relasjon til barna uansett kva avdeling dei høyrer til.

For å sikre eit godt foreldre samarbeid har vi inkludert foreldre til barn frå andre barnehagar, som høyrer til Hasund kring til foreldre møte haust-24. Slik kan føresette blir kjent med kvarandre og bygge nettverk før borna tek til på skulen. Førskulebarna vert invitert til vår barnehage i mai og juni for å verte kjende med kvarande før dei startar i 1 klasse.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	10 361	11 210	9 731	10 606	-604	-5,7 %

Kommentar til status økonomi

Overforbruk skuldast auka lønnskostnader og auka utgifter. Budsjetten er ikkje justert i samsvar med auka utgifter til bl.a husleige og lønn. Barnehagen har og oppgradert på IT området for å ha god nok internett dekning på begge hus

Oppsummering tiltak

Budsjettet for 2025 er justert ift til faktiske forhold. Det er etablert faste arbeidsmønster med personal og lønn. Og vi har hyppigare månads rapportering

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	11 482	10 375	11 574	11 904
Refusjon lønn	-624	0	-325	-325
Sum Lønn	10 858	10 375	11 249	11 579
Drift	832	592	592	830
Kjøp av produksjon	755	387	387	658
Overføringer	162	56	169	176
Finansutgifter	22	0	0	10
Sum Utgifter	1 771	1 035	1 149	1 673
Brukerbetaling	-1 757	-1 623	-1 623	-1 526
Refusjoner	-485	-56	-169	-512
Overføringer	0	0	0	-2
Finansinntekter	-25	0	0	-2
Sum Inntekter	-2 268	-1 679	-1 793	-2 042
Netto resultat	10 361	9 731	10 606	11 210

Almejordet barnehage

Om oss

Leiar: Linda Christin Arneberg

Almejordet barnehage har tre avdelingar.

Barnetal for barnehagen 2024:

Vår 2024 61 barn fordelt slik: 31 barn under 3 år og 30 barn over 3 år

Haut 2024 62 barn fordelt slik: 25 barn under 3 år og 37 barn over 3 år

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2022	2023	2024
Sjukefråvær	9,18	8,8	13,02

I 2024 har vi hatt en del langtidsfråvær som påverkar % talet vårt. Vi arbeidar med nærvær på jobb og kulturen på arbeidsplassen vår. Samarbeidet med arbeidslivssenteret starta opp hausten 2024. Her skal HMS gruppa i samarbeid med arbeidslivssenteret sjå på arbeid med sjukefråvær. HMS - gruppa er godt i gong med arbeidet og fortsetter inn i 2025. Det er viktig for oss at heile personalgruppa er involvert i arbeidet og vi sett av tid på personal-møte til arbeidet med arbeidsmiljø og kulturen på arbeidsplassen. Legemeldte langtidssjukemeldingar tel 11,46 prosent medan kortare fråvær under 16 dagar tel 1,56 prosent.

Oppsummering av året

Målsettinga til barnehagen er: Trivsel for store og små. Både store og små skal trivast saman i eit godt psykososialt miljø som førebyggjer mobbing og krenking. Trivselen til barna er alltid den vaksne sitt ansvar, og satsingsområda er utleide av dette.

Aktivitet 2024

- Systematisk og kontinuerleg arbeid med barnehagemiljøet. Arbeidet inneber fokus på satsingsområda: inkluderande praksis, den autoritative vaksenrolla og alternativ supplerande kommunikasjon.
- Leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette, og godt samarbeid med tillitsvald.

Nesten alle barn går i barnehage og oppheld seg store delar av dagen der. Barnehagen vil difor vere særskild viktig med tanke på tidleg innsats i eit livslangt læringsperspektiv. Dette stiller krav til kompetanse hos dei tilsette om å fornye innhald og arbeidsmåtar i samsvar med forskingsbasert kunnskap. Dette arbeider vi systematisk med gjennom lærande nettverk i REKOMP (regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen) og internt i barnehagen. Gjennom å vere ein lærande organisasjon vil vi betre og utvikle pedagogisk praksis for å vere ein av grunnsteinane i barnets liv i Ulstein.

Gjennom året har vi arbeidd med desse målsettingane:

- Inkluderande barnehagemiljø
- Utvikle kompetansen og bruk av alternativ supplerande kommunikasjon hos tilsette og barn

Almejordet barnehage sitt pedagogiske grunnsyn er tufta på den nordiske barnehagetradisjonen. For oss betyr det ein barnehage med fokus på lek, relasjonar og natur. I samspel med verda og kvarandre vil vi saman utforske, undre oss i lag og finne løysingar. Barnet vert sett på som kompetent og ein aktør i eige liv. Barnet medverkar til sin eigen barnehagedag gjennom sine uttryksmåtar, tilsette si tolking av signal og kommunikasjon, interesser og innspel til fellesskapet. Når dei fleste barn i samfunnet i dag går i barnehagen, set det krav til korleis vi arbeider med kommunikasjon, inkludering og tilsette si rolle. Gjennom arbeidet ser vi ei endring også i vår barnehage på samansetjing av barn, føresette og tilsette når det gjeld funksjonsvariasjonar, familiesamansetningar, kulturell og religiøs bakgrunn, interesser og

Årsmelding 2024

mykje meir som vi må ta på alvor i arbeidet for å følge det rammeplanen seier om barnehagen si rolle for å skape danning, bidra til å utjamne sosiale forskjellar og la barn møte mangfaldet som er i samfunnet. Dette arbeidet forsetter inn i 2025.

Vi gjennomførte Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking for barnehage. Resultatet viser god skår på relasjonar og trivsel. Ute- og inneareal og informasjon er punkt vi kan utvikle oss på.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	10 727	11 591	9 446	10 309	-1 282	-12,4 %

Kommentar til status økonomi

For 2024 er lønnskostnadene høgare enn budsjettert. Dette skuldast eit høgare barnetal og ein heilt full barnehage. For å oppfylle pedagog og bemanningsnorm krevst det fleire tilsette, og dertil då høgare lønnsutgifter.

Barnehagen har hatt store utgifter knytt til bruk av vikar dette året.

Oppsummering tiltak

Vi jobbar aktivt med oppfølging av sjukefråvær og rett bruk av bemanning

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	12 204	9 744	11 643	13 282
Refusjon lønn	-582	0	-1 037	-1 037
Sum Lønn	11 622	9 744	10 607	12 245
Drift	557	650	650	576
Kjøp av produksjon	734	915	915	915
Overføringer	98	0	111	111
Finansutgifter	24	0	0	3
Sum Utgifter	1 413	1 565	1 676	1 606
Brukerbetaling	-1 652	-1 163	-1 163	-1 472
Refusjoner	-656	-700	-811	-764
Finansinntekter	0	0	0	-24
Sum Inntekter	-2 308	-1 863	-1 974	-2 260
Netto resultat	10 727	9 446	10 309	11 591

Haddal skule

Om oss

Leiar: Vibeke Vigestad Berge

Haddal skule er nærskulen til elevar på 1.-7. trinn i skulekrinsane Haddal og Eiksund.

Elevtal vårsemesteret 2024 var 58, haustsemesteret var 49. Om lag halvparten av elevane har rett på skuleskyss og like stor del går på SFO.

Sjukefråvær

Sjukefråvær: 10,45%

Haddal skule har jobba målretta med rolleklarheit og trivsel for å få ned sjukefråværet, men kronisk sjukdom gjer at vi framleis har høgt fråvær. Legemeldte langtidssjukemeldingar tel 8,03% medan kortare fråvær enn 16 dagar tel 2,41%.

Oppsummering av året

Skulen sin visjon ligg i botnen for alt vi gjer i skulen; læringsaktivitetar, utviklingsarbeid, heim– skule-samarbeid, m.m: «*Haddal skule har trygge elevar som meistarar og lærer. Vi tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre*». Vi jobbar målretta og systematisk for å skape betre trivsel for betre læring og miljørettleiararen vår er viktig i dette arbeidet.

Resultata frå elevundersøkinga i 2024 viser at elevane generelt har det bra på skulen og er godt nøgde, spesielt i høve indikatorane *støtte frå lærarar, læringskultur og felles reglar*. Vi har over forventa gode resultat på dei nasjonale prøvene.

Fokuset vårt er at elevane skal vere motiverte og ha stor læringsglede, og vi har hatt desse hovudsatsingane i arbeidet:

- Inkluderande praksis der alle elevar
 - har tilgang til fellesskapet
 - samarbeider med andre
 - får læringsutbytte både sosialt og fagleg
 - opplever at dei blir anerkjende og aksepterte
- Utvikle engasjerande arbeidsformer og læringsaktivitetar saman med elevane

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	12 617	14 483	11 667	12 817	-1 666	-13,0 %

Kommentar til status økonomi

Haddal skule har eit negativt resultat på økonomi på 1,6 millionar. Store delar av avviket er knytt til lønn.

Oppsummering tiltak

Ved korttidsfråvær og i svært stor grad ved langtidsfråvær brukar vi ikkje vikar, men slår saman grupper.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	12 124	9 773	12 269	14 087
Refusjon lønn	-571	0	-803	-803
Sum Lønn	11 553	9 773	11 465	13 284
Drift	549	444	504	747
Kjøp av produksjon	1 443	1 417	1 417	1 419
Overføringer	103	100	123	123
Finansutgifter	9	0	0	0
Sum Utgifter	2 103	1 961	2 043	2 289
Brukerbetaling	-322	32	-320	-321
Refusjoner	-718	-100	-372	-769
Sum Inntekter	-1 039	-68	-692	-1 090
Netto resultat	12 617	11 667	12 817	14 483

Hasund skule

Om oss

Leiar: Hedvig Haakonsholm

Hasund skule har 148 elevar fordelt på sju klassetrinn skuleåret 2024–2025.

44 elevar deltek på skulefritidsordninga (SFO). Skulen har tilbod om forsterka opplæring i norsk for busette flyktningar frå Ukraina.

Sjukefråvær

Hasund skule har ein markert nedgang i sjukefråværet i 2024, samanlikna med året før. Sjukefråværet er framleis høgt. Legemeldte langtidssjukemeldingar tel 10.12 % medan kortare fråvær enn 16 dagar tel 3,24 %. Vi vil halde fram med systematisk jobbing med arbeidsmiljø og jobb-nærvær, i HMS-gruppe, plangruppe og resten av personalgruppa.

Oppsummering av året

Satsingsområda:

- trygt og godt læringsmiljø
- elevmedverknad
- inkluderande praksis

Elevundersøkinga viser at elevane har høg trivsel, god motivasjon for skulearbeidet og at det er lite mobbing på skulen. Elevane opplever at lærarane har tru på dei, og bryr seg. Vi har i år fått på plass eit aktivt og velfungerande elevråd. Skulen vil halde fram med å arbeide systematisk og målretta for at elevar

skal ha eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø, som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova. Miljøretteleiar og helsesjukepleiar er viktige brikker i dette arbeidet.

Hasund skule ønsker å vere ein skule i utvikling. I år har vi hatt spesielt fokus på inkluderande praksis. Vi samarbeider tett med PPT om kompetanseheving og organisasjonsutvikling, i tråd med mandatet til tenesta. Ved skulen legg vi vekt på medverknad, også frå tillitsvalde. Skulen arbeider etter prinsippa i *Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025*. Denne gir oss retning i arbeidet på skulen, sett i lys av gjeldande læreplanverk og lovverk.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	25 780	28 889	22 514	25 808	-3 081	-11,9 %

Kommentar til status økonomi

Hasund skule ligg over budsjettet, i hovudsak grunna for høge lønnsutgifter. Det er sett inn tiltak for å justere dette i neste års budsjett.

Oppsummering tiltak

- I løpet av våren 2025 vil to medarbeidarar slutte. Desse vil ikkje bli erstatta.
- Nye stillingsheimlar vil gi redusert bemanning frå august 2025.
- Halde fram med fokus på jobbnærvær.
- Halde fram med fokus på HMS.
- Restriktiv bruk av vikarar ved sjukefråvær.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	25 569	19 506	26 303	29 048
Refusjon lønn	-2 499	0	-2 958	-2 958
Sum Lønn	23 070	19 506	23 345	26 090
Drift	1 120	692	989	1 186
Kjøp av produksjon	3 147	3 097	3 097	3 098
Overføringer	202	139	188	204
Sum Utgifter	4 469	3 928	4 274	4 489
Brukerbetaling	-599	-241	-501	-511
Refusjoner	-1 154	-679	-1 311	-1 178
Finansinntekter	-6	0	0	0
Sum Inntekter	-1 760	-920	-1 812	-1 689
Netto resultat	25 780	22 514	25 808	28 889

Ulstein skule

Om oss

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø, i tillegg til Søre Sunnmøre mottak (Link). Elevtalet ligg rundt 110-120. Det er 18 tilsette ved skulen.

Sjukefråvær

Vi har lite korttidsfråvær. Fråværet i 2024, i gjennomsnitt, var totalt 7,18%. Det meste av dette var langtidssjukmeldingar.

Tilsette er stort sett stabile på jobb, og vi opplever stor grad av nærvær.

Oppsummering av året

Ved Ulstein skule er vi samde om at det er våre elevar. Alle tilsette har ansvar for at alle elevane lærer både fagleg og sosialt. Vi veit at opplevinga av "å høyre til" er avgjerande for tryggleik og trivsel. Vi veit også at vi kan "opne dører mot verda" ved å satse på lesing. Gode lesarar kan lære det dei vil. Difor er INKLUDERING og LESING våre hovudoverskrifter når det gjeld satsingsområde.

Målsetjingar

- Inkludering gjennom god kommunikasjon og gode relasjonar
- Styrka leseopplæring gjennom kompetanseheving i kollegiet
- Styrka leseopplæring gjennom utvikling av, og medviten bruk av, biblioteket vårt

Satsingsområde

- Godt samarbeid med PPT, på systemnivå
- Nettverk mellom Haddal, Hasund og Ulstein skular
- Profesjonelt læringsfellesskap, alle tilsette
- Godt samarbeid heim-skule
- Gjennomføring av ståstadsanalysen i januar 2025: Analyse og resultat vil avgjere innsnevring og konkretisering av satsingsområde

Oppsummering per desember 2024

- Elevundersøkelsen viser at vi ikkje har mobbing på skulen. I arbeidet med å analysere denne, er vi klare over at det er mykje som kan påverke resultatane på godt og vondt, og at denne ikkje speglar det totale bildet. Vi opplever uansett at vi er "tett på" både elevane og heimane, og at vi har kapasitet til førebyggjande arbeid. Elevane fortel at dei trivast på skulen, at vi er gode til å handheve reglar, og at dei tilsette planlegg opplæring som motiverer. Dette gjer at vi er på god veg i arbeidet med **inkludering**.
- **Inkludering forts.** Vi har etablert eit trygt og godt samarbeid med PPT. PPT har faste trefftider etter oppsett plan på skulen. Vi samarbeider om utviklingsarbeid, og tilsette gir uttrykk for at PPT bidreg til arbeidet vårt med inkludering.
- Vi hevdar at "relasjonar trumfar alt", og arbeider for godt førebudde møte i alle samanhengar.
- Vi har gjennomført kompetanseheving i "elevane si leseutvikling": kjenneteikn på nivå i utviklinga, tiltak for å få elevane tilbake dersom dei sporar av og tiltak for progresjon i den "normale" utviklinga.

- Vi er klare for første nettverkssamling mellom Haddal, Hasund og Ulstein skular. Målet er å skape gode møteplassar for lærarane der det er tid og rom for refleksjon. Temaet er “inkluderande arbeid med lesing”.
- Biblioteket vårt er snart klart for opning. Vi har brukt pengar på nye bøker, eigedom har hjelpt oss med oppussing, folkebiblioteket har gitt oss rettleiing på utforming, elevrådet er engasjerte i arbeidet med opningsfesten, og vi har klar stillingsannonse for elevbibliotekarar.
- Verksemdsplanen vår er eit “levande verkty”. Vi er opptekne av at ord skal bli til handling, og veit kva vi skal arbeide med i vårhalvåret.
- Vi snakkar om at satsinga på lesing og inkludering skal halde fram i komande skuleår. Vi er gode på noko, og mykje står att. Arbeid med inkludering er “ferskvare”, og lesesatsinga er viktigare enn nokon gong. Vi viser til resultata på PISA og nasjonale prøver.
- I november gjennomførte vi foreldremøte med Barnevaketen. Vi søkte om, og fekk tildelt, støtte frå Tussa. Vi hadde nær 100% frammøte.
- Vi opplever tett og godt samarbeid med FAU: Dei bidreg gjennom dugnadar, økonomisk, og god dialog med skulen. Det positive samarbeidet med FAU og heimane har mykje å seie for det vi får til på skulen.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	11 905	11 911	12 463	12 154	243	2,0 %

Kommentar til status økonomi

Totalt har vi eit mindreforbruk på 2%.

Oppsummering tiltak

Refusjonar veg opp for overforbruk. Vi slår saman elevgrupper og klasser, organiserer alternativ opplæring, og unngår i stor grad bruk av vikarar. Store deler av sjukmeldingar har blitt dekt opp av egne ressursar. Vi gjer det vi kan for å unngå overtid.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	13 323	10 224	13 826	13 647
Refusjon lønn	-534	0	-713	-713
Sum Lønn	12 789	10 224	13 113	12 934
Drift	888	507	482	674
Kjøp av produksjon	1 795	1 791	1 793	1 787
Overføringer	171	109	118	118
Finansutgifter	0	0	0	0
Sum Utgifter	2 854	2 407	2 394	2 579
Brukerbetaling	-422	-59	-413	-412
Refusjoner	-3 315	-109	-2 939	-3 190
Finansinntekter	-1	0	0	0
Sum Inntekter	-3 738	-168	-3 353	-3 601
Netto resultat	11 905	12 463	12 154	11 911

Ulsteinvik barneskule

Om oss

Leiar: Synnøve Haug

Sjukefråvær

Sjukefråværet var på 9,34% i 2024.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2024

Dette vil vi gjer for å nå måla:

- Systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og rask handtering av mobbesaker
- Ha merksemd på lesing som grunnleggande ferdigheit, og innføring av undervisningsmetodar knytt til ny læreplan
- Systematisk kartlegging av elevane si læring og oppfølging for elevar som har behov.
- Leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og godt samarbeid med tillitsvalde

Vi arbeider for at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø og at alle skal få oppleve meistring og læring.

Situasjonen i Europa har resultert i at elevtalet på skulen har auka dette skuleåret. Vi har oppretta to klasser med særskilt norskopplæring der elevane er delar av dagen. Utanom timane elevane har fått til norskopplæring har vi arbeidd for å inkludere dei inn i klassene og skulemiljøet. Det har vore krevjande, men lærerikt og givande å ta i mot desse elevane. Både lærarar og elevar har gjort ein stor og god innsats i å inkludere flyktningane.

Skulen opplever jamne resultat i elevundersøkinga og nasjonale prøver. Elevane melder om at dei får god støtte frå lærarane og at det er ein god læringskultur ved skulen.

Skulefritidsordninga (SFO) er ein stor og viktig del av tilbodet til skulen. Dette skuleåret er det 174 barn som har nytta seg av tilbodet. Vi ønsker å prioritere leik, meistring og glede i SFO.

Vi har arbeidd med desse målsettingane dette skuleåret:

- eit trygt, god og inkluderande skulemiljø
- utvikle kompetansen i arbeidet med leseopplæringa
- utvikle gode årsplanar for fag som sikrar tverrfagleg undervisning og god samanheng mellom faga

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	57 282	61 719	48 408	56 009	-5 709	-10,2 %

Kommentar til status økonomi

Ulsteinvik barneskule har eit auka negativt avvik for 2024. Etter rapportering driv skulen etter lærarnorma med +0,6 på småskulen og +0,2 på mellomtrinnet. Skulen arbeider aktivt med å redusere avviket i økonomien, men må drive skulen etter lov og forskrift.

Oppsummering tiltak

Skuleåret 25/26

- samanslåing av 5. trinn frå 4 til 3 klasser
- reduksjon i ei fagarbeidarstilling skuleåret 25/26
- reduksjon med ei lærarstilling frå januar 2026

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	53 048	37 462	52 197	58 441
Refusjon lønn	-2 134	0	-4 580	-4 580
Sum Lønn	50 914	37 462	47 617	53 861
Drift	2 471	1 966	2 715	2 913
Kjøp av produksjon	7 979	8 663	8 663	8 663
Overføringer	427	358	440	440
Finansutgifter	0	0	0	7
Sum Utgifter	10 877	10 986	11 818	12 023
Brukerbetaling	-2 638	317	-2 187	-2 180
Refusjoner	-1 860	-358	-1 239	-1 975
Overføringer	0	0	0	-10
Finansinntekter	-11	0	0	0
Sum Inntekter	-4 509	-40	-3 426	-4 165
Netto resultat	57 282	48 408	56 009	61 719

Ulstein ungdomsskule

Om oss

Leiar: Trond Berg

Ulstein ungdomsskule har 357 flotte ungdommar i alderen 13–16 år, fordelt på 15 klasser.

Årsverk	Tilsette
54	64

Sjukefråvær

Sjukefråvær i %	2022	2023	2024
Sjukefråvær	10,02	8,92	6,90

Ulstein ungdomsskule også i 2024 ein nedgang i sjukefråværet.

Arbeidet med å førebygge sjukefråvær er ein kontinuerleg prosess. I 2024 har skulen hatt fokus på å få ned korttids sjukefråvær og ein har fortsatt fokus på “friskheit” blant tilsette.

Oppsummering av året

Aktivitet i 2024

Korleis Ulstein ungdomsskule har jobba for å nå måla i 2024 gjennom:

- systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og rask handtering av mobbesaker
- systematisk kartlegging av elevane si læring og oppfølging for elevar som har behov
- leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette, og godt samarbeid med tillitsvalde
- utviklar vidare tilbod om alternativ opplæringsarena
- satsing som lærarutdanningsskule og praksisskule
- ein skule med fokus på kvalitativ vurdering
- systematisk arbeid med MOT-programma som ein naturleg del av skuledrifta
- utdanna nye MOT- Coach'ar
- eiga klasse med forsterka norskopplæring for elevar som nyleg har kome til Noreg (FON)
- Investert i frosting av vindauge inn mot gangen på alle klasserom
- fått godkjenning som dysleksivenleg skule
- oppretta fast HMS utval
- oppretta eige arbeidsutval saman med representantar frå elevråd
- godt samarbeid med samarbeidspartnarar som; Ulstein helsestasjon, PPT m.fl

Våren 2024 fekk Ulstein ungdomsskule godkjenning som dysleksivenleg skule. Det betyr ikkje at arbeidet er ferdig, men at ein har fått på plass ein god plattform for å jobbe systematisk og målretta saman med elevar og foreldre som treng støtte i høve dysleksi, språk eller matematikkvanskar.

I arbeidet med inkluderande praksis har skulen jobba med fleire verktøy, skuleåret 24/25 har ein m.a eit prosjekt saman med PPT.

Ungdomsskulen har tydeleg profil med tanke på sosial læring/livsmestring.

Elevmiljøet er jamt over godt, og elevundersøkinga viser at dei fleste trivast.

I 2024 har det vore gjort grep for å sikre at ein har gode vikarar. Våren 2024 hadde UUS eit prøveprosjekt med å tilby 4 lærarstudentar frå 5. studieåret i 20 % stilling som vikarar, noko som fungerte særskild godt.

Samarbeidet med Høgskulen i Volda tilfører mykje positivt gjennom at UUS er lærarutdanningsskule og praksisskule. Gjennom samarbeidet får Ulstein ungdomsskule vere med å påverke retninga for framtidige lærarar og det er ein viktig arena for rekruttering av nye tilsette. Ulstein ungdomsskule har ikkje hatt problem med å få tak i kvalifiserte lærarar i 2024, noko som er særskild positivt i høve vidare utvikling av skulen.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	51 868	55 931	48 279	51 754	-4 177	-8,1 %

Kommentar til status økonomi

Skulen har noko avvik i budsjett.

Dette heng i hovudsak saman med eigenkost ved sjukefråvær, manglande dekking av utgifter knytt til ITO (individuell tilrettelagd opplæring) for hausten 2024. I tillegg ser ein at lønnsutgiftene aukar etter kravet om masterutdanning i skulen.

Oppsummering tiltak

Skulen jobbar målretta med å få ned korttids sjukefråvær og ein ser på noko endring i organisering, samt små byggmessige endringar som gjer at ein kan spare lønnskostnader på sikt ved mindre deling av klasser.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	42 290	34 731	41 863	47 245
Refusjon lønn	-3 012	0	-2 308	-2 308
Sum Lønn	39 278	34 731	39 555	44 937
Drift	3 095	1 967	2 442	2 545
Kjøp av produksjon	12 646	12 577	12 577	12 741
Overføringer	515	331	477	477
Finansutgifter	6	0	0	1
Sum Utgifter	16 262	14 875	15 496	15 764
Brukerbetaling	-349	-465	-465	-474
Refusjoner	-3 324	-861	-2 832	-4 292
Overføringer	0	0	0	-3
Sum Inntekter	-3 673	-1 326	-3 297	-4 769
Netto resultat	51 868	48 279	51 754	55 931

Grunnskule

Om oss

Avdelinga omfattar utgifter og inntekter til grunnskule som ikkje direkte gjeld den einskilde skule, mellom anna utgifter til skuleskyss og undervisning i privat skule. Det er ikkje tilsette i avdelinga.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	6 701	7 396	9 069	8 440	1 043	12,4 %

Kommentar til status økonomi

Eit positivt avvik på 12,4%.

- Rekneskapen omfattar utgifter og inntekter til grunnskule som ikkje direkte gjeld den einskilde skule, mellom anna utgifter til skuleskyss og undervisning i privat skule.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	8	6 995	0	0
Sum Lønn	8	6 995	0	0
Drift	5 087	2 994	5 770	5 022
Kjøp av produksjon	1 824	1 070	2 660	2 492
Overføringer	725	310	661	661
Finansutgifter	23	0	0	0
Sum Utgifter	7 659	4 374	9 091	8 175
Refusjoner	-678	-2 300	-651	-715
Finansinntekter	-288	0	0	-64
Sum Inntekter	-966	-2 300	-651	-779
Netto resultat	6 701	9 069	8 440	7 396

Kulturskule

Om oss

Leiar: Robert Løkketangen

I kulturskulen opplev elevane meistring i møte med røynde lærarar gjennom estetisk erfaring og tilpassa opplæring basert på eleven sitt ambisjonsnivå. Omlag kvart tredje born i kommunen går i kulturskulen. Vi har eit godt etablert tilbod innan kulturskulefaga musikk, dans, drama, og visuell kunst.

Sjukefråvær

Fråværet er generelt lågt. Det vi har skuldast ikkje-arbeidsrelaterte faktorar. Fokus på trygt og godt arbeidsmiljø.

Oppsummering av året

Dette året har vi etablert eit samarbeid med ungdomsskulen i musikkfaget som eit bøtande tiltak for å bygge bru mellom skuleslaga då vi har sett at mange sluttar i kulturskulen ved ungdomskulealder. Vidare har vi gjennomført 62 konsertar, laga og framført eigen teaterforestilling, produsert eigen danseframvisning, og gjennomført kunstutstillingar med eigenprodusert kunst. Storproduksjonane våre på sjøborg har merka seg som publikumsfavorittar med 400 besøkande, og dette er store opplevingar for elevane våre.

Metodisk held vi fram i kjend kulturskuleand med tilpassa opplæring og fokus på å bygge "self-efficacy" (meistringstru) hos elevane. Dei vert sett, meistarar, utøver, og skaper i lag med kvarandre og i møte med kunnige fagfolk. Det heile skjer gjennom estetiske erfaringar i tilpassa rammer der eleven er fagleg og sosial.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	8 895	8 618	7 526	8 091	-527	-6,5 %

Kommentar til status økonomi

Det negative avviket i høve tildelt ramme skuldast i hovudsak auka lønsutgifter grunna auke av kompetanse og ansiennitet.

Oppsummering tiltak

Vi held fram med eit måtehald i forbruk, og kjem til å arbeide for større inntening i høve arrangement.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	7 314	6 370	7 029	7 696
Refusjon lønn	0	0	-22	-22
Sum Lønn	7 314	6 370	7 007	7 674
Drift	391	328	328	359
Kjøp av produksjon	2 805	2 837	2 837	2 795
Overføringer	563	54	54	61
Sum Utgifter	3 759	3 218	3 219	3 215
Brukerbetaling	-1 940	-1 676	-1 676	-1 752
Refusjoner	-238	-387	-459	-517
Finansinntekter	0	0	0	-2
Sum Inntekter	-2 178	-2 063	-2 135	-2 271
Netto resultat	8 895	7 526	8 091	8 618

PPT

Om oss

Leiar: Ingrid Evebø Haug

Ulstein kommune er vertskommune for Interkommunalt PPT for Hareid, Volda, Ørsta og Ulstein.

PPT har til saman 20,75 stillingar

I 2024 hadde PPT 72 einingar å yte teneste til.

Sjukefråvær

Sjukefråværet har gått ned i frå 2023 og ligg no på 5,8%.

Oppsummering av året

Ulstein kommune er vertskommune for Pedagogisk psykologisk teneste. PPT for Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta har til saman 20,75 stillingar, der Fylkeskommunen nyttar 2,70 av desse stillingane. Kostnadane er fordelt på elev - og barnetal i kommunane.

Våren 2024 vart tenesta organisering kommunevis, det vart frigjort administrasjonsressursar til drift og saksarbeid. Statistikken viser at det er ein sterk auke i søknad om bistand på personsaker/ sakkunnig vurdering også dette året. PPT hadde totalt 633 nye personsaker i 2024, mot 480 i 2023. Dette er ein auke på 31,87%. Statistikken syner 82 saker utan sakshandsamar ved utgangen av 2024, medan det i 2023 synte 169 saker. Det er stor skilnad på kommune og einingsnivå i kor mange saker som vert etterspurt på individnivå. Hausten 2024 fekk PPT tilført 2 nye stillingar og det har vore arbeidd godt for å få ned tal på saker som står på vent.

Frå hausten av vart det etablert trefftid på alle skular. PP-rådgjevarane vart kontaktpersonar ved faste skular, det vart gitt faste rammer kvar månad der rådgjevarane skulle arbeide etter fastsett plan. Dette tiltaket vart etablert mellom anna for å stette krava i ny opplæringslov, ved at PPT skal tettare på og støtte skulane i det førebyggjande arbeidet. Trefftid er blitt godt motteke i kommunane. Målet er og at PPT skal hjelpe til med tiltak, kompetanseheving og organisasjonsutvikling, slik at fleire barn og elevar får eit inkluderande og tilfredsstillande tilbod. Det å snu fokus frå vanskar med individ over på kompetanseheving og organisasjonsutvikling vil ta tid. Skal vi nå mål må vi samarbeide på fleire nivå og arbeide langsiktig og strategisk. Det må utarbeidast gode planlegging - og styringssystem.

Når det gjeld 5 - 6 åringane i barnehagen har PPT tilbode råd og rettleiing i mange av sakene til barnehagane. Dette viser seg å vere ei nyttig erfaring, då PPT arbeidar med å få til ei slags trefftid i barnehagane.

PPT har hatt intern og ekstern kompetanseheving på ny opplæringslov. Samt utarbeida nye malar og rutinar knytt til endringar i lova. Oslo Met og HVO har bidratt eksternt og vore ein samarbeidspart når det gjeld utviklingsarbeid. PPT har fast deltaking i tverrfagleg samarbeid på ulike nivå i alle kommunane BTI (Betre tverrfagleg innsats) grupper/team. Inkluderande praksis er eit verkty for PPT for å auke kompetansen på organisasjonsutvikling. Opplæring og implementering av dette verktøyet er eit samarbeid med Statped. To skular og to barnehagar har vore pilotar i arbeidet.

I 2024 har PPT hatt internt arbeid med lovverk knytt til arbeidslivet sine spelereglar, rettar og plikter for arbeidstakar og arbeidsgivar.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 195	4 509	3 572	4 921	412	8,4 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen viser eit meirforbruk på lønn. Det vart hausten 2024 tilsett to ekstra stillingar i tenesta for å møte behovet i kommunane. Budsjettet må justerast etter stillingsauken slik at det vert rett. Overordna vart det eit positivt resultat for PPT i 2024.

Oppsummering tiltak

Justering av budsjett etter stillingsheimlar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	19 070	15 768	18 409	19 124
Refusjon lønn	-1 889	0	-1 292	-1 292
Sum Lønn	17 181	15 768	17 117	17 832
Drift	838	711	711	1 034
Kjøp av produksjon	1 392	1 466	1 466	1 525
Overføringer	144	0	166	166
Finansutgifter	0	0	0	326
Sum Utgifter	2 375	2 177	2 343	3 051
Refusjoner	-15 361	-14 372	-14 538	-16 373
Sum Inntekter	-15 361	-14 372	-14 538	-16 373
Netto resultat	4 195	3 572	4 921	4 509

Kultur

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Fellestenester kultur, Frivilligsentralen, Bell Ungdomsklubb, Kulturarrangement, BUA, MOT, Kulturmidlar, Borgarøya, Ungdomsrådet, UKM, Treffstad for ungdom, Folkehelse/Stikk-UT og Frivilligsentral UNG

Sjukefråvær

Sjukefråværet i kulturavdelinga samla sett var i 2024 på 4,93 %. Dette er ein nedgang frå 2023, då fråværet var på 8,83 %

Oppsummering av året

Kulturavdelinga sitt arbeid er prega av mangfald i oppgåver og engasjement for lokalsamfunn, kulturliv og kulturtilbod.

Arbeidet for og saman med barn og unge er sentralt. Ungdomsmedverknad var eit viktig element til prosjektet Treffstad for ungdom, eit prosjekt som fekk tildelt 3,5 mill kroner til etablering av ungdomskafe og arbeidstrening for unge vaksne. Medverknaden/samspelet er også sentralt i arbeidet med ungdomsrådet, Ulstein frivilligsentral UNG, UKM, MOT og ungdomsklubben Bell. Gjennom «Ung kunst og kultur» har vi også hatt spesielt fokus på tverrfagleg samarbeid og UKM (Ung Kultur Møtes)

Ung Arena har fleire faste tilbod for ulike aldersgrupper, som gaming og open hall. Under «paraplyen» Ung Arena finn vi også ferietilbod og jobbtillbod for ungdom, barnedisko med meir. Ulstein frivilligsentral UNG, for og med ungdom (etablert 2023), har hatt fleire aktivitetar i samarbeid med ungdomsskulen gjennom valfaget «Innsats for andre». SLT-arbeidet fungerer godt, arbeidet er viktig med tanke på førebygging av kriminalitet, samarbeid mellom kommunane og politiet, og initiere samarbeid når det gjeld arrangement med til dømes russen. Kulturavdelinga har også delansvar for folkehelsearbeidet, mellom anna søknadsarbeid, UngData og Stikk-UT!

Eit av høgdepunkta i 2024 var opninga av turvegen til Osberget. Turvegen vart svært godt motteken og har allereie blitt eit ynda turmål for både unge og eldre.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 766	5 483	5 073	5 625	142	2,5 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen går i omlag balanse.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	6 116	4 234	4 718	5 793
Refusjon lønn	-70	0	-83	-83
Sum Lønn	6 046	4 234	4 635	5 710
Drift	2 053	586	723	2 689
Kjøp av produksjon	298	560	560	277
Overføringer	633	574	776	653
Finansutgifter	712	0	0	877
Sum Utgifter	3 695	1 719	2 058	4 496
Brukerbetaling	-104	-225	-225	-157
Refusjoner	-1 484	-214	-403	-2 440
Overføringer	-1 641	-441	-441	-1 903
Finansinntekter	-746	0	0	-222
Sum Inntekter	-3 975	-880	-1 069	-4 723
Netto resultat	5 766	5 073	5 625	5 483

Idrett

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Idrett omhandlar Ulsteinhallen og Ulsteinbadet, Klivrehallen og idrettshallen i Ulstein Arena.

Oppsummering av året

Ulstein Arena er eit viktig tilbod for både innbyggjarar og besøkande i Ulstein, med Ulsteinbadet som hovudtrekkplaster. Ulsteinbadet er godt besøkt gjennom heile året med eit samla besøk på om lag 70 000 besøkande. Dette fordelar seg med nær 50 000 besøkande på fritidsbading, i tillegg til rundt 20 000 skuleelevar. Besøket er noko ned frå 2024, men samstundes over gjennomsnittet for dei sju driftsåra.

Klivrehallen har om lag 100 faste betalande med årskort, i tillegg til rundt 1 000 besøkande på drop-in.

Idrettshallen i Ulstein Arena og Ulsteinhallen er i bruk heile skuleåret, både til trening, kampar og stemner. All treningstid måndag til fredag er fordelt til idrettslaga.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	22 445	24 197	21 315	22 663	-1 534	-6,8 %

Kommentar til status økonomi

Avviket knytt til området skuldast i hovudsak vikarløn i Ulsteinbadet, kommunale avgifter og reduserte inntekter. Ei av dei budsjetterte inntektene på 200.000 kr knytt til idrettsaktivitet, er ikkje realistisk og bør takast ut av budsjettet.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	7 189	5 778	6 215	6 718
Refusjon lønn	-705	0	-84	-84
Sum Lønn	6 484	5 778	6 131	6 634
Drift	3 073	2 938	3 290	4 061
Kjøp av produksjon	23 974	24 151	23 799	23 806
Overføringer	769	425	4 518	4 378
Sum Utgifter	27 816	27 514	31 607	32 245
Brukerbetaling	-8 362	-8 777	-7 782	-7 568
Refusjoner	-492	0	-608	-630
Overføringer	-3 000	-3 200	-3 200	-3 000
Finansinntekter	0	0	-3 485	-3 485
Sum Inntekter	-11 855	-11 977	-15 075	-14 683
Netto resultat	22 445	21 315	22 663	24 197

Sjøborg Kulturhus og kino

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Oppsummering av året

Sjøborg kulturhus hadde i 2024 eit samla besøk på over 30.000 gjestar. Kultursalen hadde i fjor ei glødeleg oppgang i både talet på arrangement og eit rekordbesøk på omlag 11.300 besøkande.

Sjøborg kino hadde til liks med alle landets kinoar i 2024 ein nedgang i antal besøkande, og besøket enda på nær 19000. Særskilt første halvår drog ned besøket då det var svært få publikumsfilmar. Samstundes var Sjøborg også i 2024 den best besøkte kinoen på Sunnmøre, med unntak av Odeon Kino Ålesund.

Det var vist 148 titlar og vi hadde 750 framsyningar. I tillegg til ordinære framsyningar har det vore spesialvisningar for barn og ungdom (i samarbeid Alle med i Ulstein), ulike dagkinovisningar, visningar for skuleelevar og lukka visningar for lokale bedrifter.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	866	1 625	370	426	-1 199	-281,7 %

Kommentar til status økonomi

Sjøborg kulturhus og kino fekk i 2024 eit negativt resultat på omlag 1,2 mill kr. Det meste av avviket skuldast den store nedgangen i besøk på vel 5000 besøkande frå 2023 til 2024. Ein slik nedgang åleine gir eit inntektsbortfall på mellom 5 og 600.000 kr. Det er elles verd å merke seg at i budsjettet for Sjøborg kulturhus og kino er det lagt inn ei forventa inntekt på 250.000 kr. Det er ikkje realistisk å budsjettere med ei slik inntekt, og gjer det vanskeleg å nå målet om eit årsresultatet/ ei drift i balanse.

Oppsummering tiltak

Vi har for 2025 redusert talet på kinodagar frå seks til fem dagar. Målet med tiltaket er å auke gjennomsnittsbesøket i Sjøborg kino, noko som også vil betre det økonomiske resultatet.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	1 804	1 312	1 405	1 991
Refusjon lønn	0	0	-37	-37
Sum Lønn	1 804	1 312	1 368	1 954
Drift	3 548	1 894	1 894	3 502
Kjøp av produksjon	420	1 472	1 472	198
Overføringer	4 644	1 537	1 643	4 831
Finansutgifter	0	0	0	0
Sum Utgifter	8 613	4 903	5 010	8 531
Brukerbetaling	-9 196	-5 709	-5 709	-8 276
Refusjoner	-354	-137	-243	-484
Overføringer	0	0	0	-100
Sum Inntekter	-9 550	-5 845	-5 952	-8 860
Netto resultat	866	370	426	1 625

Biblioteket

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Oppsummering av året

Besøkstala for biblioteket er stadig aukande, og det same gjeld også talet på utlån. Framleis har vi eit stort innlån frå andre bibliotek, det største av dei fire samarbeidsbiblioteka. Det er krevjande og skuldast for tronge personalmessige og budsjettmessige rammer til utvikling og fornying av boksamlinga.

Årsmelding 2024

Barnehagar og skuleklasser avtalar bibliotekbruk og vi har faste grupper som brukar biblioteket, på dagtid har vi litteraturgrupper og senioruniversitetet med filosofikurs.

På kveldstid har vi mange andre som nyttar lokala til møteverksemd og kurs.

Vi har avtale med litteraturhus i Møre og Romsdal der vi kjøper 3 litterære arrangement. Denne avtalen vart permanent ,og vi gler oss til fortsett å kunne tilby arrangement av høg litterær kvalitet.

Bibliotekvennane gjer ein betydeleg innsats for å halde biblioteket ope utover betjent tid.

Nytt for 2024 :

Tøyveskebiblioteket i to barnehagar. Vi har levert ut bokposar som foreldre i ein travel kvardag kan låne og levere i barnehagen. Dette er eit samarbeid med Ulstein mållag som sponsar mykje av bøkene.

Kunstutstilling i biblioteket i samarbeid med førskulegruppene i alle barnehagane har og vore ein suksess. Førskulegruppa les ei bok og lagar kunstverk som vert stilt ut i biblioteket. Vi inviterer borna og feira opninga i biblioteket med besøk av forfattar. Høgtlesing kvar laurdag i samarbeid med mållaget er godt integrert tilbod med mykje besøk.

Vi skal over på nytt biblioteksystem no i vår som vil medføre stengt i alle fall i ei veke eller meir.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i
	2023	2024	2024	2024		%
Sum	2 231	2 083	1 743	1 873	-209	-11,2 %

Kommentar til status økonomi

Ulstein bibliotek har gjennom mange år vore underbudsjettert i høve løn. Biblioteket slik også med tronge budsjett knytt til andre driftsutgifter.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	2 062	1 471	1 696	1 953
Refusjon lønn	-28	0	-94	-94
Sum Lønn	2 034	1 471	1 601	1 858
Drift	415	278	278	452
Kjøp av produksjon	25	0	0	1
Overføringer	77	27	57	79
Finansutgifter	67	0	0	59
Sum Utgifter	583	305	335	592
Brukerbetaling	-21	-6	-6	-29
Refusjoner	-365	-27	-57	-272
Finansinntekter	0	0	0	-67
Sum Inntekter	-386	-33	-63	-367
Netto resultat	2 231	1 743	1 873	2 083

IMU

Om oss

Inkludering og mangfold i Ulstein (IMU) rommar tenesta for flyktningar, spesialpedagogisk team for førskulen (FØ-teamet) og Ulstein kompetansesenter med kommuneløpoged, norskopplæring, grunnskule og spesialpedagogikk for vaksne. IMU koordinerer kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottak, og har dessutan i oppdrag å utvikle tiltak som fremmar god inkludering og samhandling.

Sjukefråvær

IMU har ein oppgang i sjukefråværet i 2024. Dette skuldast i hovudsak fleire langtidssjukemeldte. Sjukefråværet har ved nokre høve gjort det krevjande å levere levere tenestene som normalt.

Oppsummering av året

Ulstein kommune busette 80 flyktningar i 2024. Dei tre siste åra har det vorte busett omlag 340 flyktningar. Om lag 40 av desse har flytta frå kommunen. IMU koordinerer kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottaka som Link AS driv, og yter mellom anna opplæring til dei som bur ved mottaka. Dette har ført til ei stor auke i tenestebehovet ved IMU dei siste åra. Gjennom 2024 har talet på flyktningar som kjem til Noreg gått ned. Dermed vil også framtidig tenestebehov ved IMU gå ned. Hausten 2024 har ein difor redusert talet på tilsette ved IMU.

God språkopplæring essensielt for integreringsarbeidet. Dei som vert busette har rett til norskopplæring i inntil 1,5 år. Ulstein kompetansesenter har i gjennomsnitt hatt omlag 170 elevar gjennom året. Totalt har 340 elevar frå 32 nasjonar mottatt undervisning i 2024 (151 menn og 189 kvinner).

IMU jobbar for å skape god kvardagsintegrering for både små og store som vert busett i kommunen. For å lykkast er ein avhengig av omfattande og godt samarbeid med fleire av dei andre tenestene i kommunen, slik som skular, barnehagar, Nav og UEKF, samt frivillige lag og organisasjonar.

Arbeid med å få busette flyktningar inn i ordinært arbeid, er eit avgjerande fokus for IMU. Dette er av stor betydning både for den einskilde og for lokalsamfunnet generelt. IMU har erfart stor velvilje til å ta imot flyktningar både i arbeidspraksis og ordinært arbeid hos næringslivet og det offentlege. For å jobbe systematisk med overgang til arbeid, har IMU etablert utviklingsprosjektet "Bru til arbeid". Her vert det jobba med å utvikle korte og spissa kvalifiseringsløp retta mot bransjar med rekrutteringsbehov. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har løyvd pengar til prosjektet i tre år. I 2024 gjennomførte ein kvalifiseringsløp i barne- og ungdomsarbeidarfaget og innan maritim næring. For begge løpa var overgang til arbeid betydeleg høgare enn etter ordinært introduksjonsprogram.

IMU har også dette året selt tenester i integreringsfeltet til Sande kommune.

IMU yter fleire tenester som ikkje er retta mot flyktningar. Førskuleteamet gir spesialpedagogisk hjelp i barnehagefeltet. Spesialpedagogane har base ved IMU, men jobbar i alle barnehagane i kommunen. Talet på vedtak om både spesialpedagogisk hjelp og logopedhjelp har vore høgt i 2024. Det har tidvis vore krevjande å få på plass tenestetilbod raskt nok, ettersom tidsfristen frå sakkunnig vurdering er ferdig til tiltaket skal vere på plass, er kort.

Ein har hatt ein svak nedgang i talet på vaksne elevar som får tilrettelagt opplæring. Det har kome nokre elevar til, samstundes som nokre elevar har slutta.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	32 251	28 396	41 073	42 538	14 142	33,2 %

Kommentar til status økonomi

IMU har samla positivt avvik på 14,1 mill i 2024, av dette står Ulstein kompetansesenter (ansvar 2901) for 4,7 mill, og flyktningtenesta (ansvar 2900) for 9,4 mill. Årsakene til avviket fleire og samansette.

Gjennom året har ein hatt fokus på kostnader. Ein har tilpassa talet på tilsette til tenestebehovet, mellom anna ved at engasjement ikkje har vorte forlenga. Dette har gitt eit positivt avvik på lønskostnader.

Talet på deltakarar i introduksjonsprogrammet har vore lågare enn forventa. Dermed har kostnaden til introduksjonsstønad, som er ein lovpålagt stønad til deltakarar i programmet, vorte lågare enn forventa. Dette utgjer eit positivt avvik på om lag 3 mill.

IMU har ei variabel inntektsside. I 2024 har følgjande felt bidrege til positive avvik:

- IMU sel tenester til både NAV, grannekommunar og andre. Ved sal av tenester legg ein ikkje opp til eit overskot. Samstundes gjer sal av tenester at ein får utnytta kapasiteten betre, slik at totalen vert positiv.

- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) kan ved gitte høve gi tilskot til kostnader i enkeltsaker. Ein har lagt vekt på å søke om dette, og har løyst oppgåvene som løyser ut tilskot med personalressursar ein allereie har.
- Det er eit stort positivt avvik på norsktilskot. Dette tilskotet skal dekke kostnader til lovpålagt opplæring innan norsk og samfunnsfag. Ein har tidvis hatt fleire elevar enn forventa, som har gitt høgare tilskot. Her er det verdt å merke seg at noko av det positive avviket skuldast periodisering. Tilskot vert ofte utbetalt ved starten av opplæringsperioden. Opplæringa varer ofte i eitt år, og går difor inn i neste år.

Økonomien i flyktning- og vaksenopplæringsfeltet er uoversiktleg. Både kostnader og tilskot vert i stor grad utløyst av einskildpersonar. På starten av året har ein ikkje oversikt over kven som kjem til kommune, og kva tilskot desse vil løyse ut. Det er difor særleg viktig at ein har kontinuerleg økonomifokus og kostnadskontroll. Ein del av det positive avviket er knytt til periodisering. Mange tilskot er meint å dekke framtidig tenestebhov, slik at kommunen må yte tenester i 2025 for tilskot ein fekk i 2024. Når talet på busette går ned, vil dette gi ei negativ effekt, som ein skal vere merksam på i 2025.

Integreringstilskotet vert ført som ei generell inntekt, og ikkje ipå IMU sitt område. Også her er det positive avvik, men dette går ikkje fram av IMU sin rekneskap.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	37 347	43 335	45 925	40 946
Refusjon lønn	-915	0	-975	-975
Sum Lønn	36 431	43 335	44 950	39 971
Drift	3 904	3 390	3 240	3 100
Kjøp av produksjon	4 172	4 534	4 534	4 465
Overføringer	2 045	3 044	3 257	2 002
Finansutgifter	164	0	0	441
Sum Utgifter	10 284	10 968	11 031	10 007
Brukerbetaling	-363	-650	-650	-783
Refusjoner	-13 925	-12 580	-12 793	-20 543
Overføringer	-7	0	0	0
Finansinntekter	-171	0	0	-256
Sum Inntekter	-14 465	-13 230	-13 443	-21 582
Netto resultat	32 251	41 073	42 538	28 396

Helse og omsorg

Om oss

- Kristin Vik
kommunalsjef

Helse- og omsorgsetaten omfattar tenester for alle innbyggjarane i kommunen gjennom heile livsløpet, og i dette inngår

- kommuneoverlege med legeteneste, legevakt og fysioterapi
- helsestasjon med tenester til barn og unge og deira føresette, svangerskap og barselomsorg
- omsorgstenester med heimesjukepleie og tenester for rus og psykisk helse
- institusjon/sjukeheim med langtidsplassar, korttidsavdeling og dagtilbod
- omsorgsbustadar med heildøgns tenester og bu- og habiliteringsteneste
- kommunepsykolog
- interkommunalt Nav
- barnevernteneste – Søre sunnmøre barnevernssamarbeid

Helse og omsorg samarbeider med Ålesund kommune om krisesenter for menn og kvinner, overgrepsmottak og barnevernsvakt.

I omsorg inngår også administrative fellestenester som kjøkken, vaskeri, ambulerande vaktmeister, hjelpemiddelformidling, sakshandsaming, vederlagsberekning og koordinerande eining. Kommunalområdet har overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane, og er difor ein sentral aktør i det kommunale folkehelse- og planarbeidet.

Tenesteområdet har omlag 265 årsverk fordelt på meir enn 300 tilsette.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i helse og omsorg viser nedgang frå 2022 og 2023. Det er sjølvsagt variasjon mellom dei ulike einingane, men samla sett ser vi nedgang i nesten alle einingar. Alle einingar har HMS-grupper og leiarar som aktivt følgjer opp sjukefråvær og aktuell tilrettelegging. Sjukefråværet i helse og omsorg i Ulstein er lågare enn snittet for landet innan pleie og omsorg, som ifølge KS ligg rundt 9,3 % i 2024.

	2022	2023	2024
Sjukefråvær i %	10,4	9,35	8,8

Overordna mål

Måla for 2024

- **Eit aldersvennleg samfunn:** Ulstein kommune er eit demensvennleg samfunn og har satsa på tidleg oppdaging av demens og tilrettelagde tenester.
- **Gode tenester til innbyggjarane i alle livsfasar.**
- **Innovasjon og nytenking:** Gjere nytte av ny teknologi for å styrke og effektivisere tenestetilbodet.
- **Tilpassa bustad til dei med særlege helseproblem:** Ulstein ser omsorgsbustadar og gode heimetenester som alternativ til sjukeheim.

For å møte utfordringa med auka behov og krav til omsorgstenestene, er det nokre særlege satsingsområde vi må arbeide vidare med, og dette arbeidet held fram i 2025. I tillegg til å vidareutvikle strategien rundt 300-metersbyen, meiner vi det er viktig at helse og omsorg framleis utviklar

- ressursorientert saksbehandling og tildelingspraksis
- tidleg innsats på alle tiltaksområde
- gode pasientforløp – på rett plass i innsatstrappa
- tilpassa bustad til alle med særlege helseutfordringar
- leve heile livet i eit aldersvennleg samfunn – gode møteplassar
- rekruttering og kompetansebygging
- god oppgåvedeling og berekraftig bemanningsplanlegging

Oppsummering av året

Helse og omsorg i Ulstein driftar effektivt og skårar godt på kvalitet. Det vart stadfesta i rapport frå Agenda Kaupang i juni 2024. Og som sagt i budsjett 2025 kan det utgangspunktet gjere framtidsutfordringa ekstra krevjande. Er det mogleg å hente meir ut av ein allereide effektiv organisasjon? Vi vel å snu litt på det og tenke at det utgangspunktet vi har, som ein samhandlande og effektiv organisasjon, skal vere vår styrke i møte med utfordringsbildet. For bak den effektive drifta står det godt kvalifiserte, dedikerte og løysingsorienterte leiarar og tilsette, som har levert kvalitativt gode helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i Ulstein 24/7 gjennom heile 2024, samstundes som sjukefråværet har gått ned. Leiarar og tilsette fortener stor ros for godt arbeid gjennom heile året. Det er denne innsatsen som gjer at Ulstein skårar godt på KS sin indeks for produksjon, ressursbruk og effektivitet, med ein relativ effektivitet i pleie og omsorg på 1,39. Det er høgare enn landet og mange andre kommunar vi kan samanlikne oss med.

Nye omsorgsbustadar

Første spadetak i Skollebakken 1 vart teke i april, og det var spennande å sjå bygget røyse seg fram til det stod pynta med stjerne til jul. Vi ser fram til å ta i bruk ny personalbase og nye bustadar og utvikle tenestene vidare. Rapporten frå Agenda Kaupang stadfesta effektiv drift, og gav oss i tillegg god informasjon om tenesteprofil og ressursfordeling i omsorg. Dette gir god innsikt til vidare arbeid med fordeling og prioritering i utfordringsbildet vi står midt i. Alt dette fekk vi vise fram til statsråden som kom på besøk til Ulstein for å sjå nærare på 300-metersbyen og bruk av velferdsteknologi i heimebaserte tenester.

Framtidas journalløysing

I mai 2024 vart Helseplattformen sett på vent og vi inngjekk nytt samarbeid med BOEN saman med 5 andre kommunar på søre. BOEN-samarbeidet består av Bergen, Bærum, Bodø, Kristiansand og Stavanger kommunar med fleire samarbeidskommunar (som til dømes Oslo). Desse kommunane har forplikta seg til å lage ei felles ramme for anskaffingar av framtidas journalløysing. Gjennom denne opsjonen får vi ein uforpliktande rett til å nytte avtalen, og står også fritt til å gjennomføre egne anskaffingar som dekker det same behovet.

Ny teknologi

Omsorg deltek i kompetanseløftet 2.0 med fokus på teknologi og strategi, organisasjon og leiing. Vår evne til å ta i bruk ny teknologi vil vere avgjerande for kor godt vi lukkast med oppdraget.

Forebygging

Ulstein har stabil og god fastlegedekning og det vart oppretta ny fastlegeheimel i 2024. Dette auka kapasiteten, men vi har likevel meir enn 1000 listepasientar frå andre kommunar, og vi kan ikkje styre kven som vel seg fastlege i kommunen. Det vart utarbeidd plan for psykososial oppfølging, og vi byrja arbeidet med å sjå meir på beredskapsplanar i helse og omsorg. Helsestasjonen er i stadig utvikling for å fremje psykisk og fysisk helse og gode sosiale og miljømessige forhold. Helsestasjonen arbeider også for å forebygge sjukdom og skade, utjamne sosiale helseskilnadar og forebygge, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt.

Leiarskifte

Einingane i omsorg har utgjort ei stabil leiargruppe gjennom mange år, men i 2024 vart det leiarskifte i eining 2. Det er fint at vi kan rekruttere nye leiargar frå egne rekke, samtidig som vi ønskjer å vere attraktive for søkjarar utanfrå. Det vart også oppretta ny stilling og tilsett miljøvaktmeister i samarbeid med eigedomsavdelinga. Denne stillinga skal medverke til betre oppfølging av leigetakarar med liten eller dårleg buene, og vere ein brubygge mellom leigetakar og tenestene.

Internkontroll

Kontrollutvalet i Ulstein kommune gjorde 07.03.2023 i sak 17/23 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til saksbehandling og etterleving av gjeldande rutinar og prosedyrar innanfor tenesteområdet pleie og omsorg. Målsettinga for prosjektet har vore å vurdere om Ulstein kommune har tilfredsstillande intern kontroll (rutinar og prosedyrar) som er i samsvar med aktuelle lover og forskrifter, og om rutine og prosedyrane blir etterlevd.

Utført kontroll knytt til kommunen si vederlagsutrekning og fakturering av brukarar som nyttar langtidsopphald på sjukeheim, viste at dette var gjort i samsvar med aktuell rutine og gjeldande lovverk.


Revisjonen konkluderte med at sakshandsaminga i dei utvalde områda i tillegg til vederlagsutrekning, i stor grad er i samsvar med aktuell rutine og gjeldande lovverk. Utover dette vart det gitt ei rekkje anbefalingar som omsorg kontinuerleg arbeider med å oppfylle og etterleve.

Avvik

Totalt vart det meldt 954 avvik i helse og omsorg. Det er 100 fleire enn året før. Helse og omsorg har god kultur for å melde avvik, og nyttar det til forbetring og utvikling av tenestene. Avvik knytt til det som i systemet høyrer til i kategorien vald og trugslar, utgjer nesten halvparten av avvika. Det er alvorleg, men gir oss også god innsikt. Ein god del av disse avvika er påreknelege i arbeid med menneske med store hjelpebehov. For tilsette som står i dette over tid er det likefullt belastande, og det kan ha samanheng med sjukefråvær. Saman med kommunepsykologane legg vi til rette for rettleiing og oppfølging i einingane, som kan styrke dei tilsette i møte med slike utfordringar over tid.

Utvikling og utfordringar

Demografien i Ulstein endrar seg raskt fram mot 2035.



På grunn av denne endringa vil helse og omsorg trenge vidare styrking for å møte venta behovsvekst. Vi må samtidig omstille oss og løyse behov på nye måtar, tilpassa dei rammene vi til ei kvar tid får. Vi må oppretthalde den effektiviteten som pregar omsorg idag, og vi må sjå på tenesteforløp i heilskapleg innsatstrapp, slik at vi utifrå faktiske behov styrkar rett nivå i trappa. Kort sagt må vi utvide kapasiteten på rett plass, på rett måte.

Gjennom TØRN ser vi på oppgåvefordeling som vil gi oss innsikt i kompetansefordeling og kompetansebehov for å møte behovsveksten i pleie og omsorg framover. Vi vil ha fokus på å bygge gode lag og gode fagmiljø som det skal vere attraktivt å søkje seg til. Vi vil vere aktive og ta i bruk aktuell teknologi og løysingar som støttar opp om betre kapasitet og tenester.

Strategien rundt 300-metersbyen er eit godt grep som må utviklast vidare slik at vi kan oppretthalde produksjonsindeksen og den relative effektiviteten, der vi i dag skårar godt. Vi vil også vere positive til utvikling og samarbeid med andre for å løyse oppgåvene meir effektivt, og vil utforske det nærare i 2025.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
300-Fellestenester admin.omsorg	-12 669	-7 702	7 915	-15 635	-7 933	-50,7 %
301-Eining 1: Heimetenester	56 265	60 972	44 530	58 316	-2 656	-4,6 %
302-Eining 2: Holsekerdalen omsorgsbustader	30 530	33 431	27 847	32 067	-1 365	-4,3 %
303-Eining 3: Alvehaugen bu og rehabilitering - korttid	45 965	44 966	39 004	43 907	-1 059	-2,4 %
304-Eining 4: Alvehaugen bu og rehabilitering - langtid	36 025	35 936	33 810	36 455	520	1,4 %
305-Eining 5: Holsekerdalen bu og habilitering	44 841	51 420	39 977	48 180	-3 240	-6,7 %
320-Nav	23 126	24 116	21 083	24 105	-11	0,0 %
330-Barnevern	20 742	17 365	18 589	18 589	1 223	6,6 %
350-Helsestasjonsteneste	13 217	13 667	11 024	12 484	-1 183	-9,5 %
351-Legeteneste	24 399	27 259	18 205	23 203	-4 056	-17,5 %
Sum	282 442	301 432	261 983	281 671	-19 761	-7,0 %

Kommentar til status økonomi

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk for 2024 på 19,7 millionar kroner. Meirforbruket fordeler seg på fleire einingar. Dei store avvika er knytt til kostnad av avtalar om legeteneste og legevakt som ikkje var budsjettet for. Det er vidare knytt til mindreinntekt for ressurskrevjande tenester som følgje av endring i tenestenivå gjennom året og bortfall av refusjon på grunn av alder. Det er også meirforbruk knytt til styrka bemanning i heimeteneste og omsorgsbustadar. Det var særleg press på sjukeheims plass i 2024 og fleire komplekse oppgåver måtte løysast i heim og omsorgsbustad. Barnevern hadde mindreforbruk som følgje av bortfall og endring i tiltak utanfor heimen.

Oppsummering tiltak

Helse og omsorg vil arbeide vidare med stillingsbudsjett i alle einingar og meir realistiske budsjett i einingar med særleg press på tenesta. Budsjett og forventa inntekt for ressurskrevande tenester vil verte knytt til aktuell eining der tenesta vert levert.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	251 027	211 186	247 096	262 761
Refusjon lønn	-12 662	84	-12 873	-12 873
Sum Lønn	238 365	211 270	234 223	249 888
Drift	19 701	27 756	17 110	19 036
Kjøp av produksjon	95 812	86 482	97 742	101 258
Overføringer	3 797	2 821	4 615	4 250
Finansutgifter	1 488	170	556	563
Sum Utgifter	120 798	117 229	120 023	125 107
Brukerbetaling	-14 717	-12 269	-12 269	-16 456
Refusjoner	-60 919	-54 177	-59 983	-55 516
Overføringer	-52	0	0	-146
Finansinntekter	-1 033	-70	-323	-1 444
Sum Inntekter	-76 721	-66 516	-72 575	-73 563
Netto resultat	282 442	261 983	281 671	301 432

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Bil miljøvaktmeister	400	392	8	400	392	8
Bilar omsorg - utskifting frå leasing til kjøp	6 500	4 294	2 206	975	369	606
Pasientvarsling Alvehaugen	6 367	6 369	-3	1 304	1 306	-2
Sum	13 267	11 055	2 211	2 678	2 067	611

Statustekst investeringar

Bilar omsorg - utskifting frå leasing til kjøp

Kjøpt 1 bil i 2024 og må vidare investere i nye eller brukte bilar i 2025.

Pasientvarsling Alvehaugen

Pasient varslinga er i drift og fungerer godt.

Pasientvarsling Holsekerdalen 20 og 22

Prosjekt er avslutta. Kostnaden er tilbakebetaling av ubrukte lånemidlar.

Velferdsteknologi 2024-

Prosjekt er avslutta. Kostnaden er tilbakebetaling av ubrukte lånemidlar.

Fellestenester admin.omsorg

Om oss

Leiar; Kristin Vik

Til fellesavdelinga omsorg ligg i tillegg til kommunalsjef, kommunepsykolog, administrasjon og merkantilt tilsette med ansvar for sakshandsaming, vederlag, gerica drift , velferdsteknologi og lærlingar. Løn einingsleiarar ligg også her. Utgifter til Skollebakken aktivitetshus og PMTO, individuell foreldreveiledning, ligg også her. PMTO er eit interkommunalt samarbeid med kommunane Hareid, Sande og Herøy.

Av 2 årsverk kommunepsykolog, går 20 % til PPT og 40 % til Sande kommune. 80 % stilling stod vakant gjennom heile året.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i fellesavdelinga var i snitt gjennom året 4,1 %, ein svak nedgang frå 2024.

	2022	2023	2024
Sjukefråvær i %	7,13	4,27	4,1

Oppsummering av året

Aktiviteten gjennom året er prega av å tilrettelegge for den døgkontinuerleg drifta i Omsorg gjennom heile året. Sakshandsaming og vederlagsberekning, ajourhald av pasient og journalsystem og ressurstyringssystem. Det vert tilrettelagt for lærlingar, søknad om kompetansemidlar og bruk av velferdsteknologi for å nemne noko. Kommunepsykologane står for veiledning, kompetanseheving og tenesteutvikling i organisasjonen.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-12 669	-7 702	7 915	-15 635	-7 933	-50,7 %

Kommentar til status økonomi

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk som i hovudsak er knytt til mindreinntekt for ressurskrevjande tenester. Dette skjer som følgje av endringar og variasjon i tenestenivå gjennom året, samt at brukar fell ut av ordninga pga alder.

Oppsummering tiltak

Ny og grundig gjennomgang av aktuelle ressurskrevjande tenester i samband med budsjettarbeidet for 2026. For 2026 håper vi knyte budsjettinntekt for ressurskrevjande tenester til aktuell eining som yter tenesta.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	14 624	18 615	13 625	13 823
Refusjon lønn	-252	0	-222	-222
Sum Lønn	14 372	18 615	13 403	13 601
Drift	1 803	15 778	820	933
Kjøp av produksjon	1 770	4 760	1 380	1 932
Overføringer	885	2 198	1 241	797
Finansutgifter	561	0	0	0
Sum Utgifter	5 019	22 736	3 441	3 662
Brukerbetaling	-29	-51	-51	-24
Refusjoner	-31 745	-33 385	-32 428	-24 536
Finansinntekter	-287	0	0	-404
Sum Inntekter	-32 060	-33 437	-32 479	-24 965
Netto resultat	-12 669	7 915	-15 635	-7 702

Eining 1: Heimetenester

Om oss

Heimetenesta inneheld heimesjukepleie, heimhjelpverksemd, teneste for psykisk helse og rus, koordinerande eining, ergoterapitenesta, kvardagsrehabilitering, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsstønad og avlasting i privat heim og Petterbakken 4 som er ein bustad for utviklingshindra menneske.

Sjukefråvær

Sjukefråvær for 2024 er i snitt gjennom året 7,4 % som er ein nedgang frå 2023. Sjukefråværet har vore lågt i alle avdelingar i eining 1.

Oppsummering av året

Aktivitet 2024

- auka satsing på velferdsteknologi
- fokus på “det gode pasientforløp” for pasientar i heimesjukepleia
- gode rutinar for sakshandsaming/klage-handsaming
- satsing på godt og forsvarleg arbeidsmiljø, god rekruttering
- opplæring av tilsette ved bruk av e-læring og praktisk øving

Heimetenesta har også dette året hatt auke i oppdrag og brukarar i heimetenesta. Det er stadig større press på tenesta med utskrivning av pasientar frå sjukehus som treng ferdig-behandling i heimen. Liggetida på sjukehus går stadig ned, og det er kommunen som overtek ansvaret for den medisinske og faglege oppfølginga. Vi får stadig meir fagleg utfordrande oppfølgingsansvar i kommunen. Dette krev fokus på samhandling og satsing på kompetanseheving i alle delar av helse- og omsorgstenestene. Vi satsar vidare på velferdsteknologi og har ved årsskiftet 26 medisindispenserar i drift, i tillegg til anna smartteknologi som gjer at brukarar kan bu lenger heime. Dette frigir tid til andre tenester til

brukarane, og tek av litt mot trykket på sjukeheimen og bemanna omsorgsbustader. Heimesjukepleia har ansvaret for 13 omsorgsbustader i Sjøgata. Her har vi sett at nokre av bebuarane har vorte meir hjelpetrengjande i løpet av året, og vi har periodevis bemanna opp bustadene for å unngå å måtte flytte brukarar til sjukeheims plass. Heimesjukepleia praktiserer strenge prioriteringar i høve til å innvilge heimesjukepleie i heimen. Trass dette ser ein at ein no har behov for å auke grunnbemanninga i tenesta for å bestå brukarane og gi dei forsvarleg helehjelp slik at dei kan bu i heimen så lenge som råd.

Psykisk helse og rusteneste: Det er stor auke i etterspurnad av tenester. Vi har etter kvart eit godt kompetent team som arbeider med desse brukarane, men oppdragsmengda er aukande og det er per i dag ventetid på tenester. Vi har fast vegleiiing av psykolog til personalet. Dette gir auka kvalitet og bidrar til god tenesteutvikling og betre ressursutnytting. Vi har inne ei prosjektstilling innan kommunalt rusarbeid, noko vi vil søke vidareført til 2025.

Ergoterapi/ kvardagsrehabilitering: Stor etterspurnad på tenester og hjelpemidlar. Dette gjer arbeidssituasjonen til dels utfordrande og krevjande og trykket på dei tilsette er stort.

Koordinerande eining: Har mange brukarar som krev koordinering og oppfølging som det kanskje ikkje er ressursar til. Dette tvingar fram nye tenester som til dømes "barnekoordinator" og ambulant oppfølgingsteam.

Petterbakken 4 er ei avdeling for utviklingshindra menneske som har god kvalitet og stabil bemanning, og som fekk arbeidsmiljøprisen for 2024.

Vi opplever å ha godt arbeidsmiljø i eininga og god rekruttering til ledige stillingar.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	56 265	60 972	44 530	58 316	-2 656	-4,6 %

Kommentar til status økonomi

Heimetenesta hadde eit mindreforbruk i høve til revidert budsjett på 1,7%. Tenesta har er auka pga stort tenestebehov og for lita grunnbemanning. Difor mykje ekstrainnleige og overtid i periodar. Det var også meirforbruk på grunn av auke i ordningar med brukarstyrt personleg assistanse - totalt avvik - 4,6 % på eining 1 Heimetenester.

Petterbakken 4 gjekk nokolunde i balanse med eit meirforbruk på -0,5 %

Petterbakken 12/ 14 vart nedlagt i løpet av året pga endringar i drifta og hadde mindreforbruk på 31,5%

Støttekontakter hadde eit mindreforbruk på 7,8 %

Personleg assistanse mangla budsjett og hadde difor eit meirforbruk på -476,8 %

Oppsummering tiltak

Dei største avvika i eining 1 handlar om ei hardt pressa heimetenesta og brukarstyrt personleg assistanse, som har kostnader som kan få store utslag ved endring hjå brukarane og refusjonar i ordninga “ særleg ressurskrevjande brukarar”.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	44 555	34 514	45 543	48 410
Refusjon lønn	-1 914	0	-2 213	-2 213
Sum Lønn	42 641	34 514	43 329	46 197
Drift	2 925	2 019	2 544	2 993
Kjøp av produksjon	13 806	9 592	14 037	14 774
Overføringer	512	0	761	763
Finansutgifter	45	0	0	9
Sum Utgifter	17 288	11 612	17 343	18 539
Brukerbetaling	-1 422	-1 345	-1 345	-1 514
Refusjoner	-2 242	-250	-758	-1 943
Overføringer	0	0	0	-9
Finansinntekter	0	0	-253	-297
Sum Inntekter	-3 663	-1 595	-2 356	-3 763
Netto resultat	56 265	44 530	58 316	60 972

Eining 2: Holsekerdalen omsorgsbustader

Om oss

Om oss

Leiar: Marlen Breivik Kristensen

Avdeling Ulshaugen/Holsekerdalen 20 har yter tenester til omlag 55 bebuarar i omsorgsbustader der storparten har behov for heildøgntenester. Avdeling Hovstøylvegen gir tenester til 3 personar med behov for heildøgntenester, og har høg bemanningsfaktor. Avdeling Lisjenotten vert drifta i samarbeid med Sentral fagenhet for tvungen omsorg.

Sjukefråvær

Sjukefråvær

2021	2022	2023
11,64	8,16	10,36

Det totale sjukefråværet på dei ulike avdelingane på eining 2 har auka frå 10,36 i 2023 til 10,98 i 2024. Sjukefråværet svingar litt frå år til år av ulike årsaker, og i 2024 er det nokre tilsette som har vore vekke heile og/eller store delar av året av ulike årsaker.

Oppsummering av året

Oppsummering av året

I avdeling Ulshaugen/Holsekerdalen 20 har ein bebuar forsterka bemanning med høg personalfaktor. Bebuarane er fordelte på fleire ulike bygg og det er store gangavstandar. Mange av dei som bur her har høg alder og er multisjuka med eit stort og samansett hjelpebehov. Bebuarane bur her livet ut, og det er mykje logistikk å drive tung pleie i omsorgsbustader. Fleire av bebuarar med utfordringar innanfor psykisk helse treng tett oppfølging. Bebuarar som får tildelt omsorgsbustad har eit større hjelpebehov no enn tidlegare, og det kan difor vere krevjande å klare å gi tett nok hjelp til bebuarar som bur i "ubemanna bustader" på Ulshaugen. Det gjer også at desse bustadane ikkje er like lett å tildele. Vi ser eit auka behov for bemanna omsorgsbustader der bebuarane kan få tilsyn gjennom heile døgnet og tillaga måltid.

Avdelinga er godt organisert og alle ressursar er godt utnytta. Det er mykje trakk og høgt arbeidstempo. Fleire av dei tilsette har mellom anna hatt problem med betennelsestilstandar i beina og sjukefråvær er knytt til dette, og vi fekk auke grunnbemanning frå januar 2024 etter påtrykk frå tillitsvalde og verneombod. Sjukefråværet i 2024 har stige til 14,87%, men det kjem mest av at nokre har vore vekke heile eller store delar av året. Korttidsfråværet på under 8 dagar og fråværet mellom 17-60 dagar har begge gått ned i 2024, og det er færre eigenmeldingsdagar, noko som kan tyde på at auken i grunnbemanning har hatt effekt. Fråværet for under 60 dagar har totalt gått ned frå 3,52% i 2023 til 2,25% i 2024.

Avdeling Hovstøylvegen yter stabile tenester, men har hatt ei stor utskifting av personalgruppa.

Avdeling Lisjenotten er framleis drifta i samarbeid med Sentral fagenhet for tvungen omsorg, og er fullfinansiert av staten. Avdelinga gir heildøgnssteneste til ein brukar med forsterka bemanning og er i fyrste omgang fram til sommaren 2025. Avdelinga følger brukaren til arbeid og aktivitetstilbod og jobbar med meistring, vekst og utvikling. Avdelinga har ikkje hatt alvorlege hendingar sidan oppstarten.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	30 530	33 431	27 847	32 067	-1 365	-4,3 %

Kommentar til status økonomi

I eining 2 er budsjettet skeivfordelt på ansvar 3021 og 3020, der fyrstnemnde går mykje i minus og sistnemnte i pluss.

Det er for lite budsjettert både til fastløn, til avtalefesta tillegg og heilagdagestillegg, dette er av dei største postane i minus. Det har også vore brukt ein del overtid pga fleire sjukmeldingar samtidig i fleire av avdelingane, og det har vore fleire vakante stillingar over fleire månader.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	41 217	36 810	43 332	45 987
Refusjon lønn	-2 056	84	-2 593	-2 593
Sum Lønn	39 161	36 894	40 739	43 393
Drift	3 087	2 585	2 960	2 355
Kjøp av produksjon	2 660	3 792	3 792	2 701
Overføringer	322	133	331	334
Finansutgifter	0	0	0	0
Sum Utgifter	6 069	6 510	7 084	5 390
Brukerbetaling	-146	-89	-89	-141
Refusjoner	-14 554	-15 468	-15 667	-15 208
Overføringer	0	0	0	-3
Sum Inntekter	-14 700	-15 557	-15 756	-15 352
Netto resultat	30 530	27 847	32 067	33 431

Eining 3: Alvehaugen bu og rehabilitering - korttid

Om oss

Leiar: Gunn Sætre

Eining 3, Korttid

- avdeling G som er korttidsavdelinga på sjukeheimen (18 plassar) Avdelinga tek imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og heimebuande som treng rehabilitering eller behandling for ei kortare eller lengre periode.
- HI- fløya som er 21 omsorgsbustader på Alvehaugen. Dei 24 brukarane som bur der er i hovudsak eldre med stort hjelpebehov.
- Dagsenter for eldre på Alvehaugen som gir tilbod til heimebuande eldre.
- Ambulerande tenester er sørvisarbeidarar som er sjåførar i Helse og omsorg. Dei køyrer ut mat til heimebuande, hentar brukarar på dagsenteret og har ansvaret for bilane i helse og omsorg. Avdelinga har og ein hjelpemiddelteknikar som har ansvar for montering, reparasjon og vedlikehald av hjelpemiddel.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i eining 3 i 2024 var på 7,92%, ein nedgang frå 8,95 % i 2023

Oppsummering av året

I 2024 auka presset på korttidsplassar på sjukeheimen enda meir enn fjoråret. Avdelinga hadde 170 innleggingar frå heim og sjukehus, 85 av dei var frå sjukehus. Vi måtte betale fleire bøter til sjukehusa fordi vi ikkje kunne ta imot utskrivingsklare pasientar innan fristen. Utfordringa er at meir enn halvparten av plassane på korttidsavdelinga er langtidsplassar med brukarar som ventar på plass i bemanna omsorgsbustader eller på langtidsavdelingane. Avdelinga har gjennom mest heile 2024 hatt overbelegg på 1–2 plassar og arbeider godt for å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus innan fristen og for å kunne gi naudsynt avlasting, rehabilitering og behandling til heimebuande med

stort hjelpebehov. Mangel på plassar har også i år særleg gått ut over KAD-plassen (opphald for akutthjelp), som i lengre periodar ikkje har vore ledig. Avdelinga arbeider tett saman med heimetenestene for å kunne skrive ut pasientar til heimen så fort det er mogeleg eller om pasientar frå sjukehuset kan reise direkte heim med bistand frå heimetenesta. Vi har og tett samhandling med brukar og pårørande knytt til vurdering av tenestenivå og kva som er forsvarleg tenestenivå.

Dei 21 omsorgsbustadene på Alvehaugen gir eit omsorgsnivå på linje med sjukeheimen og gir god omsorg til brukarar med omfattande hjelpebehov og demens. Der bur 24 brukarar no.

Også på dagsenter for eldre ser ein at brukarane har meir omfattande tenestebehov, særleg knytt til demens. Dagsentertilbodet gjer at fleire kan bu heime lenger og er eit viktig tilbod for dei meste hjelpetrengjande som bur i eigen heim. Vi har avgrensa tilbodet slik at dei som bur i omsorgsbustadar ikkje lenger får plass på dagsenteret. Dette for å prioritere å gje eit best mogeleg tilbod til dei heimebuande som har mindre tett oppfølging rundt seg enn dei som bur i omsorgsbustadane. Brukarane av dagsenteret får sosial aktivisering knytt til måltidsfellesskap, trening, ulike aktivitetar, song /musikk og tilbodet er god avlastning for pårørande med stor omsorgsbyrde. Leiar for dagsenteret er også demens koordinator og er med i utgreiing av demenssjukdom for heimebuande.

Ambulerande tenester leverer varm middag til heimebuande, dei køyrer og hentar dagsenter brukarar, utfører varetransport mellom einingane og har ansvar for oppfølging av omsorgsetaten sine bilar. Hjelpemiddel teknikar har ansvar for utkøyring, montering, reparasjonar og vedlikehald av hjelpemiddel. Det har vore ein auke i tal på formidla hjelpemiddel og kommunen har fått større ansvar for vedlikehald og drift av hjelpemidla enn før. Dette har utfordra korleis tenestenivået skal vere, kor raskt dei ulike hjelpemiddel vert levert og kva vi kan reparere for å behalde. Brukarane er heilt avhengige av hjelpemiddel for å kunne fungere best mogeleg i kvardagen. Hjelpemiddel teknikar har lagt golv på det gamle varmtbadet på Ulshaug for at vi skulle ha nok lagerplass til nødvendige hjelpemiddel som kommune har fått overta frå NAV hjelpemiddelsentral.

Rekruttering av sjukepleiarar har vore ei utfordring i 2024. Stillingar har vore utlyst fleire gongar utan av vi har fått tilsett personale med rett kompetanse. Dette har ført til at avdelingane har gått med vakante stillingar, noko som blant anna har ført til meir bruk av overtid.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	45 965	44 966	39 004	43 907	-1 059	-2,4 %

Kommentar til status økonomi

Samla sett eit negativt avvik på -2,4%. Variasjon mellom dei ulike einingane og vil arbeide vidare med å få dette i balanse. Ein del avvik grunna manglar i variable tillegg.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	38 490	28 444	34 178	37 123
Refusjon lønn	-1 915	0	-1 456	-1 456
Sum Lønn	36 574	28 444	32 722	35 667
Drift	3 044	3 317	3 942	3 141
Kjøp av produksjon	8 792	8 228	8 228	8 760
Overføringer	649	349	665	679
Finansutgifter	27	0	0	17
Sum Utgifter	12 512	11 893	12 834	12 597
Brukerbetaling	-1 978	-889	-889	-1 568
Refusjoner	-993	-444	-760	-1 605
Overføringer	-34	0	0	-118
Finansinntekter	-116	0	0	-6
Sum Inntekter	-3 121	-1 332	-1 649	-3 297
Netto resultat	45 965	39 004	43 907	44 966

Eining 4: Alvehaugen bu og rehabilitering - langtid

Om oss

Leiar: Gunn Helen Hauge Muren

Eining 4 er langtidsavdelingane, produksjonskjøkkenet og vaskeriet på Alvehaugen bu - og rehabiliteringssenter. I tillegg ligg det felles natt teamet under denne eininga.

Langtidsavdelingane består av tre åttar grupper i hovudsak for pasientar med langt komen demenssjukdom, og kognitiv svikt

Kjøkkenet er produksjonskjøkken for omsorgsetaten

Vaskeriet har ansvar for vask at alt pasient tøy både kommunalt og privat, og arbeidstøy til alle tilsette

Natt teamet har ansvar for Alvehaugen bu- og rehabiliteringssenter, Hovstøylvegen, Holsekerdalen 20 og heimesjukepleia

Sjukefråvær

Sjukefråvær 2024 : 9,68

Det har vore ein reduksjon i sjukefråværet siste året, frå 11,96% i 2023. Det er god dialog med dei tilsette, og vi arbeider saman for tilrettelegging i den grad det er mogleg. Samansette årsaker er med å gi svingingar i sjukefråværet.

Oppsummering av året

Eininga opplever ein auke i behovet for demensplassar. Dei som kjem inn har eit stort og samansett hjelpebehov, og ofte krevjande og utagerande åtferd. Dette fører til auka press på dei tilsette. Det vert samarbeidd godt med demenskontakta, noko som er med på å gi gode overflyttingar og samarbeid mellom heim og institusjon. Avdelinga arbeider personsentrert og med miljøarbeid. Måltid, ernæring og tilpassa aktivitet står sentralt.

Natt-teamet samarbeider særst godt på tvers av dei ulike einingane. Det auka presset som er på omsorgstenestene, gir også ei merkbar auke i presset på natt-tenesta.

Kjøkkenet driftar godt. Dei serverer gode og næringsrike måltid, og har fokus på å nytte råvarer knytt til årstidene. Dei driftar kantine for tilsette på Alvehaugen.

Vaskeriet driftar svært effektivt med små ressursar.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	36 025	35 936	33 810	36 455	520	1,4 %

Kommentar til status økonomi

Totalt har eininga eit positivt resultat for 2024. Meirforbruk på løn er i hovudsak knytt til helligdagstillegg, avtalefesta tillegg, pensjonsutgifter og overtid. På utgifter er kjøp av matvarer og arbeidstøy årsak til negativt resultat. Det positive resultatet på inntekter er brukarbetaling for opphald i institusjon.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	45 787	40 577	46 025	47 647
Refusjon lønn	-3 200	0	-3 562	-3 562
Sum Lønn	42 587	40 577	42 463	44 084
Drift	4 360	3 103	3 863	4 741
Overføringer	722	46	786	800
Finansutgifter	2	0	0	8
Sum Utgifter	5 084	3 149	4 649	5 549
Brukerbetaling	-10 821	-9 870	-9 870	-12 880
Refusjoner	-818	-46	-786	-801
Overføringer	-7	0	0	-16
Sum Inntekter	-11 646	-9 917	-10 657	-13 698
Netto resultat	36 025	33 810	36 455	35 936

Eining 5: Holsekerdalen bu og habilitering

Om oss

Leiar: Aase Djupvik

Eining 5 består av avlasting for born og unge, bu-tilbod og dagsenter for menneske med funksjonsnedsetjing og ambulant miljøteneste.

Sjukefråvær

I 2024 var der ei auke i langtidsfråvær. Det eigenmeldte sjukefråværet ligg stabilt samanlikna med 2023. Ingen av sjukmeldingane kan knyttast til arbeid.

Samla fråvær auka frå 7,8 til 11% frå 2023 til 2024

Oppsummering av året

Eining 5 er prega av individretta tenester med høg aktivitet og kompleksitet. Det krev stor grad av koordinering og samhandling med fleire einingar og samarbeidspartar. På grunn av press på avlastinga for barn og unge, vart avlastinga utvida ved å ta i bruk 3 leilegheiter på Ulshaug området. Det vart også oppretta ambulant miljøteneste for brukarar som treng råd og rettleiing for å bu sjølvstendig i bustadar utan tilknytt personalbase. Dette vart gjort ved å omdisponere ressursar internt i eininga. Kort oppsummert viser dette aktiviteten i eininga i 2024;

- oppstart av ambulant miljøteneste
- stor auke i behovet for avlasting til barn og unge. Tilbodet vert gitt i avlastinga i Holsekerdalen 22, Holsekerdalen 24 og Ulshaugen. Det krev mykje resursar å koordinere hjelp til born og unge som ofte har samansette behov. Det krev god samhandling med føresette, skular, lege, PPT, ergoterapeutar og barnehabiliteringa. Det krev også tett oppfølging av personalet som arbeider i avlastinga.
- tok i bruk tre nye leilegheit til barneavlastning på Ulshaugen.
- legg vekt på brukarmedverknad
- oppstart av mitt livs ABC for personale i eininga, kurset fortsett inn i 2025
- god samhandling mellom skule, avlasting og Holsekerdalen 24
- arbeid med gode kommunikasjonshjelpemiddel for brukarane (ASK)
- Plassen som aktivitetsarena er eit viktig tiltak både for dei som bur i Holsekerdalen 22 og dei som bur i egne bustader.
- opplæring til foreldre, tilsette og personale i skule, i bruk av digitale kommunikasjonshjelpemiddel
- fokus på eit vidare godt arbeidsmiljø

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	44 841	51 420	39 977	48 180	-3 240	-6,7 %

Kommentar til status økonomi

Avdelinga går i minus 8,5 på grunn av akutt plassering av brukar i privat omsorg.

Avdelinga hadde fleire vakante stillingar gjennom heile året som fører til innleie av vikarar, tilsetting i disse stillingane februar 2025

Avlastinga har som førre år ei auke i søknadar til avlasting for born og unge. opna tre nye leilegheiter.

Akutt plassering av brukar til privat teneste, dette var det ikkje budsjetttert til. Tenesta var avslutta i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	42 857	38 604	45 358	45 345
Refusjon lønn	-1 694	0	-2 425	-2 425
Sum Lønn	41 163	38 604	42 933	42 920
Drift	1 125	288	588	1 089
Kjøp av produksjon	3 255	2 319	4 843	7 994
Overføringer	148	0	154	154
Finansutgifter	10	0	0	0
Sum Utgifter	4 538	2 607	5 585	9 236
Refusjoner	-849	-1 235	-339	-719
Overføringer	-11	0	0	0
Finansinntekter	0	0	0	-18
Sum Inntekter	-859	-1 235	-339	-736
Netto resultat	44 841	39 977	48 180	51 420

Nav

Om oss

Leiar; Alexander Måseidvåg

NAV leverer arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester til innbyggjarane i kommunane Hareid, Ulstein og Sande. Dette inkluderer IPS og Arbeid med støtte. IPS er organisert i NAV Hareid-Ulstein-Sande og yter også tenester i Herøy og Vanylven i samarbeid med NAV Herøy-Vanylven.

Oppsummering av året

Overordna mål

Nav-kontoret arbeider for å betre levekåra til vanskelegstilte gjennom å auke arbeidsdeltaking, inkludering og levere gode og forsvarlege tenester etter sosialtenestelova.

Utvalde resultat

Nav-kontoret har god måloppnåing på dei arbeidsretta indiktorane. Her leverer Nav-kontoret heilt i toppsjiktet i fylket. Mange har fått bistand til å kome seg i arbeid. Utbetalingane på sosialhjelp er

framleis stabilt høge i Ulstein kommune, og vart på 20,2 millionar som er 0,9 millionar meir enn i 2023. Det store mottaket av flyktningar frå Ukraina er årsaka til dette.

Viktige hendingar

I 2024 kom det opp eit ønske blant kommunane Hareid, Ulstein, Sande, Herøy og Vanylven om å greie ut moglegheitene for å etablere eit nytt felles nav-kontor i dei 5 kommunane. Det vart oppretta styringsgruppe og utarbeidd eit saksframlegg for behandling i kommunestyra. Det vart vedteke å opprette Nav ytre Søre Sunnmøre frå 01.01.25 med Hareid som vertskommune for samarbeidet. Dette var eit omfattande arbeid som dei tilsette i både Nav Hareid-Ulstein-Sande og Nav Herøy-Vanylven aktivt deltok i.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	23 126	24 116	21 083	24 105	-11	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Samla sett viser rekneskapen eit minimalt avvik, men stabilt høge utgifter til økonomisk sosialhjelp, som er knytt til mottak og busetjing av flyktningar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Drift	8	0	0	7
Kjøp av produksjon	22 933	21 133	24 155	23 974
Overføringer	2	11	1	48
Finansutgifter	239	170	170	125
Sum Utgifter	23 182	21 313	24 326	24 154
Refusjoner	-2	-161	-151	-1
Finansinntekter	-53	-70	-70	-37
Sum inntekter	-55	-231	-221	-38
Netto resultat	23 126	21 083	24 105	24 116

Barnevern

Om oss

Leiar; Aina Øyehaug Opsvik

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. Frå 01.01.23 kom Vanylven kommune inn i samarbeidet.

Tenesta er organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane ei barnevernssak. Seksjonane har faste møte ein gong i veka, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle fasane og det skal kome tydeleg fram i arbeidet kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Tverrfagleg samarbeid har eit sterkt fokus for tenesta og tilsette tek del i fleire faglege fora i kommunane som er med i samarbeidet.

Seksjon mottak og undersøking

Teamet tek i mot og går gjennom meldingar og gjer undersøkingar.

Seksjon Tiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet.

Seksjon omsorg

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern.

Seksjon familieteam

Familieteamet arbeider direkte med endringstiltak i familiane på oppdrag frå seksjonane i tenesta.

Sjukefråvær

Sjukefråværet samla for 2024 er 13,27 %. Langtidsfråværet utgjer største del av sjukefråværet. Sjukemelde får oppfølging og det vert arbeidd med å legge til rette for den einskilde. Tenesta har fokus på arbeidsmiljø og leiarstøtte. Tilsette har individuell rettleiing med næraste leiar kvar 14.dag og grupperettleiing med ekstern rettleiar. Vi erfarar at eit så høgt sjukefråvær utfordrar oss. Det vert brukt mykje tid på å sikre at barna som vert meldt til oss får rett hjelp til rett tid. Tenesta er oppteken av å hjelpe kvarandre på tvers av seksjonar for å sikre at arbeidet vert gjort. Det har over tid vore eit fokus på stress og stressmeistring i tenesta. Hausten 24 arrangerte vi ein intern faglag med dette temaet. Arbeid med fokus på dette held fram og vi vil mellom anna sjå nærare på debrief og ivaretaking av tilsette i samband med krevjande hendingar.

Oppsummering av året

Barnevernsreforma som vart sett i verk med ny barnevernslov i 2022 har også hatt fokus i 2024. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å i møtekomme kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernslov. Vi samarbeider med dei andre barnevernstenestene i Møre og Romsdal, statsforvaltaren og Bufdir om fleire felles prosjekt i høve kompetansestyrking.

Kommunane som er med i samarbeidet er alle opptekne med å kartlegge og utvikle god tverrfagleg samhandling. Alle kommunane er BTI kommunar. Tenesta er engasjert i dette arbeidet og ser at det er viktig for å sikre at det einaskilde barnet får rett hjelp til rett tid.

Buudir og KS er i ferd med å innføre ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane. Dette fører til at tenestene må anskaffe nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Tenesta har hatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av 13 kommunar i Møre og Romsdal. Dette arbeidet vart slutført i 2024 og tenesta starta opp med nytt fagprogram i november 2024. Overgangen til dette kjem til å halde fram å ha fokus i 2025.

Det er registrert fristbrot i to av 52 avslutta undersøkingar i Ulstein kommune i 2024. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å redusere talet på fristbrot. Vi erfarar at sjukefråvær, nyttilsettingar o.a raskt får konsekvensar for å tilfredsstille krava som er stilt oss.

Det har vore saker i nemnd og rett gjeldande to barn i Ulstein i 2024.

Barnevernsvakt for alle kommunane på Sunnmøre vart etablert desember 2019, med Ålesund som vertskommune. Barnevernsvakta har motteke 295 meldingar som gjeld barn frå våre kommunar i 2024. Frå Ulstein kommune har barnevernsvakta motteke 51 meldingar. Barnevernstenesta er svært nøgd med samarbeidet med barnevernsvakta, og ser at det avlastar og fører til færre akutte saker. Dei tilsette ved barnevernsvakta har god kompetanse på akuttarbeid, og klarer i stor grad å roe ned situasjonar og gi god rettleiing til dei som vender seg til dei.

Alle kommunane i samarbeidet tek i mot auka tal med flyktningar grunna krigen i Ukraina. Barnevernet har fått fleire saker som gjeld barn av busette flyktningar. Naturleg nok er ukrainske barn ein del av biletet. Sakene er til dels krevjande og akutte, og språkbarrieren gjer sakene ekstra utfordrande og tidkrevjande. Vidare er sakene utfordrande barnevernsfagleg, og tenesta har hatt behov for å søke hjelp både hjå konsulat og Buudir si avdeling for utanlandssaker.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	20 742	17 365	18 589	18 589	1 223	6,6 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen syner eit mindreforbruk for 2024. I hovudsak er det knytt til endringar i tiltak. Det kan vere mindre bruk av institusjonsplassering, og andre tiltak som av ulike grunnar anten vert stoppa eller ikkje iverksett.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	1	0	0	0
Sum Lønn	1	0	0	0
Drift	1 227	0	1 339	1 349
Kjøp av produksjon	20 752	18 589	18 589	17 401
Overføringer	294	0	345	345
Sum Utgifter	22 273	18 589	20 273	19 095
Refusjoner	-1 532	0	-1 684	-1 729
Sum Inntekter	-1 532	0	-1 684	-1 729
Netto resultat	20 742	18 589	18 589	17 365

Helsetasjonsteneste

Om oss

Leiar; Kristin Meli

